



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Regional plan for vassregionen Hordaland 2016 – 2021

Høyringsrapport

Etter offentlig høyring av planforslag 2014

Regionalavdelinga, Klima- og naturressursavdelinga
2. mars 2015

Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Tematisk drøfting av innspel	5
A) Planstruktur.....	5
B) Plangrunnlaget.....	5
C) Påverknadar	8
D) Andre endringsforslag.....	10
3. Medverknad	13
4. Samanfating av skriftlege høyringsinnspel – med tilrådingar	17
4.1 Kommunar.....	17
Askøy kommune.....	17
Austrheim kommune.....	18
Bergen kommune	18
Bømlo kommune	20
Eidfjord kommune.....	21
Etne kommune	21
Fitjar kommune.....	22
Fjell kommune	22
Gulen kommune	24
Jondal kommune	24
Kvam herad kommune	25
Lindås kommune	25
Masfjorden kommune	26
Meland kommune	27
Modalen kommune.....	27
Odda kommune.....	28
Radøy kommune	30
Samnanger kommune	31
Stord kommune	31
Sund kommune	32
Ulvik herad kommune.....	32
Vaksdal kommune	32
Vindafjord kommune.....	33
Voss kommune.....	33
4.2 Næringslivsaktørar	34
Alsaker Fjordbruk	34
Bergen og Omland havnevesen	38
Blue Planet AS	38
BKK	40
COWI.....	42
Fiske- og havbruksnæringsens landsforening (FHL).....	44

Haugaland kraft	46
Hordaland bondelag	46
Hordaland Energi Norge	47
Hydro Husnes	48
Marine Harvest	49
NIVA	50
Norges Fiskarlag	53
Norsk Vann	54
Saudefaldene	56
Statkraft	56
Strandebarm-Tørvikbygd bondelag	58
Sunnhordland Kraftlag (SKL)	60
Uni Research LFI	61
Vikøy og Øystese bondelag	62
Voss energi	62
4.3 Organisasjonar	63
Arna sportsfiskarar	63
Bydelsbloggen (Stord)	64
Dale Jakt og Fiskarlag	65
Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland	65
Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Sogn of Fjordane	66
Haukåsvassdragets venner	66
Landsorganisasjonen (LO)	67
Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)	68
NHO	69
Norske Lakselver og Norges Bondelag (NLNB)	71
Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA)	73
Unneland Grendelag	78
Voss naturvernlag	78
ZERO	79
4.4 Statlege sektormyndigheiter	80
Forsvarsbygg	80
Fiskeridirektoratet	80
Fylkesmannen i Hordaland	83
Jernbaneverket (JBV)	84
Kystverket	84
Miljødirektoratet (MD)	85
NVE	94
Statens vegvesen	97
4.5 Privatpersonar	101
Reidar Staalesen	101
5. Adressatar for høyringa	102

1. Innleiing

Fyrste gongs høyring

Regional plan for vassregionen Hordaland 2016-2021 – etter vassforskrifta og plan- og bygningsloven, med Tiltaksprogram og anna tilhøyrande dokumentasjon vart lagt ut for høyring frå 1.juni til 31. desember 2014. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka vert i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Den regionale planen for Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetre tilstanden der det er naudsynt. Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstillt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning, www.vann-nett.no og www.vannportalen.no.

Planen gir regionale og statlege føringar til kommunane, regionale og statlege organ og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom retningslinjene ikkje vert følgt, gir dette grunnlag for å fremme motsegn etter plan- og bygningslova.

Høyringa har vore annonsert på fylkeskommunen sine nettsider. Høyringsinnspel kunne sendast inn skriftleg per brev, e-post eller via elektronisk høyringsskjema på nett. Liste over adressatar for høyringa kan lesast i del 5, heilt sist i rapporten.

Det har kome 68 skriftlege høyringsinnspel til planen i høyringsperioden; frå 24 kommunar samt 20 aktørar frå næringslivet, 14 organisasjonar, 8 statlege sektormyndigheiter og 1 privatperson.

I denne rapporten har Regionalavdelinga i fylkeskommunen gjort ei oppsummering av hovudmomenta i alle høyringsinnspela med planfagleg vurdering av oppfølging (sjå del 4 i rapporten). Innspela er vurdert i høve til om planen bør endrast før endelig vedtak av planen i fylkestinget. Prosjektleiarar for dei ulike vassområda har delteke i vurderinga, saman med Sektormyndigheiter, Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Høyringsinnspela gir i hovudsak tilslutning til miljømål og tiltak i planen, men innspel set også fram ynskje og krav om endring på fleire konkrete punkt. I del 2 i rapporten er det gjort ei overordna drøfting av dei mest gjennomgåande innspela og tilrådde endringar av planen på bakgrunn av høyringa.

Det vart arrangert ope høyringsmøte med presentasjon av planen 3.september 2014.

Dei fullstendige innspela kan lesast i del 4, med alle 68 høyringsinnspela i fulltekst.

Annan gongs høyring

Etter ynskje i frå fleire adressatar vart det fremma at ei ny høyring ville vere av stor nytte og nødvendighet. Den andre høyringsperioden vert frå 19. mai til 20. juli 2015.

Av tidsmessige grunnar vert berre miljømåla, tiltaka og ein omtale av planen i forhold til vasskraft sendt på 2. gongs høyring. Det er her dei største endringane kjem. Handlingsprogrammet vert høyra samstundes. Kost/nyttevurderingane vert òg lagt ved.

2. Tematisk drøfting av innspel

I teksten under drøftast hovudmoment i høyringsinnspela som er motteke med tilhøyrande kommentar/tilråding om eventuelle endringar til planen. Berre dei mest gjennomgåande innspela vert nemnd her. For ei fullstendig oversikt over alle innspel og planendringar – sjå tabellane i del 4.

Teksten er inndelt etter kategoriane A) Planstruktur, B) Plangrunnlaget, C) Påverknadar, og D) Andre endringsforslag.

A) Planstruktur

a.1. Planstrukturen

Nokre meiner at delar av planutkasta ikkje skildrar nytteeffektane av føreslåtte miljøtiltak godt nok. Andre støttar oppunder planen og meiner det er godt tilrettelagt for medverknad.

Miljødirektoratet sakna ei samanfatting av både planskildringa (mengde/tal på/type/gruppe tiltak, samt samla kostnader for desse), dei vesentlege forvaltingsspørsmåla i vassregionen og ei samanfatting av Tiltaksprogrammet. Direktoratet etterlyser òg eit innlegg om korleis vassregionmyndigheita har prioritert tiltaka i Tiltaksprogrammet.

Det vart uttrykt i fleire av fråsegnene at planen mangla eit overordna, heilskapleg klimaperspektiv. Næringslivsaktørar fryktar at planen vil gjere det vanskelegare å oppnå politisk vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg.

Kommentar/tilråding:

Det er viktig å presisere at alle tiltak i planen skal handsamast av aktuell sektormyndigheit/kommune før enkeltvedtak om tiltak gjerast. Sektormyndigheita si sakshandsaming vil avklara og vurdera fordelar og ulemper før endeleg vedtak. Prosjektering og kost/nytte må utgreiast før vedtak.

Hordaland fylkeskommune sin klimaplan handsamar regional klimapolitikk i regionen og vassregionmyndigheita viser til klimaplanen for regional klimapolitikk. Vassregionmyndigheita vurderer det som mogleg og riktig at Noreg oppfyller både EU-krav om vasskvalitet og klimakrav.

Styrka samarbeid og oppgåveforståing er nødvendig i komande planperiode.

Endringar i planen:

Endeleg plan vil gjere det endå tydelegare at alle tiltak i planen skal handsamast av aktuell sektormyndigheit/kommune før enkeltvedtak om tiltak gjerast. Sektormyndigheita si sakshandsaming vil avklara og vurdera fordelar og ulemper før endeleg vedtak. Prosjektering og kost/nytte vil verte utgreia før vedtak.

Endringar vert gjort i planutforminga for å betre tilfredsstilla blant anna ynskje frå Miljødirektoratet.

B) Plangrunnlaget

b.1. Kunnskapsgrunnlaget

Fleire av fråsegnene peika på at kunnskapsgrunnlaget/fakta grunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikkert. Ei betring av dette er ynskjeleg i første planperiode. Det vart påpeika at om ein baserer seg på eit ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ynska effekten i høve kostnadane tiltaket fører med seg. Fleire argumenterte at planen må vere tydelegare på at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for tabellane er varierende og i enkelte tilfelle svak, slik at ikkje planen vert oppfatta som meir kunnskapsbasert enn det den eigentleg er.

Kommentar/tilråding:

I kunnskapsgrunnlaget for *Regional plan for vassregion Hordaland* er det gjennomført ei omfattande kunnskapsinnsamling som er samla i Vann-Nett og gjort tilgjengeleg for alle. Kunnskapsgrunnlaget er bygd på regionalt overvåkingsprogram, karakterisering og klassifisering, regionalt tiltaksprogram, register over verna område, og vesentlege vassforvaltningsspørsmål. Arbeidet med denne regionale planen har auka problemkartlegging og overvaking av vatn i vassregionen. Sett i forhold til planen sitt overordna nivå, vurderer fylkeskommunen det slik at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande til å fatte vedtak i saka.

Forslag til forvaltingsplan og forslag til tiltaksprogram viser eit tydeleg behov for auka kunnskaps- tablering i løpet av plan- og tiltaksperioden. Dette vil krevje betydelege ressursar i forhold til kunnskapsinnsamling (overvaking), tiltaksgjennomføring, sektorprioriteringar og koordinering av arbeidet.

Føre-var prinsippet seier at når det vert fatta eit vedtak utan at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva verknad det kan ha for naturmiljøet, skal ein unngå vesentleg skade på naturmangfaldet. Vi vurderer at planen ikkje gir risiko for vesentleg skade på naturmangfaldet, men tvert i mot at den vil auke naturmangfaldet.

Endringar i planen:

Større vektlegging på problemkartlegging i det vidare arbeidet i andre planfase. Finansiering av problemkartlegginga vert ei viktig oppgåve i planperioden.

b.2. Kost/nyttevurderingar

Fleire av fråsegnene inneheld ynskje om kost/nyttevurderingar, i tråd med føringane frå nasjonale myndigheiter. Her er det fleire merknadar, mellom anna på risiko for å investere i feil tiltak slik at ein ikkje når pålagte miljømål for vassførekomstane på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte. Fleire av kommunane synast det er vanskeleg å ta stilling til dei einstilte tiltaka før kost/nyttevurderingar ligg føre.

Både kommunar og næringslivsaktørar meiner òg at tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen bør fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nyttevurdering av kva som er best for samfunnet totalt sett.

Det vert og retta ynskje om at uavhengig juridisk, naturfagleg og hydrologisk kompetanse nyttast i dette arbeidet med ei grundigare utgreiing om mål og tiltak, økonomiske, samfunnsmessige og klimamessige konsekvensar og kost/nyttevurderingar av miljøgevinst versus produksjonstap, reguleringsvern mm. Det er eit ynskje frå fleire om å utsetje desse tiltaka til neste planperiode 2016 – 2021, kor problemkartlegging og kost/nyttevurderingar bør ha første prioritet. I mellomtida vert det påpeika at ei vidareføring av «Godt økologisk potensial» GØP, som ofte vil tilsvara dagens tilstand eller «Mindre strenge miljømål» (MSM) vil vere naturleg.

Eit av problema som vert løfta fram i fråsegnene er konsekvensane for framtidig kraftproduksjon utan gjennomførte kost/nyttevurderingar. Næringslivsaktørar er bekymra for korleis strengare miljømål og konkretisering vil påverke framtidig kraftproduksjon.

Kommentar/tilråding kostnader:

I dei fleste tilfella har ein ikkje hatt tilstrekkeleg kunnskap om påverknad, miljøtilstand og konkrete tiltak, til å kunne gjere ei reell kostnadsberekning. Det er med andre ord få konkrete tiltak der ein har kunna gjort kostnadsberekningar på noverande tidspunkt. Det vil òg krevje mykje ressursar for å kunne gjennomføre ei kost/nyttevurdering slik det er skildra i rettleiinga for dei over 900 tiltaka.

For dei konkrete tiltaka vil ein finne kostnadsanslag. Det endelege tiltaksprogrammet vil vere noko meir detaljert på kostnader. Mellom anna vil innlegging av alle tiltaka i tiltaksmodulen i Vann-Nett og komande rapportfunksjonar kunne gi ei betre og meir detaljert framstilling.

Den regionale vassforvaltingsplanen er eit oversiktsdokument på regionalt nivå. Alle tiltak går tilbake til sektormyndigheit som har ansvaret for gjennomføringa:

- Vedtak om gjennomføring av tiltaka i tiltaksprogrammet vert gjort av ansvarleg myndigheit etter aktuell lovgjeving. Godkjent regional plan skal inngå i grunnlaget for sektormyndigheita si sakshandsaming.
- Sektormyndigheita si sakshandsaming vil avklara og vurdera fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg vedtak. Den konkrete kost/nyttevurderinga for kvart tiltak vil skje her før endeleg vedtak. Her vil det òg leggast vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagt i regional plan. Sektormyndigheita kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.
- Om det i vidare arbeid vert aktuelt å fråvike den godkjente planen, skal vedkomande myndigheit informere vassregionmyndigheita. Årsaka til avvik frå planen må skildrast ved rapportering av tiltaksgjennomføring og i samband med neste revisjon av planen. Uforholdsmessig stor kostnad i høve til nytte vil her vere ein grunn.

Kommentar/tilråding nytte:

Kostnadsvurdering av tiltak er viktig for å sikra at ressursane vert brukt på ein så effektiv måte som mogleg og at samfunnskostnadane ved å nå miljømåla vert minimert. Men erfaringa viser at det er svært vanskeleg å lage slike reknestykke. For det første er effekten av mange tiltak usikker, for det andre er det svært vanskeleg å berekne kostnader for dei ulike tiltaka. Det er også slik at nokre tiltak er eingongsinvesteringar, medan andre kan vere reduserte årlege inntekter (t.d. avlingstap i jordbruket). Den som er ansvarleg for gjennomføring av tiltak er i utgangspunktet sjølv ansvarleg for å berekne kostnader samt effektar av tiltaka.

Sektormyndigheita si sakshandsaming vil avklara og vurdera fordelar og ulemper før endeleg vedtak. Prosjektering og kost/nytte vert utgreia før vedtak. Ingen tiltak vert gjennomført på bakgrunn av enkeltvedtak etter vassforskrifta direkte, og alle tiltak skal vedtakast i sektormyndigheit/kommune om tiltak vert satt i verk.

Ei anna utfordring i arbeidet er at nokre tiltak rettar seg direkte inn mot den enkelte vassførekomst, medan andre har eit større verknadsområde og difor vanskeleg kan relaterast til kvar enkelt vassførekomst og det konkrete behovet der. Vidare er det slik at eit tiltak i ein vassførekomst har effekt på andre vassførekomstar lenger nede i vassdraget. Det er difor viktig å sjå heilskapen og dei store samanhengane. Av den grunn går ikkje tiltaksanalysane ned på kvar enkelt vassførekomst men listar opp nødvendige tiltak for større område og vassdragssystem. Dette vil i mange tilfelle vere den mest hensiktsmessige måten å gjere det på, ikkje minst fordi nærliggjande vassførekomstar ofte har dei same belastningane og utfordringane, og ein unngår oppramsing av dei same tiltaka for kvar vassførekomst.

Dei fire viktigaste tiltaksgruppene for vassregionen vert omtala samla under:

- Problemkartlegging og overvaking
- Tiltak som reduserer forureiningsbelastning
- Habitatforbeholdende tiltak
- Kalking.

Endringar i planen:

På bakgrunn av fråsegnene og innspela til høyringsrapporten har Fylkeskommunen vald å gjennomføre supplerande kost/nyttevurdering. Kapitelet vert utvida.

C) Påverknadar

c.1. Tiltaksprogrammets påverknad

For ei full oversikt over alle endringsforslaga til tiltaksprogrammet, sjå tabell i del.4.

Nokre uttala at Tiltakstabellen til tider opplevast uoversiktleg fordi nokre vassførekomstar er store og omfattar mange mindre bekkar innan eit område. Fordi same tiltak er føreslått for fleire av bekkane i ein vassførekomst synast planen å vere gjentakande for nokre.

Mange av fråsegnene ynskjer ei betre utgreiing av dei samfunnsøkonomiske konsekvensane for nokre av tiltaka i tiltaksprogrammet før dei kan å ta endeleg stilling til desse. Dette gjeldt særskilt kva konsekvensar eventuelle endringar i konsesjonsvilkåra vil innebere for eldre vasskraftutbyggingar. Det er føreslått at dette burde avklarast ved revisjon av den einskilde konsesjon.

Kraftnæringa er uroa for kva konsekvensar planen og tiltaksprogrammet vil få for framtidig kraftproduksjon og ynskjer difor betre utgreiing om mål, tiltak, økonomiske-, samfunns- og klimamessige konsekvensar.

Kommentar/tilråding:

Vassregionmyndigheita vurderer.

Endringar i planen:

Endeleg plan inneheld oppdaterte figurar med siste datagrunnlag frå Vann-Nett.

c.2. Vilkårsrevisjon

Kraftnæringa meiner at for å fremme forslag om vilkårsrevisjon i vassforvaltinga må det identifiserast tiltak med god samfunnsnytte og desse tiltaka må vere av ein art som krev vilkårsrevisjon for å kunne verte gjennomførte.

NVE meiner at vassregionane bør vere varesomme med tiltak som påverkar kraftproduksjon utover dei vassdraga som gjeve kategori 1.1. i NVE-rapport 49/2013. Prioriteringar regionalt kan avvike frå nasjonale føringar, men bør da grunngjevast særskild.

Kommentar/tilråding:

Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering har vorte gjennomført på oppdrag frå Fylkeskommunen.

Endringar i planen:

Prioriteringa byggjer i stor grad på rapport 49-2013 frå NVE/Miljødirektoratet med nokre endringar. Området får utvida omtale i planen.

c.3. Oppdrettsnæringa

Fleire fråsegner påpeika at konsekvensar av oppdrett, inkl. rømming frå oppdrettsanlegg og lakselus, må inn under den elles heilskaplege vassforvaltninga og inngå i kunnskapsgrunnlaget. Det vert påpeika at forureining/utslepp frå fiskeoppdrett i liten grad er skildra i fleire av planane.

Det er òg eit ynskje om konkrete tiltak for å hindre forureining frå fiskeoppdrettsanlegg i kystområder med utilstrekkeleg vassutskifting og mot spreining av framande fiskeslag bør også inngå i forvaltingsplanen.

Kommentar/tilråding:

Uavklart kunnskapsstatus og manglande koordinering på overordna nivå i forvaltninga har ført til at det i denne planperioden ikkje har vore mogleg å karakterisere påverknaden frå rømt oppdrettsfisk og lakselus. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner likevel at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.

Ingen vesentlege endringar i planen.

c.4. Miljøgifter

Miljødepartementet påpeika at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld miljøgifter er mangelfullt og meiner innsamling av meir kunnskap må prioriterast. Dette underbygger òg behovet for problemkartlegging. Næringslivsaktørar påpeika at datagrunnlag for miljøgifter må betrast og kvalitetssikrast.

Kommentar/tilråding:

Miljøgifter er blant dei største utfordringane i Hordaland og er også den dyraste problemstillinga å rydde opp i. Tiltaksprogrammet har mange tiltak, men det vil vere behov for meir problemkartlegging for mellom anna å kartlegge om det fortsatt er aktive kjelder til ny forureining. Desse kjeldene må stoppas før ein til dømes kan starte tildekking av sediment i sjø. Det er kostnadseffektivt at vi ikkje lagar nye miljøgiftproblem i framtida ved å tillate utslepp av miljøgifter.

Det er kome få innspel til endringar av det planen legg fram om miljøgifter. Hovudutfordringa vert truleg å skaffa finansiering av tiltaka. Fleire av vassførekomstane i sjø får utsett frist sidan det er naudsynt med meir kunnskapsinnsamling. Tiltaka er ofte dyre og ein treng eit særst godt kunnskapsgrunnlag for å gjere gode val.

Ingen vesentlege endringar i planen.

c.5. Landbruk

Fleire kommunar, Fylkesmannen og Miljødepartementet påpeika at tiltak i landbruket er naudsynt og burde vore med i planen.

Miljødirektoratet meiner at sidan planen framhevar utslepp av nærings salt frå landbruk og avlaup som ein av hovudårsakene til redusert vasskvalitet i ei rekke av vassførekomstane, må tiltak for desse førekomstane vere med i Tiltaksprogrammet. Direktoratet føreslår og at tiltak mot avrenning vert sett inn i Tiltaksprogrammet. Direktoratet meiner det er behov for å etterleve det eksisterande lover og bruke resterande verkemiddel for å betre jordbrukets påverknad på vassførekomstane. Departementet meiner vidare at det er behov for å stille strengare krav til lagring av husdyrgjødsel, auke lagerkapasiteten og vurdere om spreietidspunktet skal endrast.

Kommentar/tilråding:

Landbruk er med i tiltaksprogrammet fleire stader og tiltak mot landbruksforureining er føreslått fleire stader. Særleg informasjonstiltak og gjødsleplanlegging.

Ingen vesentlege endringar i planen.

D) Andre endringsforslag

d.1. Overvakingsprogram

Austrheim- og Masfjorden kommune peikar på behovet for eit statleg overvakingsprogram for Fensfjorden og dei ynskjer at dette kjem med i plandokumentet.

Kommentar/tilråding:

Det arbeidast no med eit regionalt overvakingsprogram for Fensfjorden. Dette arbeidet kjem truleg i gang med feltarbeidet alt i 2015.

Overvakingsprogrammet er ei skisse og må detaljerast før anbod.

Endringar i planen:

Overvakingsprogrammet vert oppdatert med mindre justeringar og oppdateringar.

d.2. Karakterisering

Ei rekke karakteriseringsforslag har kome med i fråsegnene. Det vart påpeika at kunnskapsgrunnlaget er basert på anslegne verdiar og ikkje forskning. Dermed rår det stor usikkerheit ved karakteriseringsgrunnlaget. Særleg problemkartlegging vart løfta fram her. Andre meir konkrete fråsegner gjekk på inndelinga av vassførekomstar, endringar til namn/id av vassførekomstar, vassførekomstar som feilaktig er tekne med/ikkje tekne med i karakteriseringsarbeidet, endringar til verna områder, nye konsesjonsbehandingar, krav til minstevassføring, og forslag om at overvakingsdata skal liggje til grunn for karakteriseringa. Det var òg innvendingar mot at rømt fisk og lakselusproblematikken ikkje bør vere med i karakteriseringa fordi arbeidet med kriteria er satt på vent. For ei oversikt over alle karakteriseringsforslaga, sjå tabellen i del.4.

Kommentar/tilråding:

Alle karakteriseringsforslag er sendt til Fylkesmannen, som er ansvarleg for karakteriseringa. Vurderingar vert gjort av Fylkesmannen fortløypande. Vurderingar kan sjåast i hovudtabellen under.

Vassregion Hordaland har 9 bestandar av elvemuslingar inne på kultiveringsanlegget i Austevoll. Elvemusling er eit kvalitetselement i klassifiseringa og ofte grunnen til at ein vassførekomst ikkje kan oppnå GØT utan at arten har rekruttering.

Endringar i planen:

Vassdraga med elvemusling har fått oppdatert karakterisering og det er sett på tiltak i desse vassdraga. Dette i tråd med dei siste endringane i karakteriseringsrettleiaren. Planen vert oppdatert med ny kunnskap. Alle innspel til karakteriseringa vert handsama og vurdert.

d.3. Miljømål

Fleire fråsegn påpeika at Sterkt Modifiserte Vassførekomstar (SMVF) ikkje er konkretiserte og etterlysa fleire vassførekomstar med «svært god økologisk tilstand». Det vart påpeika at vassforskrifta ikkje gir grunnlag for miljømål i høve omsyn til landskap, friluftsliv eller andre brukarinteresser. Vassforskrifta tek berre omsyn til miljøtilstanden i sjølve vassførekomsten. Det var derimot etterspurnad etter miljømål for rømt oppdrettslaks.

Miljødirektoratet etterlyser ei oversikt over talet på vassførekomstar som har ulike miljømål, saman med ulike former for unntak. Ei oversikt over vassførekomstar med svært god tilstand vil vere hensiktsmessig.

Generelle fråsegn peikar på ei konkretisering av miljømåla, inkludert miljømål for verna område. Det vart føreslått at miljømål bør setjast per vassførekomst og ikkje per tiltak. Vidare var det usemje til at tiltak har vorte føreslått utan fastsette miljømål.

Fleire var usamde i at magasinreguleringa for enkelte vassførekomstar skal reduserast. Fleire uttrykka eit ynskje om utsett frist, grunna m.a. kunnskapsnivået. Vidare vart det påpeika at miljømåla bør baserast på kost/nyttevurderingar.

Kommentar/tilråding:

Tydeleggjering av miljømål er lagt inn i planen.

Fylkeskommunen meiner det er ambisiøst nok å følgje vassforskrifta sine standard miljømål. Det er difor ikkje prioritert arbeid med å auke økologisk tilstand frå god til svært god i denne planperioden.

Endringar i planen:

Miljømål vert konkretisert for vassførekomstane som er sterkt modifisert. Dette kjem på avgrensa ny høyring.

d.4. Auka statleg kostnadsstønad

Det var eit gjennomgåande ynskje om auka statleg kostnadsstønad for iverksetjinga av tiltak. Fleire innspel peika på statens ansvar for finansiering og oppfølging av tiltak, særleg innan nasjonale laksevasdrag og nasjonale laksefjordar.

Kommentar/tilråding:

Dette er allereie inkludert i planen kor ein fremjar «behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre iverksetjinga av direktivet i vassforvaltinga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innafør ulike sektorområde» (s.165). I planen har særleg miljøgifter og landbruket vorte vektlagt (8.1 «Auka midlar og heimel for opprydding av forureina område» og 8.2 «Verkemidlar i landbruket»).

Endringar i planen:

Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla. Overskrift til 8.2 vert endra til «Auka midlar til verkemidlar i landbruket».

d.5. Utsett frist

Kommunestyret i Meland kommune har bede om at frist for gjennomføring vert utsett til 2027 for alle tiltaka som inngår i *Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021*.

Vidare meiner NIVA at det verkar urealistisk at ingen vassførekomstar er oppført med utsett frist (etter 2021) for å nå miljømåla. NIVA går ut ifrå at dette bilete vil nyanserast atskillig i løpet av planperioden.

Miljødirektoratet har meldt inn at det er behov for utsett frist til 2027 for opprydding i forureina sjøbotn i følgjande 11 vassførekomstar: Hissfjorden, Samlafjorden, Eidfjorden, Simdalsfjorden, Osafjorden, Ulvikfjorden, Granvinfjorden, Sørfjorden indre, Sørfjorden ytre, Florvågen og Byfjorden indre del.

Kommentar/tilråding:

Vassregionmyndigheita meiner det er viktig at kommunane settast i stand til å kunne følgje forpliktingane etter vassforskriftas krav om å nå miljømåla. Prosjektleiari i Nordhordland vassområde er i dialog med Meland kommune angående ynskje om utsett frist. Miljømål skal i utgangspunktet nås innan 6 år etter at første forvaltingsplan har trått i kraft (vassforskrifta §8). Etter vassforskrifta §9 kan frist for å nå miljømåla forlengast med inntil 12 år for ein stegvis målsetjing, så langt det ikkje fører kjem ytterlegare forverring av tilstanden i den aktuelle vassførekomsten og minst eitt av følgjande forhold gjer seg gjeldande:

- a) forbetringane kan av tekniske årsaker ikkje gjennomførast innan fristen,
- b) det ville vere uhøveleg kostnadskreivjande å gjennomføre forbetringa innan fristen, eller
- c) det føreligg slike naturforhold at ein forbetring av vassførekomsten innan fristen ikkje lar seg gjennomføre.

Vassregionmyndigheita er i dialog med Miljødirektoratet for å avklara behov og heimel for utsetting av frist. Alle vassdrag der det er føreslått revisjon av konsesjonsvilkår vert det utsett frist til 2027, som allereie nemnd i første høyringsutgåve.

Grunna komplekst og tidkrevjande arbeid har Vindafjord kommune fått utstedt utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» i Ølsfjorden.

Endringar i planen:

Om Meland kommune får utsett frist for å oppnå God økologisk Tilstand er under vurdering. Prosjektleiari og vassregionmyndigheiter er i dialog med kommunen.

Miljødirektoratet får utsett frist: Alle vassdrag der det er føreslått revisjon av konsesjonsvilkår vert det utsett frist til 2027.

Vindafjord kommune har fått utsett frist grunna komplekst og tidkrevjande arbeid.

3. Medverknad

Gjennomføring av planarbeidet følgjer både plan- og bygningslova (§§5-1 og 5-2), miljøinformasjonslova (§§8 og 10) og vassforskrifta (§§22, 27 og 28) sine krav til høyring, rett til informasjon og medverknad.

Private og allmenne interesser, samt rettshavarar har hatt moglegheit til å medverke ved å:

- delta på informasjonsmøter i vassområda/ vassregionen
- ta direkte kontakt med kontaktpersoner hos vassregionmyndigheita, fylkeskommunen, vassområda, sektormyndigheit og kommunane
- gi skriftleg innspel i samanheng med dei tre høyringsrundane til vassregionsmyndigheita.

Vassregionen er stor med mange involverte aktørar. Den viktigaste arenaen for medverknad har difor vert på vassområdenivå, medan det på regionalt nivå som oftast har bestått av å få informasjon. Informasjon om kontaktpersonar hos vassregionmyndigheita, fylkeskommune og i vassområda har vore tilgjengeleg på vassregionen sin heimeside på www.vannportalen.no/hordaland.

I tråd med vassforskrifta §28 er det gjennomført to offentlege høyringar i forkant av høyringa av forslag til regional vassforvaltingsplan. Høyringar har vore kunngjort i aviser i hele vassregionen og på vassregionen sin heimeside på www.vannportalen.no/hordaland. Arbeidet har òg hatt ei Facebook-side og Twitterkonto.

Ved høyringa av vassregionens vesentlege vassforvaltingsspørsmål valte vassregionsmyndigheita å leggje grunnlagsdokumenta frå vassområda (vassområdas vesentlege vassforvaltingsspørsmål) ut som ein del av den offentlege høyringa. Alle høyringsdokumenter, innkomne høyringsuttale og høyringsrapporter kan sjåast på www.vannportalen.no/hordaland.

Oversikt over møte i samband med den regionale planen følgjer under.

Gruppe	Møtedetaljer (hovudsaker)	Møtedato	Vassområde
Sveio kommune + Haugesund kommune	Dialog + synfaring	20.02.2013	Sunnhordland
Bømlo kommune	Dialog + synfaring	15.03.2013	Sunnhordland
Kvinnherad kommune	Dialog + synfaring	16.04.2013	Sunnhordland
Regulantar, NVE og Kvinnherad kommune	Sterkt modifiserte vassførekomsttar	17.03.2013	Sunnhordland
Regulantar, Etne kommune	Sterkt modifiserte vassførekomsttar	18.03.2013	Sunnhordland
Vindafjord kommune + FMRO	Ølsfjorden	21.05.2013	Sunnhordland
Vassområdeutvalet	Tiltaksanalysen	23.05.2013	Sunnhordland
Kvinnherad kommune	Tiltakstabell	03.07.2013	Sunnhordland
Kommunane Stord og Fitjar	Tiltakstabell	20.09.2013	Sunnhordland
Vassområdeutvalet	Tiltaksanalysen	24.09.2013	Sunnhordland
Vassområdeutvalet	Tiltaksanalysen	26.11.2013	Sunnhordland
Kommunane Stord	Tiltaksanalysen	06.12.2013	Sunnhordland

og Fitjar			
VOU	Møte ang. Vesentlege vassforvaltningsspørsmål og arbeidet framover	01.10.2012	Vest
Fusa kommune - kontaktperson	Ny kontaktperson. Informasjon om vassforskriftarbeidet + synfaring	08.11.2012	Vest
RG+ andre interessentar	Folkemøte i Bergen ifm. høyringa av Vesentlege vassforvaltningsspørsmål	13.12.2012	Vest
RG + andre interessentar	Folkemøte i Fusa ifm. høyringa av Vesentlege vassforvaltningsspørsmål	04.12.2012	Vest
VOU	Oppstartsmøte i vassområdet 2013. Samanfating av 2013 og plan for arbeidet våren 2013.	23.01.2013	Vest
Bergen kommune + FMHO	Karakterisering/tilstandsvurdering av vassførekomstar	28.02.13, 05.03.13, 07.03.13	Vest
NVE, SKL-produksjon, BKK, Bergen kommune – VA, FMHO	Avklaring av SMVF i Vest	07.05.2013	Vest
Bergen kommune – VA	Ansvarsavklaring for påverkningar i Bergen	06.06.2013	Vest
RG, VOU, og andre interesserte. Samarbeid med NGI/ARCH-prosjektet.	«Innvolveringsmøte» over 3 dagar med innlegg, idémyldring og gruppearbeid. Tok for oss tema;	10.06.13, 11.06.13, 17.06.13	Vest
	1: Dagens tilstand		Vest
	2: Ynskjer og mål for framtida		Vest
	3: Tiltak for å oppnå måla		Vest
VOU	Møte i vassområdet ang. forventningar til kommunar og sektormyndigheiter, ansvarsavklaring for tiltak, gjennomgang av tiltakstabell som skal fylles ut.	12.06.2013	Vest
Sund kommune – kontaktperson	Ny kontaktperson i Sund. Gjennomgang av tiltakstabell og litt info om vassområde Vest	02.07.2013	Vest
Bergen kommune – VA	Felles gjennomgang av Bergen kommune (Grøn etat og VA) sine vassførekomstar – tiltakstabell	16.07.2013	Vest
Fjell kommune – kontaktperson	Gjennomgang av vassførekomstar i Fjell kommune for ny inndeling.	22.08.2013	Vest
VOU + RG	Tiltaksanalysen er tema for dagen. Gjennomgang av tiltaka med moglegheit for innspel og diskusjon.	25.09.2013	Vest
Bergen kommune - Landbruksetaten	Gjennomgang av vassførekomstar landbrukspåverknad i Bergen kommune for innspel til tiltak	20.11.2013	Vest
Sund kommune – kontaktperson	Felles gjennomgang av vassførekomstane i Sund for å komme frem til mogleg tiltak	25.11.2013	Vest

FM, HFK, Vassområde NH	Statoil Mongstad + synfaring	08.01.2013	Nordhordland
Klif, Lindås/Austrheim og Gulen kommune	Innlegg på møte om søknad frå Norsk Gjenvinning	23.01.2013	Nordhordland
BKK, FM, HFK	Avklaring SMVF	07.05.2013	Nordhordland
Vassområdeutvalet	Tiltaksanalysen	30.05.2013	Nordhordland
Meland kommune	Tiltakstabell	10.06.2013	Nordhordland
Radøy kommune	Tiltakstabell	17.06.2013	Nordhordland
Vassområdeutvalet	Tiltaksanalysen	24.10.2013	Nordhordland
Seminar avlaup		30.10.2013	Nordhordland
Lindås kommune	Tiltakstabell	05.11.2013	Nordhordland
Vassområdeutvalet + referansegruppe	Tiltaksanalysen	13.12.2013	Nordhordland
Vassområdeutvalet med dei faste sektormynda	Gjennomgang, diskusjon tiltak	Dale 15.5 -2013 og 14.11.2013	Voss-Osterfjorden
			Voss-Osterfjorden
		Planlagt nytt møte1.4.2014.	Voss-Osterfjorden
Kraftregulanten BKK	Gjennomgang, diskusjon tiltak	Dale nov. 2013	Voss-Osterfjorden
			Voss-Osterfjorden
		Feb.-mars 2014	Voss-Osterfjorden
NVE + lokal styringsgruppe for elveforbygginga i Daleelva etter flaumen i 2005.	Gjennomgang av biotopiltak i	Dale, nov/des. 2013	Voss-Osterfjorden
	Daleelva for anadrom fisk.		Voss-Osterfjorden
Landbruksavd. hos fylkesmannen, kommunane + bondelaget	Tiltak i landbruket	Dale nov. 2013	Voss-Osterfjorden
Kurs i regi av vassområda	Tiltak med spreidde avlaup i	Bergen-fylkesbygget,	Voss-Osterfjorden
Voss-Ost. Og Nordhordland. 35 deltakarar frå kommunar i Hordaland	kommunane	30.okt.13	Voss-Osterfjorden
Telefonmøte med NVE, fylkesmann, BKK, kommunane, fylkeskommunen	Gjennomgang, diskusjon tiltak	Hausten 2013, jan.-mars.2014	Voss-Osterfjorden
Vassområdeutvalet	Oppstartsmøte i Odda	02.11.2011	Hardanger

Eidfjord kommune, Ulvik kommune, Fylkesmannen	Møte i Eidfjord om registrering av påverknader	15.03.2012	Hardanger
Ullensvang kommune, Odda kommune, Fylkesmannen	Møte i Odda om registrering av påverknader	21.03.2012	Hardanger
Kvam kommune, Jondal kommune, Granvin kommune, Fylkesmannen	Møte i Norheimsund om registrering av påverknader	22.03.2012	Hardanger
Vassområdeutvalet	Møte om vesentlege vassforvaltningsspørsmål	07.11.2012	Hardanger
Offentleg opent høyringsmøte	Vesentlege vassforvaltningsspørsmål	07.12.2012	Hardanger
Odda kommunestyre	Uttale om vesentlege vassforvaltningsspørsmål	12.12.2012	Hardanger
Regulantar, NVE og kommunar	Møte om sterkt modifiserte vassførekomstar	12.06.2013	Hardanger
Boliden AS	Møte og synfaring på bedrifta/ tiltaksanalyse	04.11.2013	Hardanger
50 deltakare frå kommune, sektormyndigheiter og frivillige organisasjonar	Tiltakskonferanse Bergen	November 2013	Vassregionen
Konferanse om tiltak i vassdrag med vasskraft	Konferanse Bergen	03.09.14	Vassregionen
Folkemøte	Høyringskonferanse	02.12.14	Vest
Folkemøte	Høyringskonferanse	11.12.14	Hardanger
Folkemøte	Høyringskonferanse	26.11.14	Sunnhordland
Folkemøte	Høyringskonferanse	29.11.14	Voss-Osterfjorden
Folkemøte	Høyringskonferanse	27.11.14	Nordhordland

4. Samanfating av skriftlege høyringsinnspel – med tilrådingar

24 kommunar, 20 aktørar frå næringslivet, 14 organisasjonar, 8 statlege sektormyndigheit og 1 privatperson har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden. Innspela er i dei kommunale tilfella gitt i form av politiske vedtak med tilhøyrande saksutgreiing. Alle vedtakspunkta er kome med i tabellane under. Der innspel er for utfyllande er link til fullstendig dokumentasjon lagt ved. Dette på grunn av at fleire endringsforslag er så detaljerte og så omfattande at dei vart uoversiktlige i ein slik tabell. Dei er sjølvsaugt tekne med i vurderinga. Dette gjeld konkretisering av tiltak i Tiltaksprogrammet og karakteriseringsendingar frå BKK, COWI, Haugaland Kraft, Statkraft og Miljødirektoratet.

Der forslaga har ført til endringar i planutkastet, vil dette stå i tredje kolonne under **Merknad/oppfølging**, slik at ein lett skal kunne sjå kva forslag som har ført til endring. Kven som tek avgjerda om endring vil òg stå her. Om ikkje anna er spesifisert er det Fylkeskommunen som er vedtakshavar.

I siste rad i tabellane, kalla **Tilråding**, vil det enten stå «Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen»; eller «Innspelet er notert, og fører til endringar i planen». Her vil det òg vere spesifisert kor eventuelle endringar har funne stad, t.d. i Tiltakstabellen, Miljømål eller Karakterisering.

4.1 Kommunar

Askøy kommune

Fråsegn ved: Utval for teknikk og miljø, 04.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Askøy kommune vil framheva behovet for å auke dei økonomiske ressursane frå statleg hald for å sikre iverksetjinga av direktivet.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Karakterisering	<p>Bekkar i nedslagsfeltet til Ingersvatnet, Kleppevatnet og Oksnesvatnet drikkevasskjelder må takast ut som eigne vassførekomstar.</p> <p>“059-2-R Askevatnet og Hopsvatnet sidebekkar” bør delast inn i to vassførekomstar, på grunn av at Askevatnet er avset i kommuneplanens arealdel til framtidig drikkevasskjelde, og må difor vere ein eigen vassførekomst.</p> <p>Utsleppsproblem i “059-29-R Bekkar Søndre Askøy” frå offentleg reinseanlegg 2000 må rettast då alle offentlege reinseanlegg i Askøy kommune har utslepp til sjø.</p> <p>Askøy kommune ynskjer å ha dialog med Fylkesmannen for å dele opp vassførekomsten “bekkefelt” i mindre førekomstar, særleg i sørlege del av Askøy.</p>	<p>Fylkesmannen vil samarbeide med Askøy kommune angående oppdeling av 059-29-R Bekkar Søndre Askøy.</p> <p>Fylkesmannen vil vurderer å gjere Askevatnet om til eigen vassførekomst, i samarbeid med kommunen.</p> <p>Fylkesmannen vil vurderer å dele opp Bekkar Søndre Askøy (i risiko). Endring i Vann-Nett. Fylkesmannen justerer Vann-Nett i tråd med innspelet.</p>

	<p>Askøy kommune føreslår at vassførekomst "0261030203-C Davangsvågen" endrast til "Trættosen – Davangervågen".</p> <p>Askøy kommune ber om at vassførekomst "059-9-R Pøyleelva" vert ført inn på lista over vassførekomstar i risiko.</p> <p>Askøy kommune ber om at vassførekomst "0261010800-6-C Skiftesvik" endrast frå god til svært dårleg tilstand i kartet.</p> <p>Kommunen ber om ei utgreiing på kvifor Byfjorden står oppført med nr. 0261010800-9-C på Vann-Nett, medan det i planen er oppgjeve nr. 0261010800-1-C.</p>	<p>Endring i Vann-Nett. Fylkesmannen justerer Vann-Nett i tråd med innspelet.</p> <p>Endring i tilstand. Takast til følgje og rettast opp i Høyringsrapport og Vann-Nett etter nærare samtale om påverkningar som gir risiko.</p> <p>Endring i Vann-Nett. Vassførekomsten har «svært dårleg» tilstand i Vann-Nett, men fargen viser «god tilstand». Dette er retta opp.</p> <p>Endring i Vann-Nett. Følgjefeil. Byfjorden hadde tidlegare ID nr. 0261010800-1-C. Etter at Skiftesvik og Florvågen vart skilt ut, fikk den ID nr. 0261010800-9-C. Rattast opp i dokument/tabell.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (Vann-nett).	

Austrheim kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Overvåkingsprogram	Austrheim kommune meiner at det må kome på plass eit nasjonalt overvåkingsprogram knytt til miljøet og utsleppa i Fensfjorden. Dette må inn i den regionale planen og i overvåkingsprogrammet.	Det er overvåkingsprogrammet etter vassforskrifta som frametter skal dekke trongen for overvaking i Fensfjorden. I dette programmet vil Staten bidra med midlar til basisovervaking og problemkartlegging. Tiltaksovervaking skal betalast av forureinar. Bedrifter med utlepp til fjorden vil få pålegg om overvaking. Etter planen vil overvakinga i Fensfjorden verte ein del av marint overvåkingsprogram for vassområde Nordhordland. Det er ei skisse av programmet som har vært på høyring. Det er ikkje klart når heile programmet vil være i drift.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Bergen kommune

Fråsegn ved: Byrådet, 18.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Grøn etat har stått for intern høyring av <i>Regional plan for vassregion Hordaland</i> i Bergen kommune. Av dei 11 partane som vart inviterte til å gi høyringsfråsegn, har berre Vann- og avlaupsetaten kome med tilbakemelding. VA-etaten har kommentert alle delane av planen. I tillegg har Grøn etat gitt nokre kommentarar til sjølve tiltaksprogrammet.	
Utfordringar	Tveitavatnet ved Sletten har svært forureina botnsediment. Forureininga kjem frå eit kommunalt avfallsdeponi på Slettebakken. Her må avrenninga frå deponi-	Til orientering.

	<p>et stoppast før ein eventuelt kan gjere tiltak i sjølve vatnet.</p> <p>Lille Lungegårdsvannet i hjartet av Bergen sentrum har i lang tid vore prega av oksygenfattig vatn med høgt næringsinnhald og stor algevekst vår og sommar. I periodar med mykje nedbør vil overvatn føre med seg forureining og næringsstoff frå nærliggjande områder som dermed forverrar vasskvaliteten. Fleire avbøtande tiltak er prøvd ut i løpet av åra utan å ha hatt noko varig effekt.</p> <p>Mange bekkar rundt Nordåsvatnet og Grimstad er kanalisert, lagt i røyr eller bygd igjen. Bekkane tilførast ofte ein del avrenning frå kloakk. Omfattande bygging og vegsystem i området gjer det vanskeleg å gjennomføre tiltak.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Til orientering.</p>
Vass- og avlaupsetaten Generelt	<p>I Vass- og avlaupsetaten sluttar ein seg til viktigheita av heilskaplege planar for regionen, og Bergen kommune ynskjer å bidra til å gi vassforvaltingsplanen for Hordaland nødvendig kvalitet.</p> <p>Det er for liten pålitelegheit i kunnskapsgrunnlaget for økologisk tilstand. Eit for dårleg kunnskapsgrunnlag kan føre til risiko for investeringar i feil tiltak slik at ein ikkje når miljømåla for vassførekomstane på ein kostnadseffektiv måte.</p> <p>V&A meiner ein bør ta i bruk eksisterande data om økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstar, sjølv om desse ligg noko tilbake i tid, slik at ikkje kunnskapsgrunnlaget vert basert på anslag.</p> <p>Vass- og avlaupsgebyr skal berre finansiera nødvendige kostnadar knytt til verksemd. Dersom Vassforskrifta set andre krav enn forureiningsforskrifta, kan ein ikkje utan vidare bruke kommunenes VA-gebyrmidlar til dette.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Tiltaka i Tiltaksprogrammet skal vurderast av aktuell myndigheit med tanke på kost/nytte før dei gjennomførast.</p> <p>Kjent informasjon.</p>
Auka statleg kostnadsstønad	<p>Ynskjer tilstrekkelege ressursar både på statleg nivå, vassregionnivå, vassområdenivå og i kommunane for å sikre ein mest mogleg hensiktsmessig og kostnadseffektiv gjennomføring av arbeidet etter Vassforskrifta.</p>	<p>Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.</p>
Karakterisering	<p>Vassførekomsten «Byfjorden indre del» bør verte utpeika som SMVF. Bergen hamn er og skal vere ein travel trafikkhamn og det tenkjast at framtidig bruk av hamna i store trekk vil vere som i dag. Fastsettinga av miljømål må difor ta omsyn til dei behov som brukarane av hamna har.</p>	<p>Ikkje teke til følgje. Utfordringa i indre hamn er knytt til miljøgifter. Her er krava like strenge for SMVF. Vassregionmyndigheita meiner at Byfjorden indre del kan oppnå god økologisk status på tross av dei fysiske hamneanlegga. Utfordringa er å få rydde opp i forureining i området.</p>
Tiltak	<p>Det manglar kost/nyttevurdering ved dei</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar.</p>

	framlagte planane. Dette utgjer ein risiko for investeringar i feil tiltak slik at ein ikkje når pålagte miljømål for vassførekomstane på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte.	Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Overvakingsprogrammet	Det er forskjellig krav til overvaking etter Forureiningsforskrifta og Vassforskrifta. Det bør jobbast fram ein felles overvaksingsveileiar som varetek krav både i Forureiningsforskrifta og Vassforskrifta.	Arbeidast med i Miljødirektoratet.
Grøn etat Miljømål	Standard miljømål for ein vassførekomst varierer i nokre tilfelle for ulike tiltak som er foreslått. Miljømål (altså: god tilstand innan 2021, 2027 eller 2033) settast per vassførekomst, ikkje per tiltak.	Endring i Miljømål. Takast til følgje.
Tiltaksprogrammet	Nokre vassførekomstar er store og omfattar mange mindre bekkar innan eit område. Det fører til at Tiltakstabellen i nokre tilfelle er uoversiktleg og synast å vere gjentakande fordi same tiltak er foreslått for fleire av bekkane i ein vassførekomst. Dette bør ein vere obs på når ein brukar Tiltaksprogrammet. Dei tiltaka som allereie er gjennomført eller starta kan takast ut av planen, slik som tiltak mot oksygenfritt botnvatn i Aspeltunvassdraget og bekken som igjen er opna i Søvikatjørnet.	Stort sett einige. Gjennomgang av formuleringar i Tiltaksprogrammet. Endring i Tiltaksprogrammet. Takast til følgje og fjernast frå planen.
Byrådsavdeling for finans, eigedom og eigarskap (BFEE)	Byrådsavdelinga viser til eit innspel frå BKK, og som selskapet sendte eigarkommunane i oktober 2014. BFEE sluttar seg fullt til merknadane frå BKK, og vil påpeike viktigheita av kost/nyttevurderingar, særleg med tanke på den politiske satsinga på fornybar energi, gitt at planen forventas å få konsekvensar for kraftproduksjonen.	Takast til orientering.
BKK	Notatet frå BKK viser til behovet for at planen ikkje berre må sikra eit heilskapleg vern av vassførekomstane, men òg ein berekraftig bruk av desse. BKK fryktar at planforslaget vil gjere det vanskelegare å oppnå politisk vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg.	Takast til orientering.
Tilråding:	Innspelet har ført til endringar (kap.8, Tiltaksprogrammet og Miljømål).	

Bømlo kommune

Fråsegn ved: Formannskapet, 18.11.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Bømlo kommune har ingen merknader til verken regional plan for vassregion Hordaland eller overvakingsprogrammet.	Ok.
Tiltaksprogram	Bømlo kommune føreslår eit nytt tiltak for Storavatnet, vassførekomst 043-2224-L: Intensivering av arbeidet med å få private	Endring i Tiltaksprogrammet. Takast til følgje.

	eigedomar som har moglegheit til å kople seg til offentleg avlaup, til å gjere dette.	
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (Tiltaksprogrammet).	

Eidfjord kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 15.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Vassforvaltingsarbeidet er ressurskrevjande og bør speglast med høvelege statstilskot til iverksetjing av vassdirektivet og gjennomføring av aktuelle tiltak i alle sektorar.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Miljømål	Eidfjord kommune ser behov for å starta arbeidet med vilkårsrevisjon og ynskjer oppfølging av dei konkrete tiltaka. Kommunen er ikkje samd i tilrådinga om å redusera magasinreguleringa for Rembesdalsvatnet til 2m.	Det er føreslått magasinrestriksjonar i tråd med NVE Rapport 49 2013, men planen tek ikkje stilling til kor store magasinrestriksjonane bør vere. NVE må utgreie saka nærare.
Tiltaksplan	Det er uheldig at tiltaksplanen vert lagt fram utan kost/nyttevurderingar. Kommunen kan ikkje ta stilling til dei einiskilde tiltaka før kost/nyttevurderingar ligg føre. Problemkartlegging og kost/nyttevurderingar bør ha førsteprioritet som tiltak i planperioden 2016 – 2021.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap.8 og kost/nyttevurdering).	

Etne kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 16.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Faktagrunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikkert og må betrast i første planperiode. Det må frå statleg og fylkeskommunalt hald lagast planar for nasjonale og regionale informasjonstiltak og kampanjar i samband med oppfølging av direktivet.	Vidare prosess og oppfølging vil forhåpentlegvis klargjere ein del. Til orientering.
Auka statleg kostnadsstønad	Etne kommune vil framheva behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre iverksetjinga og gjennomføringa av aktuelle tiltak innafor ulike sektorområde. Statleg nivå må ta eit særskilt ansvar for finansiering og oppfølging av tiltak innan nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar, som t.d. Etnevassdraget og Etnefjorden.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Miljøtiltak og landbrukssektoren	Hovudfokus i <i>Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021</i> må ligge på skildring av aktuelle miljøtiltak innan ulike sektorområde; for Etne kommune er landbrukssektoren særskilt viktig. Samarbeid med involverte partar og organisasjonar er viktig.	I denne perioden legg vi til grunn gjeldane krav i forskrifter.

Tiltaksplan	Etne kommune meiner at vurderingane av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål er usikre og må reviderast på eit betre kunnskapsgrunnlag.	
Tilråding:	Innspelet har ført til endringar i kap.8.	

Fitjar kommune

Fråsegn ved: Utval for plan og miljø, 09.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Fitjar kommune vil understreka trongen for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre innføringa av direktivet i vassforvaltinga, og gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Elvemusling	Fitjar kommune vil arbeida for å ta vare på elvemuslingen i kommunen.	Bra.
Tilråding:	Innspelet har ført til endringar i kap.8.	

Fjell kommune

Fråsegn ved: Komité for finans og forvaltning, 02.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Fjell kommune påpeikar at forvaltingsplanen må tydelegare involvera dei aktørar/sectorar som bidreg med utslepp til vatn, vassdrag og sjø.	
Auka statleg kostnadsstønad	Fjell kommune vil framheva behovet for auka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre innføringa av direktivet i vassforvaltinga og gjennomføring av aktuelle tiltak innan ulike sektorområde.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Utslepp	Svakhet i planen at den i så liten grad tek med det store bilete når det gjeld kva for totalbelastning eksempelvis kystvatn er utsett for. Både akvakultur og større separate utslepp som t.d. utsleppa frå Bergen lufthamn Flesland bør kome fram i plandokumentet. Dette gjeld for både utslepp av næringssalt og miljøgifter. Fjell kommune meiner dette også må følgjast opp i tiltak- og overvakingsprogramma.	Nasjonalt ansvar.
Ureining frå akvakultur	Ureining frå akvakultur er i liten grad målt.	Ureining frå akvakultur har vore ein del av grunnlaget for karakteriseringa. Ganske bra med data på organisk belastning.
Elvemusling	Planen tek med ein mindre bestand av elveperlemusling i Fjell kommune. Elva som renn ut i Apalvågen kjem frå Fjereidevatnet og heile vassdraget er sterkt modifisert etter at vatnet vart demma opp. Vestsidavegen er eit klart vandringshinder for anadrom fisk og har påverka vassføring og vandringshøve for anadrom fisk i elva. Det er reist spør-	

	målsteikn ved bestanden av elveperlemusling i elva (to stk.). Før ein avgjer om desse skal leggjast til grunn for fastsetjing av økologisk tilstand bør ein DNA-analysere individa, for å sjå om dei er overlevande frå ein lokal stamme av arten.	
Vegtrafikk og vegbygging	Vegtrafikk og vegbygging har vore og er eit av dei større problema i Fjell kommune. Vegane skaper i dag vandringshinder for laks og sjøaure fleire stadar. Det er dialog med vegstyresmaktene om utbering ikring fleire kritiske punkt. Nokre av desse punkta er med i planen.	Må ha nærare samtale med Fjell kommune for å høyre om fleire påverknader frå vegsystem burde vore med. Dette kan føre til endringar.
Forureining småbåt/industrihamner	Forureining i småbåt- og industrihamner er i liten grad nemnt. I tillegg kjem alle private mindre båtanlegg og båtslepparar der det er gjort båtpuss i ein mannsalder utan å tenke på forureiningsproblematikk. Det kan forventast miljøgifter på einskild-lokalitetar. Forvaltingsplanen bør ta opp problemstillinga.	Må ha nærare samtale med Fjell kommune for å høyre om fleire påverknader frå vegsystem burde vore med. Dette kan føre til endringar.
Miljømål	Fjell kommune vil kome til å spesifisera dei vassdraga dei ynskjer å søkje unntak frå krava for miljømål innan 2021.	Kva tid? Fjell kommune må kontaktas.
Opprydding	Fjell kommune meiner at staten må inn å ta ein tydeleg rolle når det gjeld opprydding i delar av fylket, mellom anna gjeld dette forureining frå ei tid då landet vart bygt etter krigen og etter pionerprosjekt. Det var tidlegare lite eller ikkje noko fokus på miljø og det vart påført dels store langtidsskader. Dette gjeld og tiltak ikring ubåten utanfor Fedje og opprydding frå forsvaret, industri og deponi i sjø.	Kap. 8 i planen omtalar behov for auka statleg engasjement for gammal forureining. Det første konkrete arbeidet med Fedjeubåten startar Kystverket i 2015.
Vann-Nett	Fjell kommune meiner det må vere stort fokus på oppdatering av Vann-Nett og syte for at naudsynt informasjon vert registrert. Kommunen peikar på at oppdateringa går for seint slik at status for einskilde vassdrag burde vore endra i arbeidet med dette plandokumentet.	Oppdatering av Vann-Nett skjer i tråd med tilgjengelege ressursar.
Karakterisering	Fjell kommune har oppgradert Bildøy vassverk. Bildøyvatnet må synast i kart over verna område i Hordaland som drikkevatt. Reservevasskjeldene Signalvatnet (Møvik) og Haggardsvatnet (Ågotnes) bør også gå fram som verna område i kart.	Register og kart over verna områder er utarbeida sentralt. Data for drikkevatt leverast av Mattilsynet.
Tiltaksprogrammet	Skålvikvatna er vist i forvaltingsplanen med svekka kjemisk tilstand. Truleg grunna sur nedbør, men dette kjem ikkje godt nok fram av dokumentet. Vassdraget som heile er omtala i tiltaksprogrammet med vandringshinder som skal utbetrast. Dette meiner Fjell kommune ikkje kan vere rett. Fjell kommune peikar på at fleire vass-	Indre Skålvikvatnet oppnår god kjemisk tilstand, ytre er ikkje definert. Begge er satt i god tilstand, men grunna reguleringshøgde på høvesvis 3 m og 4,5m er dei satt som KSMVF og er automatisk i risiko. Vassdrag som ikkje er sett i risiko, men

	drag er i risiko for ikkje å nå målet om god økologisk tilstand. Dette er berre ein risiko om ikkje tiltak vert satt i gong. Sidan Fjell kommune saman med Fjellvar AS alt er i med eit omfattande saneringsarbeid av private avlaup og gjennomgang av private anlegg med registrete avvik reknar kommunen sjansen som god for å komme i hamn med ein med å nå god økologisk tilstand i fleire av vassdraga innan 2021.	som faktisk er i risiko må takast med i planen, saman med dei tiltak som er sett i gang eller planlagt. Dette kan føre til endringar.
Landbrukssektoren	Bidrag frå landbrukssektoren er nødvendig.	Einig – allereie teke med i planen, kap.8.2 «Verkemidlar i landbruket».
Tilråding:	Innspelet har ført til endringar i kap.8.	

Gulen kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 11.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	I saksutgreiinga vart det peika på at kartlegginga for delar av Ynnesdalsvatnet og tilhøyrande elvar, samt for delar av Sløvåg med Fensfjorden er tilfredsstillande. Samstundes meiner kommunen at planen ikkje viser tydelege konsekvensar for kvar enkelt kommune med omsyn til ressursbruk, auka budsjett og støtte frå regjering.	Til orientering.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Jondal kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Jondal kommune vil framheva behovet for styrkte økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra innføring og gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Vasskraft	Vassforvaltingsplanen skal sikra både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, men planen legg einsidig vekt på å verna lokalt vassmiljø. Klima- og miljøutfordringane har ikkje fått ei heilskapleg tilnærming, og samfunnsnyttan ved berekraftig bruk av vassressursane er i for liten grad vektlagt, mellom anna med tanke på vasskrafta sin verdi for klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Planen gjer det av den grunn vanskelegare å oppnå politiske vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg.	Klimaendringar og utfordringar rundt dette er allereie teke med i planen. Korleis dette vil påverke regional vassforvaltning kan lesast i kap. 3.4 «Klimaendringar og flaum».
Tiltak	Tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen må fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nyttevurdering av kva som er best	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs

	for samfunnet totalt sett.	høyringa.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap. 8 og kost/nyttevurdering).	

Kvam herad kommune

Fråsegn ved: Kvam heradstyre, 16.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Kvam herad vil framheva behovet for styrkte økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra innføring og gjennomføring av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Vasskraft	Vassforvaltingsplanen skal sikra både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, men planen legg einseitig vekt på å verna lokalt vassmiljø. Klima- og miljøutfordringane har ikkje fått ei heilskapleg tilnærming, og samfunnsnyttan ved berekraftig bruk av vassressursane er i for liten grad vektlagt, mellom anna med tanke på vasskrafta sin verdi for klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Planen gjer det av den grunn vanskelegare å oppnå politiske vedtekne mål om meir fornybar energi i Noreg. Tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen må fjernast frå den endelege planen dersom dei ikkje byggjer på ei god kost/nyttevurdering av kva som er best for samfunnet totalt sett.	Klimaendringar og utfordringar rundt dette er allereie teke med i planen. Korleis dette vil påverke regional vassforvaltning kan lesast i kap. 3.4 «Klimaendringar og flaum». Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Lindås kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 11.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Lindås kommune meiner at framlagt regional plan for vassområde Hordaland ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Med dette ynskjer Lindås kommune at Fylkestinget avviser planen, med bakgrunn i følgjande argumentasjon.	
Auka statleg kostnadsstønad	Kommunen vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grov kartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomststar som i dag ikkje oppnår miljømåla.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla
Kostnadar i samband med tiltaksprogrammet	Dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Til dømes er det ikkje gjort nokre vurderingar eller anslag på	Det er forureinar som skal betala dette.

	<p>kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane her. Oppgradering av enkeltanlegg kan koste om lag 100.000 kr og tilkopling, og utbygging av, offentleg avlaupsnett vil og ha store kostnader. Oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hos ansvarleg myndigheit er heller ikkje vurdert kostnad til.</p>	
Tiltaksprogrammets påverknad	<p>Lindås kommune meiner at for vassførekomstar der det er føreslått tiltak, men det må gjerast utgreiingar der det er uvisse til påverknadskjelde og grad av påverknad, før eventuelle tiltak vert fastslått. Baserer ein seg på eit manglande kunnskapsgrunnlag risikerer ein å binde seg til tiltak som ikkje har den ynska effekten i høve kostnader. Det er viktig å sikre at ressursane som vert brukt vert sett inn på tiltak som har ynskja effekt, etter ei fagleg vurdering av kost/nytte.</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa. Eikangervassdraget for eksempel har nok undersøkingar til å fastslå at forureininga kjem frå spreidd busetnad og landbruk. Detaljerte utgreiingar må likevel gjerast av kommunen før tiltaka kjem i verk. Tiltaka i Tiltaksprogrammet skal vurderast av aktuell myndigheit med tanke på kost/nytte før dei gjennomførast</p>
Spørsmål til ny saksutgreiing	<p>Lindås kommune er usamd med Fylkesrådmannen i at framlegg til planen byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Lindås kommune ber Hordaland fylkeskommune svara på følgjande i den nye saksutgreiinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er det føreslått rett miljømål og tiltak? - Er det samsvar mellom føreslåtte miljømål og føreslåtte tiltak? - Er det forslag til andre miljømål eller tiltak? - Kva tiltak, tema og geografiske områder bør prioriterast? - Er det eksisterande kunnskap og tiltak av betydning, som ikkje er beskrive? - Er det konsekvensar av planforslaget som ikkje er belyst? <p>Lindås kommune er uroa for kva konsekvensar ein slik plan kan få for utvikling i regionen.</p>	<p>Planen byggjer på det vi har av tilgjengeleg kunnskap no. Problemkartlegging er føreslått i planen for dei vassførekomstane vi veit for lite om. All kjent relevant informasjon vert samla inn i Vann-Nett som kontinuerleg vert oppdatert. Framlegg til tiltak er laga for å nå miljømåla. Endeleg vurdering av kost-nytte, teknisk løysning, prosjektering vert gjort av aktuell sektormyndigheit/kommune før enkeltvedtak etter planen gjerast.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap. 8 og kost/nyttevurdering).	

Masfjorden kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 11.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Forslaget om lovendring knytt til konsesjonsregelverket bør takast ut av plandokumentet, fordi slike prosessar bør legitimerast i andre dokument. Framlegg til lovendring vil og skapa uvisse knytt til plandokumentet i kommunar der kraftproduksjonen er ei viktig inntektskjelde.</p>	<p>Planen har forslag om at standard naturforvaltningsvilkår bør innførast forenkla i alle konsesjonar. Om dette skjer ved lov/forskriftsendring utan at det kravt handsaming og enkeltvedtak for kvar enkelt revisjon i landet sparar ein mykje byråkrati. Vassregionmyndigheita meiner</p>

	Denne interesseavveginga bør ikkje utfordrast i ein regional vassforvaltingsplan.	det kan vere fornuftig å gjere ei forskrift framfor å handsame hundrevis av konsesjonar med høyring for å få inn denne standardformuleringa alle nye konsesjonar har. Standard naturforvaltingsvilkår påverkar ikkje kraftproduksjonen i dei regulerte vassdraga, men kan gi heimel for viktige miljøforbetringar.
Overvakingsprogrammet	Behovet for eit statleg overvakingsprogram/basisovervakning for Fensfjorden bør kome inn i plandokumentet.	Det er overvakingsprogrammet etter vassforskrifta som frametter skal dekke trongen for overvaking i Fensfjorden. I dette programmet vil Staten bidra med midlar til basisovervakning og problemkartlegging. Tiltaksovervakning skal betalast av forureinar. Bedrifter med utsløpp til fjorden vil få pålegg om overvaking. Etter planen vil overvakinga i Fensfjorden vertedel av marint overvakingsprogram for vassområde Nordhordland. Det er ei skisse av programmet som har vært på høyring . Det er ikkje klart når heile programmet vil være i drift.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Meland kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Utsett frist for gjennomføring	Kommunestyret ber om at frist for gjennomføring vert sett til 2027 for alle tiltaka som inngår i <i>Regionale plan for vassregion Hordaland 2016-2021</i> .	Prosjektleiari er i dialog med kommunen. Kommunen har vedteke Tiltaksplan for vatn og avlaup. Her er mellom andre Roslandspollen med.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører foreløpig ikkje til endringar i planen.	

Modalen kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønnad	Modalen kommune vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Samfunnsøkonomiske konsekvensar	Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. For Modalen kommune gjeld dette spesielt krav til minstevassføring i dei regulerte vassdraga. Dei økonomiske konsekvensane for konsesjonshavarar så vel som Modalen kommune må utgreiast. Vidare må ein på nasjonalt nivå utgreie konsekvens for regional og nasjonal energiproduksjon av alle vassregionplanane i Noreg. Konsekvensar for Noregs nasjonale målsettingar og internasjonale avtaler om	Planen har ikkje framlegg om endra minstevassføring i regulerte vassdrag i Modalen kommune. Noreg er forplikta både av EU sitt vassrammedirektiv og fornybardirektivet. Sek-

	kutt i utslepp av klimagassar ved å redusere eller avgrense energiproduksjon må også vurderast på nasjonalt nivå.	tormyndigheita (NVE) si rolle er å vege omsyn slik at Noreg oppfyller begge.
Tiltak	Modalen kommune vil arbeida med dei tiltaka som kommunen er myndigheit for eller sjølve har ansvaret for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innan landbruk og kloakk. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.	Bra.
Miljømål	Miljømålet for Modalselva er i planen ikkje definert, men kommunen meiner at miljømålet for bestandar av laks og sjøaure må vere: Levedyktige bestandar med haustingsverdig overskot. Kalking av Modalselva er viktig for kommunen og bør ta til snarast råd er. Modalen kommune ynskjer ei vurdering av biotopiltak i Støselva nedstrøms Stølsdammen.	I 2. gangs høyringa føreslår NVE/Fylkesmannen «Levedyktig fiskebestand» som konkretisering av miljømål i Modalselva. Og med «re-etablering av laks. Sjøaure i vassdraget. Oppstart kalking i 2016» i kommentarfeltet. Framlegg om dette i høyringsutgåva.
	Det bør vere eit miljømål å halde ein normal-årstidstemperatur i vassdraget ved tapping av overflatevatn og ikkje botnvatn frå Stølsvatnet. Det må vere eit mål å unngå store og bråe svingingar av vassføringa i elva som følgje av produksjonsstopp ved Hellandsfossen kraftstasjon. Sidan den naturlege kalk-kjelda i vatnet frå Holskarvatnet er overført til Evangervassdraget, må dette kompenseras ved kalking av vassdraget for å kunne oppretthalde ein levedyktig bestand av aure og laks.	Til vurdering hos NVE/Fylkesmannen. Til vurdering hos NVE/Fylkesmannen. Planlagt oppstart av kalking i vassdraget i 2016.
Tilråding:	Innspelet har ført til endringar i kap.8.	

Odda kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Odda kommune vil framheva behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre iversetjinga av direktivet i vassforvaltinga og gjennomføringa av aktuelle tiltak.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Kostnadar	Det må påreknast større kostnadar til saksbehandling innan regulerte vassdrag når dei gamle konsesjonane for Tyssø og Røldalsvassdraget skal fornyast – og auka fokus på oppfølging og kontroll av små avlaupsanlegg.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gangs høyringa.
Problemkartlegging	For å få meir kunnskap om innverknaden av lav pH på fisk i vassdraga i Odda bør det føretakast problemkartlegging i gitte	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.

	<p>utvalde vassførekomstar både i Hardanger og Ryfylke vassområde. Følgjande vassførekomstar/vassdrag vurderast å ikkje ha god tilstand høve sur nedbør og bør takast med i oversikten over vassførekomstar med risiko for ikkje å få god tilstand mht forsuring innan 2021: Røldalsvassdraget og Tyssovassdraget.</p> <p>Dersom det skal fyllast ut massar i indre del av Sørfjorden, må det gjeres problemkartlegging og strømmingsundersøkingar for å dokumentere eventuelle påverknadar på vassmiljø og fisk.</p>	Einig.
Overvaking	<p>Overvaksingsprogram i 2015 vil vise om tiltaka som industrien har gjort så langt er nok, eller om ytterlegare tiltak må setjast inn. Odda kommune føreslår Indre del av Sørfjorden (og spesielt Eitrheimsvågen) som SMVF fordi det her er snakk om store menneskeskapt endringar i sedimenta. Dette betyr at ein kan setje spesielt tilpassa mål som ikkje nødvendigvis tilfredsstillar alle parametra i standard miljøkrav i Vassforskrifta.</p>	<p>SMVF handlar om hydromorfologiske endringar. I Sørfjorden er det bygd "vegger" i fjorden for å hindre spreining av forureina sediment (tiltak). Det vert difor komplisert å diskutere om det er SMVF eller ikkje. Uansett vil det også som SMVF vere krav om god kjemisk tilstand. Sidan problemet i Sørfjorden er kjemisk forureining vil det difor ikkje bety noko for tiltakskravet om vassførekomsten er SMVF eller ikkje. Eit viktig poeng er at det har vore vanskeleg å finne tiltak som verkar og er økonomisk forsvarleg i Sørfjorden. Det vil verte vurdert om utsett frist eller mindre strenge miljømål er aktuelt.</p>
Oppdrettsnæringa	<p>Påverknad frå oppdrettsanlegg vert sett på som svært stor frå rømt fisk (genetisk påverknad på villaks) og lakselus. Opoelva vert sett på som særleg påverka på begge desse områda. All utvandrande smolt må passere oppdrettsanlegg lenger ute i Hardangerfjorden og vil då ofte verte utsett for eit stort lusepress. Laks frå Opoelva vurderast å kunne ha så mykje som 47% genetisk innblanding av rømt oppdrettslaks. Regjeringa har bestemt (brev 20.02.2013) at påverknad frå lakselus og rømming skal setjast til «ukjent» og miljøtilstand og risikovurdering til «ikkje definert» inntil vidare. Bakgrunnen for dette er behov for betra kunnskap om målemetodar og grenseverdiar for kva som skal vere berekraftig miljøpåverknad. Mattilsynet og Fiskeridirektoratet arbeider heile tida med viktige tiltak som skal redusere dei negative påverknadane frå oppdrettsanlegg.</p> <p>Landbaserte anlegg bør vere norm for å redusere skadepåverknaden frå oppdrettsanlegg på villaks og sjøaure, eventuelt betre sikring mot rømming og ei reduksjon i talet oppdrettsanlegg i Hardanger.</p>	<p>Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>
Karakterisering	Ny konsesjonsbehandling for Tyssovass-	NVE føretekk endeleg kost/nyttevurdering

	<p>draget og Røldalsvassdraget må prioriterast. Det må i den samanheng framleggast fleire detaljar om kost/nytte av mogelege tiltak. I dette arbeidet må uavhengig juridisk, naturfaglig og hydrologisk kompetanse nyttast. Kommunen bør difor vurderast å inngå avtale med regulantane om forhandsutbetaling av eit rimeleg beløp i forhold til dekking av kommunens kostnader med dette.</p> <p>Odda kommune krev at det vert lagt inn minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen i periodar om sommaren. Ringedalsmagasinet må vere tilnærma fullt i sommarperioden: 01.07 - 01.10.</p>	<p>og samlar inn naudsynt kunnskapsgrunnlag før eventuelt vedtak.</p> <p>Under utgreiing.</p>
Tiltaksprogrammet	Odda kommune har i saka kome med ein god del endringar i tiltak. Kommunen meiner desse bør samordnast med krav om minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen i perioden 01.07 – 01.10 og NVE sine vurderingar som kjem no i februar 2015.	Konkrete kommentarar og endringsforslag til tiltaka vil kome i revidert plan for Tiltaksprogrammet.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap. 8 og kost/nyttevurdering).	

Radøy kommune

Fråsegn ved: Formannskapet, 18.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Radøy kommune meiner at høyringsnotatet i for liten grad fokuserer på dei overordna perspektiva i høve klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Hordaland er eit stort fornybar-fylke, kor det vert produsert store mengder vasskraftbasert energi.	Klimaendringar og utfordringar rundt dette er allereie teke med i planen. Korleis dette vil påverke regional vassforvaltning kan lesast i kap. 3.4 «Klimaendringar og flaum».
Auka statleg kostnadsstønad	Radøy kommune vil framheva behovet for styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra gjennomføringa av aktuelle tiltak. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av mogelege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Tiltaksprogrammet	Vidare meiner Radøy kommune at kost/nyttevurderingar av tiltaka er for lite utgreidd, og viser til at dei føreslåtte tiltaka er berekna til at vasskraftprodusent åleine kan tapa 130 millionar kroner årleg på tiltaka.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
	Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for dårleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Kartlegging og oppgradering av spreidde avlaup vil vere kost-	Tiltaka i Tiltaksprogrammet skal vurderast av aktuell myndigheit med tanke på kost/nytte før dei gjennomførast.

	<p>nadskrevjande og ei vurdering av kostnad knytt til dette må utgreiast. Dette gjeld spesielt der det er knytt uvisse til påveringskjelde og påveringsgrad. Tiltak må setjast i gang når ein veit kvar effekten vert størst.</p> <p>Radøy kommune vil jobba vidare med dei tiltaka som kommunen har myndigheit for eller sjølv har ansvar for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innanfor landbruk og avlaup. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgaver som følgje av vassforskrifta.</p>	Bra.
Landbruket	<p>Utslepp frå landbruket er ei utfordring som ein ikkje veit omfanget av. Det vert halde møter jamleg med informasjon om problema med avrenning frå jordbruket, men det vil vere ein føremon at ein kan gi støtte gjennom tiltaksordningane RMP og SMIL for å få i gang effektive tiltak. SMIL-strategien for Radøy kommune skal reviderast i 2015, og det vil då vere naturleg å leggja inn støtte til tiltak mot betre gjødselhandtering. Det vil også vere mogleg å påverka RMP-tildelinga gjennom innspel til Fylkesmannen. Kartlegging for å finna dei områda der effekten vert størst må prioriterast før ein kan setja i gang gode tiltak.</p>	Allereie teke med i planen, kap.8.2 «Verkemidlar i landbruket». Endring til kap. 8.2: Overskrift vert endra til «Auka midlar til verkemidlar i landbruket».
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap. 8 og kost/nyttevurdering).	

Samnanger kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Samnanger kommune er misnøgde med innhaldet i Høyringsrapporten slik den i står i dag. Kommunen meiner at plandokumenta står fram som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta/konsekvensar. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Kommunen viser til saksutgreiinga for grunngjeving.	Til orientering.
Vasskraft	Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon.	Inngår ikkje i denne planen.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Stord kommune

Fråsegn ved: Komité for næring, miljø og kultur, 10.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Miljømål	Stord kommune er kjend med dei utford-	

	ringane som går fram av dokumentet, og oppmodar til at det vert lagt mest vekt på Stord bekkefelt Vest der det er mykje aktivitet, Ådlandsvatnet som er eit viktig vassdrag i kommunen, og Aslaksvika med ureina sediment frå gamal industri.	
Auka statleg kostnadsstønad	Stord kommune understreker behovet for styrka økonomiske ressursar frå statleg hald, for å sikre innføring og gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområder.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap.8).	

Sund kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 16.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Tiltaksprogrammet	Sund kommune påpeikar at områdeavgrensingar må justerast ut frå oppdatert kunnskapsgrunnlag. Kommunen ynskjer ei meir detaljert oversikt over kva tiltaka inneber og kva dei vil kosta i samband med rulleringa av hovudplan for avlaup. Sund kommune meiner at tiltaksprogrammet må tilpassast det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre – og at truverdige kost/nyttevurderingar må liggja til grunn ved tiltak som går ut over problemkartlegging og overvaking.	Til orientering. Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Auka statleg kostnadsstønad	Sund kommune understreker behovet for auka statlege midlar dersom måla i planen og vassforskrifta skal verta nådde.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap. 8 og kost/nyttevurdering).	

Ulvik herad kommune

Fråsegn ved: Heradstyret, 10.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Auka statleg kostnadsstønad	Vassforvaltingsarbeidet er ressurskrevjande og bør speglast med høvelege statstilskot til iverksetjing og gjennomføring av aktuelle tiltak.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Tiltaksprogrammet	Ulvik herad peikar på at tiltaksprogrammet manglar kost/nyttevurderingar og kommunen kan dermed ikkje ta stilling til dei einiskilde tiltak før desse ligg føre. Vidare meiner kommunen at problemkartlegging og kost/nyttevurderingar bør ha første prioritet som tiltak i planperioden 2016 – 2021.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kap. 8 og kost/nyttevurdering).	

Vaksdal kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Tiltaksprogrammet	Vaksdal kommune meiner tiltak i regulerte vassdrag treng grundigare utgreiing om mål og tiltak, økonomiske, samfunnsmessige og klimamessige konsekvensar og kost/nyttevurderingar av miljøgevinst versus produksjonstap, reguleringsvern m.v . Det vil vere naturleg å utsetje desse tiltaka til neste planperiode 2016 -2021.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Vindafjord kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 17.12.2014		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Tiltaksprogrammet	Vindafjord kommune meiner at faktagrunnlaget for dei vurderingar som ligg i høyringa er usikkert og må betrast i første planperiode. Det same gjeld for vurdering av eventuelle tiltak og kostnadsdekning til kommunen for å nå oppsette mål.	Planen byggjer på det vi har av tilgjengeleg kunnskap no. Problemkartlegging er føreslått i planen for dei vassførekomstane vi veit for lite om. All kjent relevant informasjon vert samla inn i Vann-Nett som kontinuerleg vert oppdatert. Framlegg til tiltak er laga for å nå miljømåla. Endeleg vurdering av kost-nytte, teknisk løysning, prosjektering vert gjort av aktuell sektormyndigheit/kommune før enkeltvedtak etter planen gjerast.
Miljømål	Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Vatsfjorden og Vatsvatnet. Økologisk tilstand for Oselva og Oselva sine sidebekkar vert endra frå «svært dårleg» til «moderat». Utsett frist frå 2021 til 2027 for å oppnå «god økologisk tilstand» for Ølsfjorden.	Høyrer til Haugaland vassregion. Endring i miljømål. Endra frå svært dårleg til moderat. Endring i frist grunna komplekst og tidkrevjande arbeid.
Fokusområder i første planperiode i prioritert rekkefølge	<ul style="list-style-type: none"> - Ølsfjorden med forureina sediment og private og offentlege utslepp. - Vatsvassdraget med forureininga frå landbruk o.a. kloakk/diffuse utslepp. - Landbruksforureining i heile kommunen. - Kloakk og diffuse utslepp i heile kommunen. 	Til orientering.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (miljømål, utsett frist).	

Voss kommune

Fråsegn ved: Kommunestyret, 11.12.2014		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Tiltaksprogrammet	Dei samfunnsøkonomiske konsekvensane for nokre av tiltaka i tiltaksprogrammet er etter kommunen si meining ikkje godt	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering

	nok utgreidd til å ta endeleg stilling til desse. Dette gjeldt særskilt kva konsekvensar eventuelle endringar i konsesjonsvilkåra vil innebera for eldre vasskraftutbyggingar. Dette bør difor avklarast ved revisjon av den einskilde konsesjon.	vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Overvakingsprogrammet	I saksutgreiinga vert det peika på at vasskvaliteten og dei økologiske tilhøva i Bolstadfjorden vil vere viktig for å sikra god overleving av utvandrande smolt og for oppgang av gyteklar laks og sjøaure. Tidlegare undersøkingar har vist at Bolstadfjorden med sin terskelutforming har dårleg vasskvalitet i botnlaget. Moensvatnet har den einaste lokaliteten med edelkreps i kommunen og ein av dei få lokalitetane utanom det naturlege utbreiingsområdet på Austlandet. Voss kommune vil difor tilrå at Bolstadfjorden og Moensvatnet vert innlemma i overvakingsprogrammet.	Moensvatnet vart undersøkt for kreps i 2014. Miljødirektoratet og Voss Osterfjorden vassområde betalte dette. Her bør ein fylgja med kva som skjer framover. Bolstadfjorden er ein sårbar fjord som bør med i overvakingsprogrammet.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

4.2 Næringslivsaktørar

19 næringslivsaktørar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

Alsaker Fjordbruk

Fråsegn ved: Samfunnskontakt Ove Gjerde, 29.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>På side 33 er det nemnt at vassregion Hordaland vil venta på vidare avklaring frå statelege myndigheiter når det gjeld regionalplanen. Alsaker Fjordbruk meiner at dersom ein skal venta på avklaring frå statleg myndigheit, bør dette punktet takast ut av tabellen på s.35 i planen.</p> <p>Alsaker Fjordbruk støttar også framføringa av korleis ein ventar på statlege myndigheiter si avklaring rundt korleis ein skal handtera biologisk påverknad frå næringa og at ein ikkje skal inkludera lakselus og rømt oppdrettsfisk i planen.</p>	Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.
Fjordsystema	På side 45 i plandokumentet er oppdrettsnæringa omtalt. Alsaker Fjordbruk stiller seg bak kunnskapen og konklusjonen om at fjordsystema regionalt ikkje er påverka negativt av havbruksaktiviteten.	Ok.
Vill laksefisk	Plandokumentet skildrar situasjonen for	Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndig-

	<p>villaks og sjøauren som kritisk på side 47. Det einaste som vert problematisert rundt villaks og sjøauren er eventuelle påverknadar frå lakselus og rømt fisk. Det er allereie avklart tidleg i dokumentet at ein skal venta på statlege myndigheiter sitt vedtak om korleis dette skal handterast. Alsaker Fjordbruk meiner det ein-sidede fokuset på rømt fisk og lakselus er uheldig før mynda har gjort sine konklusjonar om korleis dette skal handterast og gjer framlegg om å ta ut 2. setning i 2 avsnitt og 2., 3. og 4. setning i 4 avsnitt.</p>	<p>heita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>
Innsjøvassførekomstar	<p>Figur 13 på side 51 beskriv ein påverknadar i innsjøvassførekomstane. Eit av punkta er rømt fisk og lakselus. Alsaker Fjordbruk synast dette punktet er upresist og er ueinig i at det er ein ukjent påverknad frå rømt fisk, som beskrive tidlegare i dokumentet. Ifølgje Alsaker Fjordbruk har lakselus ingen påverknad i innsjøar og meiner difor at registreringa av 17 innsjøvassførekomstar per 17.11.2014 som har ukjent påverknad frå lakselus, må takast vekk.</p>	<p>Takast ikkje til følge. Påverknaden av lakselus skjer i sjø, då lakselus dør i ferskvatn. Det er likevel einigheit i Direktoratgruppa for arbeidet om eventuell kartfesting av lakselus-problemet skal vere i dei anadrome vassdraga som har laksefisk som vert påverka. Dette endrar likevel ikkje at påverknaden av lakselus skjer i saltvatn, sjølv om ikkje problemet kartfestast i saltvatn.</p>
Kystvatn	<p>Figur 14 på side 52 skildrar påverknadar i kystvassførekomstar. Eitt av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet meiner Alsaker Fjordbruk er upresist. Dei har forståing for at det skal vere ein ukjent påverknad frå lakselus, i tråd med framlegga tidlegare i dokumentet, der ein ventar på vedtak frå statlege myndigheiter. Vill laksefisk formeirar seg i elv og ein ynskjer å hindra genetisk interaksjon mellom villaks og oppdrettslaks. Alsaker Fjordbruk meiner at den ukjente påverknaden for rømt fisk er i elv og ikkje i kystvassførekomstar og føreslår at punktet «rømt fisk» vert teke ut.</p>	<p>Takast ikkje til følge. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>
Vassdrag	<p>Figur 15 på side 53 skildrar påverknadar i elvevassførekomstar. Lakselus har ingen påverknad i elvevassførekomstar og er alt regulert gjennom forskrift om nedkjemping av lakselus i akvakulturanlegg (FOR-2012-12-05-1140). I Vannnett per 17.11.2014 er det registrert 65 elvevassførekomstar som er påverka av lakselus. Alsaker Fjordbruk ynskjer dette fjerna frå registreringa. All påverknad frå lakselus vil nødvendigvis skje i kystvatn.</p>	<p>Takast ikkje til følge. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>
Vassområde Nordhordland og Sunnhordland	<p>Det er i figurane på side 100 og 116 ført fram biologiske påverknadar, som rømt fisk og lakselus frå oppdrettsanlegg. Tidlegare i dokumentet (s 33) er det beskrive at «karakterisering av vassførekomstar med påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk er satt på hald». Fram til kriteria for karakteriseringa er</p>	<p>Takast ikkje til følge. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er eit</p>

	<p>klar, bør framføringar av denne type takast ut av dokumentet.</p> <p>Det er vidare skildra i Vann-Nett at 6 elvar og 2 innsjøar i region Nordhordland og 12 elvar og 2 innsjøar i Sunnhordland har ukjent grad av påverknad frå lakselus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og tilstanden skal av den grunn settast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vere i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert, jamfør lakselus-forskrifta.</p> <p>Vassførekomst 0261030300-4-C Rosslandspollen er i Vann-Nett skildra som ein verna kystfjord, verna mot bølgeeksponering. Det er registret to påverknadskjelder i vassførekomsten: 1) Utslepp frå annan punktkjelde og 2) avlaup frå spreidd bustadbygging mm. Påverknad frå fiskeoppdrett er registrert å gi følgjande effekt: 1) Auke i mengde næringsstoff, og 2) auke i mengde organiske stoff.</p> <p>Miljøtilhøva i Rosslandspollen er markert endra dei siste åra etter at både tilførsla er reinsa og ført bort, og særleg ettersom ferskvatn frå Salar Bruk vert ført ned på djupet for å betra dei naturleg dårlege miljøtilhøva i djupvatnet. Her var det tidlegare naturleg stagnerande og oksygenfrie vassmassar utan vilkår for liv. Framleis er tilstanden i djupvatnet «dårleg» vurdert i forhold til klassifikasjonssystema for sjøområde med god vassutskifting til botnar, men desse systema er ikkje eigna for vurdering av slike naturlege oksygenfattige innelukka vassmassar som ein finn her.</p>	<p>problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p> <p>Takast ikkje til følge. Påverknaden av lakselus skjer i sjø, då lakselus dør i ferskvatn. Det er likevel einigheit i Direktoratgruppa for arbeidet om eventuell kartfesting av lakselus-problemet skal vere i dei anadrome vassdraga som har laksefisk som vert påverka. Dette endrar likevel ikkje at påverknaden av lakselus skjer i saltvatn, sjølv om ikkje problemet kartfestast i saltvatn.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Til vurdering av Fylkesmannen.</p>
Tiltaksprogrammet	<p>Totalt er det oppført 17 av 28 innsjøvass-førekomstar og 63 av 104 elvevassførekomstar med ukjent påverknad av lakselus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og tilstanden skal av den grunn settast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vere i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert i tråd med til lakselus-forskrifta.</p> <p>For kystvatn er 6 vassførekomstar skildra som å ha ukjent påverknad frå rømt oppdrettsfisk og lakselus. Alsaker Fjordbruk seier dei har forståing for at det skal vere ein ukjent påverknad frå lakselus, jamfør tidlegare framføringar i dokumentet, der ein ventar vedtak frå</p>	<p>Påverknaden av lakselus skjer i sjø, då lakselus dør i ferskvatn. Det er likevel einigheit i Direktoratgruppa for arbeidet om på eventuell kartfesting av lakselus-problemet skal vere i dei anadrome vassdraga som har laksefisk som vert påverka. Dette endrar likevel ikkje at påverknaden av lakselus skjer i saltvatn, sjølv om ikkje problemet kartfestast i saltvatn.</p> <p>Takast ikkje til følge. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje</p>

	<p>statlege myndigheiter. Vill laksefisk formeirar seg i elv og ein ynskjer å hindra genetisk interaksjon mellom vill laksefisk og oppdrettslaks. Alsaker Fjordbruk meiner at den ukjente påverknaden for rømt fisk er i elv og ikkje i kystvatn-førekomstar - med framlegg om at punktet rømt fisk vert teke ut.</p> <p>Itråd med skildringa på side 33 i regionalplanen har ein ikkje ført fram miljømål for rømt oppdrettslaks. Likevel gjer ein framlegg om tiltak for den enkelte elv og innsjø. Det er ikkje usemje i at uttak av rømt fisk i elvar med fare for genetisk interaksjon mellom rømt oppdrettsfisk og villfisk, vil vere eit tiltak med effekt. Det er likevel vanskeleg å skjønna at det vert føreslått tiltak for enkeltvassdrag og innsjøar utan at miljømålet er sett. Alsaker Fjordbruk føreslår at vassområda også tek vekk fremma tiltak, fram til miljømåla er vedteke hos overordna myndigheit.</p>	<p>om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>
Miljømål	<p>For område som ikkje tilfredsstiller bestemte brukarformål, bør ein skildra kva som skal til for å koma inn i eit nytt brukarformål.</p> <p>0260040800-C Samlafjorden - Oppdrett i fjorden. Uheldig med raudfarge, men årsak er industri og landbruk.</p> <p>0260041000-C Eidfjorden - ikkje fiskeoppdrett i dag, men mogleg i framtida. Utslepp frå punktkjelder med forureining av sediment.</p> <p>0260041400-C Granvinsfjorden - Ikkje fiskeoppdrettsanlegg. Svært få data. Kvifor risiko for ikkje å oppnå miljømål?</p> <p>0261030300-4-C Roslandspollen - Salar Bruk er inne i Roslandspollen . Utslepp frå anna punktkjelde i ukjent grad. Avlaup frå spreidd busetnad i ukjent grad. Sink, kopar vil ein ikkje oppnå god tilstand, TON svært dårleg. Botnfauna er dårleg.</p> <p>0260041700-C Onarheimsfjorden - Ikkje definert område både kjemisk og økologisk. Likevel er det sett opp med fare for at området ikkje når miljømålet. Diffuse kjelder er sett som ikkje definert påverknad. To oppdrettsanlegg og eit</p>	<p>Kjemiske målingar og kosthaldsrestriksjonar gir automatiske utslag i Vann-Nett og er bakgrunn for at Samlafjorden, Eidfjorden og Granvinsfjorden er i risikograppa. Vasskvaliteten er god pelagisk fisk og for fiskeoppdrett.</p> <p>I Roslandspollen er det gjort ein del tiltak, og det er i ferd med å skje ei betring i tilstand. Fortsatt går ein del spreidd avlaup i Roslandspollen, men Meland kommune har fått sanering av desse inn i vedteke tiltaksplan. Pollen har naturleg oksygenfattige innelukka vassmasser. Tilstand vert vurdert på nytt når resultatet av ny resipientundersøking er på plass.</p>

	settefiskanlegg i området.	
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Bergen og Omland havnevesen

Fråsegn ved: Juridisk rådgjevar Jarle Berggraf, 15.06.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Plankartet viser ikkje konkrete tiltak i sjø. Bergen og Omland havnevesen ber difor om å få tilsendt teikningane når desse er ferdig utarbeida. På dette stadiet i planarbeidet kan ikkje havnevesenet sjå at planane vil kome i konflikt med dei interesser som Bergen og Omland havnevesen er satt til å ta vare på.</p> <p>Vidare vil havnevesenet minne om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i sjøområdet krev tillating frå BOH, jf. §27, første ledd. Ei orientering om denne søknadsplikta bør etter vår vurdering takast inn i reguleringsavgjerda. Havnevesenet påpeikar at det ikkje er tilstrekkeleg at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendast havnevesenet i god tid før tiltak setjast i verk.</p>	<p>Ok.</p> <p>Til orientering.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Blue Planet AS

Fråsegn ved: Eivind Helland, 30.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Mange av Blue Planet sine fråsegner er identiske med Alsaker Fjordbruk sine fråsegner, men har to tilleggsvassområder (lista under).	
Vassområde Hardanger	<p>Under avsnittet «Dei vesentlegaste spørsmåla/utfordringane» på side 127 refereras det til ein tidlegare rapport «Vesentlege vassforvaltings spørsmål». Her brukast karakteristikken vesentlege påverknadar frå fiskeoppdrett og vidare «lakselus med sterk påverknad på vill laksefisk, rømming av fisk med genetisk påverknad på villaks. Det er viktig at karakteriseringar av påverknadar følgjer kvalitetsnorma for vill laksefisk og sjømatmeldinga si berekraftsindikatorar.</p> <p>Tidlegare i dokumentet (s 33) er «karakterisering av vassførekomstar med påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk er satt på hald» skildra. Fram til kriteriar for karakterisering er klare bør skildringane av denne typen takast ut av dokumentet. Blue Planet påpeikar at omfanget av karakteriseringa ikkje kan skild-</p>	<p>Takast ikkje til følgje. Rapporten «Fisken og havet» særnummer 2 – 2014, frå Havforskningsinstituttet, gir meir enn nok kunnskap til å seie at fiskeoppdrett har ein vesentleg påverknad på vassførekomstane i Hardanger, sjølv om ein ikkje har gjort ei fullverdig karakterisering.</p> <p>Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et</p>

	<p>rast som stort utan at ein veit korleis be- rekräftsindikatorane vert definerte.</p>	<p>problem er dokumentert, og det er i peri- odar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>
<p>Vassområde Voss- Osterfjord</p>	<p>Under kapitelet «Risiko» og avsnitt 5 på side 142 vert det skriven spesielt om Vossolaksen og Eksolaksen. Hovudårsaka for tilstanden tilleggast næringsstiltgang i havet, lakselus og rømt oppdrettsfisk. Ei slik formulering er upresis og ikkje kor- rekt. I følgje Blue Planet er dokumenta- sjon som bekreftar samanhengen mellom rømt oppdrettslaks og tilbakevandring av villlaks og eventuelt hybridlar (kryssingar mellom rømt oppdrettslaks og villlaks) ikkje kjent. Problemstillinga som har vore reist er problem med genetisk interaksjon mellom vill laksefisk og oppdrettsfisk og eventuelle uynskte effektar. Det fins i dag svært lite kunnskap om dette og difor meiner Blue Planet at koplinga som vert gjort i avsnittet bør takast ut.</p> <p>Vidare vert det skildra på side 146 at lakselus og rømming av oppdrettsfisk er viktige faktorar for tilbakegang av bes- tanden av vill laksefisk i området. Tidle- gare i dokumentet (s 33) skildrast «karakterisering av vassførekomstar med påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk er satt på hald». Blue Pla- net meiner at fram til kriteriene for karak- terisering er klar bør skildringar av denne typen takast ut av dokumentet.</p> <p>14 elvar og 5 innsjøar i region Voss- Osterfjord vassområde har i følgje Vann- Nett ukjent grad av påverknad frå lakse- lus. Lakselus lever ikkje i ferskvatn og Blue Planet meiner at tilstanden skal av den grunn setjast til uvesentleg. Den eventuelle påverknaden frå lakselus vil vere i kystvatn. Lakselus i kystvatn er allereie regulert i samsvar med lakselus- forskrifta.</p> <p>I samsvar med skildringa på side 33 har ein ikkje beskrive miljømål for rømt oppdrettslaks. Likevel føreslår ein tiltak for den enkelte elv og innsjø. Det er ikkje usemje om at uttak av rømt fisk i elver med fare for genetisk interaksjon mellom rømt oppdrettsfisk og villfisk vil vere eit tiltak med effekt. Det er likevel vanskeleg å forstå at det vert føreslått tiltak for en- keltvassdrag og innsjøar utan at miljømål- let er satt. Blue Planet føreslår at vass- områdene også tek vekk føreslåtte tiltak fram til miljømåla er vedtekne av over- ordna myndigheit.</p>	<p>Takast ikkje til følgje. Dette er forskarane usamde om. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som prob- lem i planen, sjølv om dei aktuelle direk- torata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakte- riserast, og det er noko usemje om om- fanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p> <p>Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndig- heita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i peri- odar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p> <p>Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndig- heita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i peri- odar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p> <p>Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndig- heita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i peri- odar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p>

Tilråding: Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.

BKK

Fråsegn ved: Konserndirektør Energi Wenche Teigland, 19.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Planutkast	<p>BKK meiner at planutkastet er einseitig og manglar heilskap. I følge Vassforskrifta skal forvaltingsplanen sikre både heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekostane. BKK opplever at planen legg for mykje vekt på vern av lokalt vassmiljø og ikkje nok på klima- og miljøutfordringane.</p> <p>BKK meiner planen er i konflikt med den politiske satsinga på fornybar energi og at planen vil gjere det endå vanskelegare å oppnå politisk vedtekne mål om meir fornybar energi. BKK påpeikar at i verste fall kan forvaltingsplanen resultere i 350 GWh tapt produksjon årleg berre for BKK, og at det til dømes må byggjast 85 nye småkraftverk.</p> <p>BKK ynskjer sterkare involvering i sentrale problemstillingar som har innverknad på vasskraft og det er ynskje om etablering av ei referansegruppe for planarbeidet. BKK meiner at eit høgt detaljnivå og uoversiktlege planar har gjort det vanskeleg for allmenta å ta del i arbeidet.</p> <p>BKK etterlyser òg eit betre forbruk av eksisterande kunnskap ifrå forskarar og eksisterande studiar i staden for eit stort bruk av lokal kunnskap, som BKK meiner gir lav pålitelegheit. BKK viser her til Hjortevatnet der tilstanden er annleis skildra i tilstandstabellen versus Vann-Nett.</p> <p>BKK oppmodar at planen vert mindre omfattande og at tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen (dersom dette ikkje byggjer på kost/nyttevurderingar av kva som er best for samfunnet) vert teke ut frå planen.</p>	<p>I samband med ny høyring, bør Vassregionmyndigheita ta ei ny runde i møter med regulantane, inkl. BKK, der ein kan gå konkret inn på dei einskilde vassførekostane og sjå kva som er tenlege tiltak, utan dermed å binda seg. Ein vil då og kunne ta med innspela frå NVE og Fylkesmannen.</p> <p>Ikkje einig.</p> <p>Einig i at vurderingar frå forskarar har betre kvalitet.</p>
Miljømål	<p>Grunna mangelen på kost/nyttevurderingar eller analyser som gir grunnlag for å prioritere realistiske tiltak ynskjer BKK ei vidareføring av GØP, som ofte vil tilsvara dagens tilstand eller MSM.</p> <p>BKK etterlyser kost/nyttevurderingar av mål og tiltak, i tråd med føringane frå nasjonale myndigheiter. BKK meiner dette vil gjere det umogleg for nokon å</p>	<p>Takast ikkje til følge. Etter vassforskrifta skal regulantane òg kartleggje dei økologiske problema i eit vassdrag etter ei regulering.</p> <p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs</p>

prioritera tiltak med god nytte for samfunnet. Konsekvensen vert difor i følgje BKK at vassdrag med vasskraftproduksjon berre kan ha miljømålet GØP eller MSM. BKK påpeikar at det er svært uheldig om planen vert vedteke før kost/nyttevurderingane vert gjort.

Karakteriseringa av vassførekomstane skal følgje objektive kriteria. Dette er særskilt viktig for vassførekomstar som er SMVF. BKK påpeikar at det ikkje er mogleg å få ei fullstendig oversikt over kva for vassførekomstar som er karakterisert som SMVF. Til dømes er bruken av MSM ulik mellom vassområda. Voss - Osterfjorden brukar MSM på 51 vassførekomstar der det presiseras at det ikkje skal setjast i verk tiltak. I andre vassområder finst eksemplar med MSM, men med forslag om revisjon og krav til minstevassføring i vassførekomsten.

I Hardanger vassområde er fleire innsjøar satt til MSM grunna svært stor påverknad av regulering (ca. 40 - 90 meter). I vassområde Voss - Osterfjorden er det ikkje brukt MSM for nokre innsjøar påverka av regulering sjølv ved stor regulering. I vassområde Vest er Botnavatnet (24 meter regulering) satt til MSM, medan Svartavatnet (45 meter regulering) er oppsett med miljømål GØP. BKK påpeikar at om det er individuelle årsakar til den ulike behandlinga må dette kome tydeleg fram i planen.

I planen settas det fram ei generell oppmoding om revisjon av ti vassdrag med krav om minstevassføring og/eller magasinrestriksjonar (s 42). Fire av desse vassdraga har NVE kategorisert som 1.2 vassdrag (rapport 49:2013) der det på overordna nivå er vurdert at verdien av krafttapet overgår miljøgevinsten av vasslepp. Forslag om minstevassføring og magasinrestriksjonar i 1.2 vassdrag er i utgangspunktet ikkje i samsvar med dei nasjonale føringane gitt av KLD og OED 24. januar. 2014. BKK meiner at planen ikkje bring fram forhold utover det som allereie er vurdert i NVEs rapport 49:2013. Vidare påpeikar BKK at om ein på regionalt plan velger å sjå vekk ifrå nasjonale føringar må dette tydeleg informerast om i planen.

BKK meiner og at det er ein del SMVF som etter deira vurdering har fått feil miljømål ut ifrå karakteriseringa og den faktiske tilstanden i vassførekomsten. Eit

høyringa.

Ein må vurdere behovet for minstevassføring utifrå tilstanden i vassdraget og ikkje utifrå konsesjonen som vart tildelt for 40 år sidan.

I takrenneprosjekt må MSM brukast. Likevel kan det vere stilt krav om revisjon og minstevassføring. I særskilde vassførekomstar.

I eit vatn som er kraftig regulert, er det framleis eit vass-spegl og difor vatn som gir biologisk liv. Det må difor vere GØP.

Vassområdet Voss-Osterfjorden meiner at 1.2 vassdrag som Ekso, Teidalen og Bergsdalen, har så store miljøproblem at dei må prioriterast som 1.1 vassdrag. Sakshandsaminga til NVE vil avklara nytte og kostnader av endra konsesjonsvilkår.

Endring i miljømål. BKK har rett. Her skal det stå GØP.

	døme er Grøndalselvi i Eksingedalen, over Bergovatnet. Denne strekninga har berre resttilsig, men miljømålet er likevel satt til «God økologisk tilstand» (GØT 2027) med forslag om problemkartlegging, biotoptiltak og revisjon. BKK har registrert fleire liknande tilfelle, og dette må rettast før endeleg plan kan verte vedteken. For desse vassførekomstane må miljømålet setjast til oppnådd GØP med utgangspunkt i dagens tilstand før kost/nyttevurdering er gjennomført.	
Matrevassdraget	Matrevassdraget er eit av vassdraga som er prioritert i kategori 1.1 i NVEs rapport 49/2013. Prioriteringa er etter vår oppfatning prega av tiltak retta mot friluftsliv. BKK innfrir i stor grad forslaga om minstevassføring på anadrom strekning nedstraums Hommelfoss kraftverk, slik dette driftas i dag. Vassforvaltingsplanen føreslår berre biotoptiltak i Matrevassdraget. Dette er ein type tiltak som ikkje krev revisjon, og då er det heller ikkje grunnlag for å be om vilkårsrevisjon for å innføre minstevassføring og/eller magasinrestriksjonar i Matrevassdraget, slik som er skildra på s. 42 i forvaltingsplanen.	
Tiltak	BKK meiner at for å fremma forslag om vilkårsrevisjon i vassforvaltinga må det identifiserast realistiske tiltak med god samfunnsnytte og desse tiltaka må vere av ein art som krev vilkårsrevisjon for å kunne verte gjennomførte. Vassforskrifta gir ikkje åtgang til å setje miljømål på bakgrunn av landskapsomsyn, friluftsliv eller andre brukarinteresser som ikkje har noko med miljøtilstanden i sjølve vassførekomsten å gjere. BKK meiner at slike tiltak som ikkje er heimla i Vassforskrifta, må takast ut frå planen. Særleg i Hardanger vassområde og for Solsævatnet i Ulvik er det føreslått magasinrestriksjonar med bakgrunn i friluftsliv og andre tema som ikkje skal vere ein del av vassforvaltingsplanen. <u>Sjå link</u> og trykk «vedlegg med konkrete kommentarar der BKK har aktivitet», under <i>Næringsliv (19)</i> , BKK.	Vassregionmyndigheita kan gjerne møte med BKK der ein ser på kost/nytte ved ulike tiltak. Konkrete kommentarar og endringsforslag til tiltaka vil kome i reviderte miljømål og Tiltaksprogrammet
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering og miljømål).	

COWI

Fråsegn ved: Oddmund Soldal, 17.12.2014. [Sjå link](#)

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Prosjektgruppas innspel gjeld behov for samordning av prosjektets målsettingar	

	og planar med dei føreslåtte planane for Byfjorden indre del, og summert opp nedanfor.	
Endringsforslag	<p>I følgje COWI har Byfjorden indre del eit betydeleg hamneanlegg og menneskeskapt kystlinje og bør utpeikast som ein sterkt modifisert vassførekomst (Vassforskrift §5).</p> <p>Gruppa etterlyser kost/nyttevurdering i dei framlagte planane. Bergen hamn er ei aktiv hamn, med verna kulturminner og urban påverknad. Tiltak mot forureina sjøbotn forventas å verte det største, dyraste og mest kompliserte tiltaket i vassområdet vest. COWI meiner at miljømål for Byfjorden indre del må baserast på ei kost/nyttevurdering (Vassforskr. §10) og samordnas med politisk vedtak i Bergen kommune.</p> <p>Datagrunnlaget i databasane Vassmiljø og Vann-Nett er ikkje fullstendige. Det manglar data frå mellom anna Byfjordsundersøking og frå kartleggingar i regi av <i>Ren havn Bergen</i>.</p> <p>Føreslått overvåkingsprogram for Byfjorden indre del er ikkje grunngeve. Overvåkingsprogrammet må samordnas med pågåande program som Byfjordsundersøking og kartleggingar i regi av <i>Ren havn Bergen</i>.</p>	<p>Utfordringa i indre hamn er i hovudsak i forhold til miljøgifter. Her gjeld dei same krava i naturlege og i sterkt modifiserte vassførekomstar. Vassregionmyndigheita meiner at Indre hamn kan nå god økologisk status på tross av hamneanlegga og at den derfor bør vere ein vanleg vassførekomst.</p> <p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.</p> <p>Vann-Nett oppdaterast fortløpande og Fylkesmannen mottar gjerne data.</p> <p>Overvåkingsprogrammet etter vassforskrifta er ei skisse, der tiltaksovervaking og problemkartlegging er føreslått i samsvar med forslag i tiltaksprogrammet til tiltak og utfordringar i vassførekomstane. I starten vil det vere nokre hol, som vi reknar med å fylla ut. Dette gjeld m.a. for dei vassførekomstane COWI tek opp.</p>
Miljømål	<ul style="list-style-type: none"> - Tilstanden i sedimenta skal ikkje vere til hinder for bruk av sjø- og hamneområda til nærings- og fritidsaktiviteter. - Tiltak skal bidra til å redusere innhaldet av miljøgifter i fisk og sjømat frå Byfjorden. Spreiing av miljøgifter frå sedimenta i Vågen skal reduserast med 80%. - Ny tilførsel av miljøgifter frå land skal minimaliseras. - Tiltak skal utførast skånsamt for å bidra til bevaring av kulturminner i området. - Tiltak skal planleggjast og gjennomførast på ein måte som er minst mogleg til hinder for dagleg hamnedrift og til minst mogleg sjenanse for nærmiljøet. 	

Tiltak	<p>For å oppnå miljømåla anbefalast tiltak i heile Vågen med unntak av eit lite areal framfor Bryggen. Dette arealet utgjer 0,5% av heile Vågen. Området er utelatt fordi det er særleg rikt på kulturminner, det er anteke store kostnader til arkeologiske utgravingar og det er berekna at det vert spreitt lite forureining frå dette arealet.</p> <p>Mudring skal avgrensast til det som er naudsynt for å drifte hamna på ein hensiktsmessig måte.</p> <p>I indre deler av Vågen anbefalast tynnsjikttildekking som hovudmetode og i ytre delar anbefalast mudring.</p> <p>Anbefalte tiltak for å nå miljømålet på 80% reduksjon i spreining av miljøgifter er estimert å koste 160 mill. NOK, kor kostnader til arkeologi utgjer ca. 15 mill. NOK.</p>	<p>Dette vil ein få betre svar på etter at kost/nyttevurderingar er gjort.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Fiske- og havbruksnæringens landsforening (FHL)

Fråsegn ved: Regionsjef Hans Inge Algrøy, 22.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>FHL lyftar fram nokre rapportar og publikasjonar angåande mellom anna vurdering av eutrofieringssituasjonen i kystområder. FHL meiner at slik informasjon burde vore lagt inn i Vann-Nett av Fiskeridirektoratet, som ansvarleg myndigheit.</p> <p>Heile arbeidet med vassforvaltingsplanane har etter FHL si meining lidd under store krav til gjennomføring med til dels mindre oppfølging med omsyn til løyver. Til ein viss grad har dette gått utover medverknad. Høyringsdokumenta vil vere i endring ut ifrå innsamling av ny kunnskap. I denne prosessen ber FHL om at det vert lagt vekt på løypande involvering av involverte parter.</p> <p>Vassforskrifta må utarbeidast og formulert på ein måte som tek omsyn til ein kunnskapsbasert avveging mellom ulike samfunnsviktige omsyn og ansvarsområda mellom sektorlovene og vassforskrifta må vere best mogleg avklart.</p>	<p>Takast ikkje til følge – dette er Fylkesmannen si oppgåve. Ingen endring.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Nasjonalt ansvar.</p>
Miljømål	<p>I tiltaksplanen er det lista opp 912 tiltak som vert sett på som viktig å få gjennomført. Det er lokale og eventuelt regionale myndigheiter i Hordaland som skal betale tiltaka, og midlane til dette vil måtte takas frå dei same offentlege budsjetta som</p>	<p>Dette er ein pågåande prosess som ikkje vert klargjort før etter 2. gongs høyringa.</p>

	<p>andre fellestiltak i samfunnet skal finansierast frå. FHL ser på føreslått innsats og kostnad på dette området som uproporsjonal med innsats på andre samfunnsområder, og meiner ambisjonsnivå og målformuleringar må justerast i takt med dette før tiltaka kan vedtakast.</p> <p>Når det gjeld spørsmålet om det er føreslått rette mål og tiltak i Hordaland, meiner FHL at planen gir eit oversiktleg bilete av påverknadskjeldene, men at graden av påverknad, konsekvensane av dette og behovet for tiltak, ikkje er grunngjeve godt nok.</p>	<p>Noko omskriving av planen til oppklaring.</p>
Havbruksnæringa	<p>Når det gjeld biologisk påverknad frå havbruksnæringa så er dette uavklart. FHL meiner det er ikkje er grunnlag for karakterisering og dermed påverknadsanalyse avklart (dette er under arbeid i Miljødirektoratet saman med Fiskeridirektoratet, men det er uavklart korti rapporten skal ferdigstillast). FHL er difor overraska over at det i mange vassførekomstar står påverknad frå lus/rømt fisk oppført i Vann-Nett og er brukt i arbeidet med vassforvaltingsplanane og tiltaksprogramma. FHL påpeikar at «Klima – og miljødepartementet er sektormyndigheit og har ansvar for å fastsette miljøtilstanden i vassdrag, og et av kvalitetskriteriene er anadrom fisk. Sektormynda for havbruk, som i dette tilfelle er fiskerimyndigheitene, har ansvar for å vurdere graden av påverknad frå lakselus (Mattilsynet) og rømt oppdrettsfisk (Fiskeridirektoratet) på de aktuelle vannforekomstene.» Dette har det ikkje vore teke omsyn til i rapporten etter FHL sin mening.</p> <p>Til tross for at overordna myndigheiter har erkjent at kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok til å vurdere eventuelle påverknadar frå havbruksnæringa si side frå lakselus og rømming er det lista opp ei rekke vassførekomstar i Hordaland karakterisert som påverka av lakselus og rømming. Det meiner FHL ikkje er rett.</p>	<p>Takast ikkje til følge. Dette er forskarane usamde om. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.</p> <p>Takast ikkje til følge. Kor stor påverknaden frå fiskeoppdrett er, er ikkje avklart, men at den er stor, er heva over tvil. Sjå t.d. rapport: «Fisken og havet, særnummer 2 – 2014» frå Havforskningsinstituttet. Ein kan difor ikkje bevisst oversjå dette.</p>
Punktutslepp	<p>FHL peikar på at eit punktutslepp frå industriverksemd i området ved Dåfjorden i Stord kommune gir eit misvisande bilete. Heile Stokksundet mellom Stord og Bømlo er farga raudt på kartet noko som ikkje kan bekreftas grunna manglande detaljkunnskap om dei lokale forhold. Dette vil igjen ha konsekvensar for annan aktivitet i området, som til dømes oppdrett av fisk. FHL ber difor om at dette punktutsleppet vert avmerkt på ei annan måte i kartet.</p>	<p>Takast ikkje til følge. Situasjonen i Stokksundet er målingar av kvikksølvinnhald i fisk som er så høgt at det slår ut automatisk i databasen. Det er her kjemisk tilstand som gjer at vassførekomsten kjem dårleg ut. Om innhaldet av kvikksølv i fisk endrar seg vil vassførekomsten få ny klassifisering.</p>

Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.
-------------------	--

Haugaland kraft

Fråsegn ved: Divisjonsjef Magne G. Bratland og prosjektleiar Svein G. Langaker, 12.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Haugaland Kraft har påpeika at deira innspel frå 03.05.2013 (utfylt tabell pr mail) ikkje har kome med i planen.	Til utgreiing.
Miljømål	For innspel til miljømål og tiltak, sjå vedlegg .	Konkrete kommentarar og endringsforslag til tiltaka vil kome i revidert plan for Tiltaksprogrammet
Innsjø	Berre ein av Haugaland Kraft sine kandidatar til SMVF er nemnd i Regionalplanen, vassførekomst 041-47-L Løkjelsvatn. Vassførekomstane 041-1472-L Hardlandsvatn, 041-1473-L Store Krokavatn og Bassurvatn, 041-1474-L Iilsvatn, 041-1475-L Grindheimsvatn og 041-22375-L Hjørnåsvatn er ikkje inkludert.	Ok.
Elvar	Ingen av Haugaland Kraft sine kandidatar til SMVF er inkludert: 041-59R Krittleeelva, 041-66-R Kaldheimselva, 041-26-R Elv mellom Store Krokavatn/Bassurvatn og Hjørnåsvatn, 041-18-R Elv mellom Løkjelsvatn og Hardlandsvatn, 041-28-R Elv frå Andersvad, 041-22-R Elv mellom Grindheimsvatn og Hjørnåsvatn. Og 041-20-R Elv mellom Hardlandsvatn og Litledalsvatnet.	Ok.
Tiltaksprogrammet	Ingen av Haugaland Kraft sine innsjøar og/eller elvar er nemnde.	Ok.
Overvaking	Alle Haugaland Kraft sine innsjøar og elvar er nemnde med unntak av 041-22375-L Hjørnåsvatnet.	Ok.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Hordaland bondelag

Fråsegn ved: Representant Steinar Steine

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Overvaking	Ingen innvendingar til overvaking, men vil oppmoda til ei sterkare involvering av grunneigarane i dei enkelte elvar under overvakinga enn det som har vorte gjort i kartleggingsfasen.	Ingen endring.
Kantvegetasjon	Hordaland bondelag er bekymra for dei områda som no er kartlagt at det skal etablerast kantvegetasjon, ettersom areal i Hardanger er avgrensa og har lite moglegheit til å gi vekk areal til å dyrka ore-skog på. Hordaland bondelag påpeikar og at det er heller ikkje heimel i lov for å krevja at grunneigar skal etablere kantvegetasjon i form av skog. Vassre-	Tiltaka som går på kantvegetasjon er komen fram for å gi betre oppvekstvilkår for sjøaure, sjå RB- rapport1781. Tiltak må vurderast nærare hos tilsynsmyndigheit. Tiltaka bør likevel få stå i planen som eit mulig tiltak. Det er små konsekvensar av tiltaket og kan lett endrast av tilsynsmyndigheita dersom høg kost/nytte faktor skulle vise seg. I dei fleste høve er

	surslov §11 krev ikkje at ein skal re-etablera kantvegetasjon som ikkje var der før lova tredde i kraft. Lova definerer heller ikkje størrelse på kantvegetasjon. Ser ein på Forkrift om produksjonstilskot set den visse krav til kantvegetasjon.	det nok at kantvegetasjon får vekse opp naturleg.
Miljøkrav	Det skal ikkje føretakast inngrep av negativ tyding for kulturlandskapet. For å ta i mot fullt produksjonstilskot er det krav om at det skal setjast av to meter vegetasjonssone som ikkje jordarbeidas mot vassdrag og kanalar. Hordaland bondelag påpeikar her at kravet er berre at jorda ikkje vert pløgd opp, men at ein kan likevel hausta det naturlege graset. Ut i frå dette ser ikkje Hordaland bondelag at dei kan påleggjast å etablera meir skog langs elvekantane enn det som allereie finst.	Desse forholda må vegast opp mot behov som fisken måtte ha. Kost/nyttevurderingar i kvart tilhøve.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Hordaland Energi Norge

Fråsegn ved: Direktør, fornybar energi, klima og miljø Sigrid Hjørnegård, 17.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Høyringsprosessen	Høyringsdokumenta står fram som svært uoversiktlege og i nokre vassregionar vert det gjort endringar av høyringsgrunnlaget undervegs. Dette er ikkje i tråd med krava til god saksbehandling i forvaltinga.	
Planstruktur	Energi Norge meiner at nytteeffektane av dei føreslåtte miljøtiltaka må få større merksemd i høyringsdokumentet. Energi Norge etterlyser ei meir overordna analyse av dei føreslåtte tiltaka som sikrar heilskapleg økosystemtilnærming. Vidare meiner Energi Norge at ein meir overordna analyse bør og vurdera nullalternativet (utvikling utan tiltak) sidan miljøtilstanden ei rekke stadar er i utvikling også utan nye tiltak. Energi Norge meiner det er for einsidig fokus på minstevassføring og magasinrestriksjonar når andre tiltak ofte kan vere meir aktuelle.	Heilskapleg økosystemtilnærming er målet for planen. Forhåpentlegvis vil ein ha betre forståing av dette etter ei kost/nyttevurdering av dei ulike tiltaka.
Miljømål	Energi Norge peikar på at det ikkje er gjennomført konkrete kost/nyttevurderingar etter regelverket og dei nasjonale føringane. Konsekvensen av dette er at det ikkje er mogleg å prioritere tiltak med samfunnsøkonomisk nytte. Miljømålet i vassdrag der det er vasskraftproduksjon må difor setjast til GØP, tilsvarande dagens tilstand. Noko anna vil innebære at det fastsetjast konkrete miljømål på sviktande kunnskapsgrunnlag, som vil bringe Noreg bort frå vassdi-	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.

	<p>rektivets og vassforskriftas overordna mål om berekraftig bruk av vassressursane. Målet om GØP vil kunne endrast i neste planperiode dersom ny kunnskap og gjennomføring av kost/nyttevurderingar av tiltak tilseier det.</p>	
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Hydro Husnes

Fråsegn ved: Leiar for ytre miljø Anne Helen Ripel, 22.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Hydro Husnes poengterer at det er andre verksemder rundt Opsangervatnet som kan vere andre mogelege kjelder som kan bidra til tungmetallforureining. På s.32 i planen (Overvakingsprogrammet) er vatnet oppført med P+T. Hydro Husnes peikar på studiar og regelmessige testar som verifiserer at deira verksemd ikkje forureinar verken vatnet eller lufta. Hydro Husnes ynskjer at dette vert teke med i vurderinga med tanke på P+T.</p>	Takast til vurdering.
Vann-Nett: Tilstandsklasse	<p>Stasjonsutvalet som klassifiseringa er basert på, er svært mangelfullt og sannsynligvis ikkje representativt for vassførekomsten Husnesfjorden. NIVA testar har vist ei samla God tilstand medan vassførekomsten er klassifisert til Svært God i Vann-Nett. Samla vurdering av økologisk tilstand er satt til Moderat basert på overskridingar av EQS-verdiar for dei vassregionspesifikke stoffa, noko som er i tråd med klassifiseringsrettleiar. Blant dei vassregion-spesifikke miljøgiftene, er det PAH og metallar som overskrider EQS. Hydro Husnes meiner at data i Vann-Nett sannsynligvis ikkje er lagt inn rett og det er usikkert om dei data som er registrert for vatn som matriks, eigentleg skal vere for sedimenter. Dette må avklarast før ein kan sette endeleg økologisk tilstandsklasse, men viss det er tilfelle er tilstanden God. Det er også uvisse rundt PAH-verdiane i Vann-Nett for vassførekomsten.</p>	Fylkesmannen vurderer karakteriseringa på nytt.
Vann-Nett: Kjemisk klasse	<p>Data for kjemisk klassifisering vekkjer heller ikkje tillit ettersom dei same feila som er registrerte for dei vassregionspesifikke stoffa, også gjeld for dei som står på EUs prioriterte liste. Økologisk og kjemisk klassifisering er sannsynlegvis riktig, men datagrunnlaget bør forbeholdt (biologi) og kvalitetssikrast på nytt (miljøgifter) før ei sikker klassifisering kan gjerast. Det er og usikkert om stasjonsnettverket som ligg til grunn for prøvar av miljøgifter og biologiske kvalitetselement, er representative for vassførekomsten</p>	Det går føre seg eit fortlaupande arbeid for å oppdatere Vannmiljø og Vann-Nett med data.

	som heilskap. Data som skal samlast inn i neste planperiode vil høgst sannsynleg føre til at datagrunnlaget forbeholdt slik at nye klassifiseringar kan verte utført på eit betre vedtaksgrunnlag enn det som no føreligg i Vann-Nett.	
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Marine Harvest

Fråsegn ved: Miljø- og kvalitetssjef Ingrid Lundamo, 31.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Særs lik tilnærming som Alsaker Fjordbruk .	
Uavklarte problemstillingar (s.33)	Etter Nærings- og Fiskeridepartementet er det ikkje like tett samanheng mellom talet fisk i sjøen og innslaget av rømt oppdrettslaks i elvene, som samanhengen mellom talet fisk og lusepåverknaden på villfisk og det vil vere vanskeleg for vassregion Hordaland å handtere utfordringar med rømt oppdrettsfisk i eit regionalt perspektiv. Marine Harvest stillar seg avventande til avklaring ifrå statelege myndigheiter.	Einig i at talet fisk i sjøen ikkje nødvendigvis har samanheng med talet rømmingar. Men vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.
Påverknadar	På side 33 er det skildra at vassregion Hordaland stillar seg avventande til avklaring frå statelege myndigheiter når det gjeld regionalplanen. I tabellen på side 35 skildrast påverknadar, årsak, omfang og effekt av påverknadane. Eit av punkta i tabellen omtalar «Biologisk påverknad» og «lakselus/rømt fisk». Marine Harvest meiner at viss ein skal stilla seg avventande til statelege myndigheiter avklaring på spørsmålet bør dette punktet takast ut av tabellen.	Takast ikkje til følge. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.
Vill laksefisk (s.47)	Plandokumentet skildrar situasjonen for villaks og sjøaure som kritisk. Det einaste som problematiserast rundt villaks og sjøaure er eventuelle påverknadar frå lakselus og rømt fisk, noko som det allerie tidleg i dokumentet er avklart (stillar seg avventande til statelege myndigheiter avgjerd om korleis skal handterast).	
Innsjøar (Figur 13 på side 51)	Eitt av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet er upresist. Marine Harvest har forståing for at det kan vere ukjente påverknadar frå rømt fisk, som skildra tidlegare i dokumentet. Lakselus lever og formeirar seg på laks og aure i saltvatn. Når anadrom fisk vandrar til ferskvatn gjennomgår den ein naturleg avlusingsprosess, då lakselus ikkje lever i ferskvatn. Korleis dette skal ha ukjent påverknad i innsjøar, kor lakselusen døyr fordi den ikkje toler ferskvatn er upresist og	Takast ikkje til følge. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.

	bør endrast. Lakselus har ingen påverknad i innsjøar og registreringa av 17 innsjøvassførekomstar per 17.11.2014 som har ukjent påverknad frå lakselus må takast vekk.	
Kystvatn (Figur 14 på side 52)	Eitt av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet er upresist. Villaks formerar seg i elv og ein ynskjer å forhindre genetisk interaksjon mellom villaks og oppdrettslaks. Marine Harvest påpeikar at den ukjente påverknaden for rømt fisk er i elv og ikkje i kystvassførekomstar og føreslår at punktet rømt fisk takast ut.	Takast ikkje til følgje. Rømming av fisk skjer i kystvatn, men påverknaden skjer i elv. Det er semje mellom Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet om at eventuell påverknad av rømt fisk skal markerast i dei anadrome vassdraga og ikkje i sjø.
Ellevassførekomstar (Figur 15 på side 53)	Eitt av punkta er rømt fisk og lakselus. Dette punktet er upresist. Korleis dette skal ha ukjent påverknad i elvar er upresist og bør endrast. Lakselus har ingen påverknad i ellevassførekomstar og er allereie regulert gjennom forskrift om motarbeiding av lakselus i akvakulturanlegg (FOR-2012-12-05-1140).	Takast ikkje til følgje. Vassregionmyndigheita i Hordaland meiner at det er riktig å omtale lakselus og rømming av laks som problem i planen, sjølv om dei aktuelle direktorata og departementa ikkje har vorte einige om korleis problemet skal karakteriserast, og det er noko usemje om omfanget av problemet. At det er et problem er dokumentert, og det er i periodar høge tal av lakselus og rømt fisk i Hordaland.
Vann-Nett	I Vann-Nett per 17.11.2014 er det registrert 65 ellevassførekomstar påverka av lakselus. Marine Harvest ber om at dette vert fjerna frå registreringa og setjast til null. All påverknad frå lakselus vil nødvendigvis skje i kystvatn.	Takast ikkje til følgje. Vassførekomstane vert påverka av lakselus, sjølv om det er statleg føring om at graden av påverknad er ukjent.
Vassområda	Same skildring av kvart enkelt vassområde som Alsaker Fjordbruk .	
Tiltak	Same kommentarar på Tiltaksprogrammet som Alsaker Fjordbruk .	Konkrete kommentarar og endringsforslag til tiltaka vil kome i revidert plan for Tiltaksprogrammet.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

NIVA

Fråsegn ved: Forskar Anders Hobæk, 28.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Usikkert faktagrunnlag. Heile 96% av vassførekomstane i regionen er klassifisert i ein av «Anslått» kategoriane. Dette skyldas både manglande datagrunnlag, men og at data som finst ikkje er tilgjengelege via Vannmiljø/Vann-Nett. NIVA har funne ei rekke direkte feil i datagrunnlaget (Vann-Nett) for typifisering og klassifisering av vassførekomstar, og mykje av det som ligg her synast å bygge på anslag. Uvissa i forhold til å kunne fastslå vasstypar og miljøtilstand forplantar seg også vidare i prosessen med å vurdere måloppnåing, samt eventuelt avlastingsbehov og aktuelle tiltak. Ein konsekvens av dette må verte at problemkartlegging vert ei vesentleg oppgåve i forvaltingspe-	<p>Dette vil verte betre opplyse i innleiinga til planen.</p> <p>Det går føre seg eit fortlaufande arbeid for å oppdatere Vannmiljø og Vann-Nett med data.</p>

	<p>rioden, med omfattande revisjon av data-grunnlaget for tilstandsvurdering og prioritering av tiltak.</p> <p>Det burde vore lagt inn fleire ressursar på</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) representativt tiltaksretta overvakingsprogram der nokre vassførekomstar veljast ut som representative for fleire liknande vassførekomstar, (2) import av eksisterande data i Vannmiljø/Vann-Nett, (3) Modellering av miljøtilstand i enkeltlokalitetar basert på storskala datasett og empiriske (statistiske) samanhengar mellom fysiske, kjemiske og biologiske miljøvariable, og (4) Problemkartlegging i områder med komplekse/uavklarte problemstillingar. 	
Påverknadar	<p>Dei ulike påverknadane må spesifiserast betre i dei ulike delane av forvaltingsplanen, då både overvaking, klassifisering, kjelderekneskap og tiltaksplanar ofte er spesifikke for kvar påverknad (eks. eutrofiering, organisk belastning, forsuring, hydromorfologiske inngrep). Det er viktig ikkje berre å sjå på dei ulike påverknadsfaktorane enkeltvis. Dei fleste vassførekomstar med redusert miljøtilstand er utsett for stress frå fleire faktorar samstundes. I tillegg til dagens påverknadar vil klimaendringar kome inn som ein stadig viktigare stressfaktor i løpet av dei neste 20-30 år. Med dette som bakteppe, vil det i aukande grad krevjast god bakgrunnskunnskap om påverknad for å kunne identifisera «dei rette» tiltaka for å betre miljøtilstanden.</p>	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.
Tiltaksprogrammet	<p>Med bakgrunn i den store uvissa knytt til vassførekomstens miljøtilstand, tiltaksbehov og påverknadsfaktorar er det faglege grunnlaget for tiltaksprogrammet svært spinkelt. Dette medverkar til at programmet i stor grad står fram som eit foreløpig dokument, med generelle vurderingar rundt antekje tiltaksbehov i vassførekomstane samt ein omfattande oppstilling av alle tenkelege tiltak som kan bidra til å forbetre miljøtilstanden. Grunnlaget for-, realismen i-, eller forventede effekt av dei nemnde tiltaka er likevel ikkje vurdert. Dette gjeld òg kostnadane ved å gjennomføre tiltaka. Dette betyr at tiltaksprogrammet slik det føreligg, først og fremst vert eit rammeverk for den vidare prosessen med å utgreie, prioritere, og setje i verk miljøforbetrande tiltak.</p> <p>Fleire tiltak som har kome opp i lokale tiltaksanalyser er:</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Større kapasitet på avlaup og betre overvasshandtering - Handtering av avrenning frå diverse avfallsdeponiar i fleire vassområde - Handtering av vegar og tette flatar - Kartlegging og tiltaksovervaking i sjøaurebekkar - Påverknad i frå lakselus og rømt oppdrettsfisk. 	
Prioriteringar	<p>NIVA meiner at tiltaksanalysane frå vassområda er mangelfulle fordi det ikkje har vore tilstrekkeleg dokumentert kunnskap om vassmiljøet til å kunne fastsetje konkret tiltaksbehov. Forvaltingsplanen framhevar at prioriteringane skal baserast på lokale tiltaksanalysar (vassområda), og omtalar følgjande tema som viktige: Sprette avlaup, vassdrag med vasskraft, betre forhold for laks og sjøaure, miljøgifter, landbruk, og at elvemusling skal bergas i regionen.</p> <p>NIVA meiner vidare at dei føreslåtte tiltaka likevel stort sett er av generell karakter, og det står igjen mykje arbeid med å konkretisere desse. I tillegg vil NIVA påpeika at kloaklekkasjar og overløp er eit betydeleg problem i byar og fleire tettbygde områder, og tiltak er nødvendige for å kunne nå miljømål i desse områda, særleg i lys av meir ekstremnedbør som må forventas å auke med klimaendringane. Konkrete tiltak for å hindre forureining frå fiskeoppdrettsanlegg i kystområder med utilstrekkeleg vassutskifting og mot spreining av fremmande fiskeslag bør også inngå i forvaltingsplanen.</p> <p>NIVA peikar på forureina fjordsediment som eit anna viktig tema. Ubåtvraket ved Fedje er openbart den viktigaste enkelt-saka i regionen, men arbeidet med oppreinsking av hamneområder, industriområder og småbåthamner må også prioriteras. I tillegg til vidareføring av Miljødirektoratets fylkesvise tiltaksplaner, bør problemkartlegging knytt til mistanke om forureina sjøbotn vere aktuelt ei rekke stadar.</p>	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.
Overvaking	Overvakingsplanen gir ingen detaljar om aktuelle kvalitetselement, parametarar, prøvetakingsfrekvens, osv. for problemkartlegging eller tiltaksovervaking. Det står att eit omfattande arbeid med å utarbeide detaljar i overvakingsprogramma. NIVA understrekar at utbyttet av problemkartlegginga i stor grad vil avhenge av korleis programma vert designa og	Excel-arka som er vedlegg til overvakingsplanen har meir detaljar. Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.

	gjennomført reint fagleg. Framfor å spreie aktiviteten på ei heil rekke undersøkingar i enkeltlokalitetar bør det vurderast å konsentrera innsatsen om nokre færre problemstillingar og heller gjere ein grundigare jobb med desse.	
Miljømål	NIVA påpeikar at det verkar urealistisk at ingen vassførekomstar er oppført med utsett frist (etter 2021) for å nå miljømåla. NIVA går ut ifrå at dette bilete vil nyanse-rast atskillig i løpet av planperioden.	Endring til utsett frist. Nokre vassførekomstar vil få utsett frist etter Vassforskriftas §9.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering, utsett frist).	

Norges Fiskarlag

Fråsegn ved: Jan Henrik Sandberg, 30.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Norges Fiskarlag påpeikar at manglande vurderingar av samfunnsøkonomi og økosystemtenester er ein betydeleg svakhet i dei aktuelle planane.	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.
Gyte-, oppvekst- og fiskeområder	Norges Fiskarlag meiner svært få av forslaga til forvaltingsplanen og tiltaksprogram nemner behovet for å ivareta viktige fiskeområder, gyteområder og oppvekstområder i sjøen. Norges Fiskarlag vil oppmode vassregionmyndigheiter å ta desse nøkkelområda til betraktning ved endeleg utarbeiding av forvaltingsplanar og tiltaksprogram. Dei regionale vassforvaltingsplanane skal og innehalde eit register over såkalla «verna områder», kor det er aktuelt å føreslå særleg strenge miljømål. Slike verna områder kan også inkludere gyte-, oppvekst- og fiskeområder av tyding for økonomisk viktige arter. Norges Fiskarlag ber difor vassregionmyndigheita om å gå i dialog med Fiskeridirektoratet og fylkesfiskarlag for å identifisere desse områda, og gi dei særleg vern mot forureinande utslepp.	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Register over verna område vert utarbeidd sentralt av direktorata. Vassregionmyndigheita brukar dette registeret.
Miljøgifter, sjømattryggleik og fiskerinæring	Norges Fiskarlag oppmodar vassregionmyndigheita om å auke vektlegginga av og omsynet til sjømattryggleik i forslag til forvaltingsplanen og tiltaksprogram.	Sjømattryggleik er i hovudsak Mattilsynet sitt oppgåveområde.
Utslepp frå gruveverksemd	Det må sikrast at utslepp/deponering av meir eller mindre giftig gruveavfall ikkje øydelegg fjordmiljø, gyteområder og omsynet til mattryggleik. Forureining frå ny gruveverksemd er likevel i liten grad vurdert i aktuelle forvaltingsplanar. Sjølv om dette delvis skyldast manglande nasjonale og internasjonale avklaringar, oppmodar Norges Fiskarlag vassregionsmyndigheita til å vurdere desse forholda på ein meir konkret måte i forvaltingsplanar	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Spesielt aktuelt i forhold til nye tiltak (§12 i vassforskrifta).

	og tiltaksprogram.	
Oppdrett	Norges Fiskarlag meiner sjølve behandlinga av lakselus som og kan påverke marine vassførekomstar må nemnast. Til dømes er det vist at ulike medikament mot lakselus brytast seint ned, samtidig som dei kan vere skadelege for bestandar av reke, hummar og andre krepsdyr i nærområda til anlegga. Sett frå Norges Fiskarlags ståstad hastar det med å få på plass tiltak mot dette.	Vassregionmyndigheita avklarar i samråd med sektormyndigheiter.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Norsk Vann

Fråsegn ved: Direktør Toril Hofshagen og rådgjevar Arne Haarr, 03.11.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Ein konsekvens av planen er mellom anna ei kraftig auke av allereie høge avlaupsgebyr for innbyggjarane i kommunane.</p> <p>Ein annan konsekvens er at eigarane av avlaup frå spreitt utbygging må gjere utbetringar der dette er eit miljøproblem. Av 330.000 slike avlaupsanlegg må påreknas tiltak på halvparten- kostnad ca. 100.000 kr. pr. anlegg betyr investeringar på om lag 16. mrd.</p> <p>Norsk Vann meiner planen viser at hovudutfordringa med gjennomføring av vassforvaltingsarbeidet er finansieringa.</p> <p>Norsk Vann meiner kommunane har levert eit godt grunnlag for planen gitt dei føresetnadane som har lagt til grunn for arbeidet (for seint kome rettleingsmaterieell frå staten).</p>	<p>Ein viktig problemstilling for kommunane. Ikkje prioritert regionalt.</p> <p>Ein viktig problemstilling for kommunane. Ikkje prioritert regionalt.</p> <p>Einig.</p> <p>Einig.</p>
Kunnskapsgrunnlaget	<p>Norsk Vann meiner det har vore altfor liten tid og ressursar til å foreta klassifiseringa og tilstandsvurderinga på ei tilfredsstillande måte i denne planperioden. For alle høyringsdokumenta samla er det anslått ein pålitelegheitsgrad i kunnskapsgrunnlaget for økologisk tilstand med 7% høg pålitelegheit, 84% lav/middels pålitelegheit og 9% er ikkje definert, noko som Norsk Vann meiner er altfor lavt.</p> <p>Planutkasta viser tydeleg det store behovet for midlar til vassovervaking og nærare kartlegging av tiltaksbehov.</p> <p>Utdanning og rekruttering på vassområdet må styrkas, då kompetanse innan fagfeltet er mangelfull. Norsk Vann bidrar i stor grad her og inviterer til samarbeid.</p>	<p>Einig.</p> <p>Ok. Planen peikar på mangelfull kompetanse og kunnskap.</p>

Kost/nyttevurderingar	Norsk Vann meiner arbeidet med planen har i for liten grad kartlagt, kostnadsbereknna og prioritert tiltak som gir best kostnadseffektivitet.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.
Avlaupssektoren	Mange kommunar har god oversikt og har planar for gjennomføringa av tiltak, men treng å få styrka både kompetanse, saksbehandlarkapasitet og verkemidlar for finansiering etter sjølvkostprinsippet som avlaupssektoren er underlagt. Andre kommunar har mindre oversikt over miljøproblem i VA-sektoren og må kartlegge og planlegge før tiltak kan setjast inn.	Vassregionmyndigheita meiner det er viktig at kommunane setjast i stand til å kunne innføre tiltak og oppretthalde miljømål.
Klimatilpassing	Avrenningsutfordringane vil auke særskild i tettbygde strøk. Planen har for lite fokus på dette, noko som m.a. skyldast manglande kunnskapsgrunnlag. Staten har eit stort ansvar m.a. for kompetansebygginga på dette feltet. Behov for tiltak på brei front inne dette feltet.	
Finansiering.	Norsk Vann meiner ein må hyra inn prosjektleiarar i kvart vassområde. Må avklara nasjonal finansieringsmodell for å få PL-stillingar til 2021. Statleg støtte til utarbeiding av kommunale hovudplanar for VA er og naudsynt. Statleg etterslep på 300 mill. kr til vassforvaltingsarbeidet indikerer at ein ikkje har hatt moglegheit til å få opp eit godt nok kunnskapsgrunnlag; med risiko for å investere i feil tiltak. Behov for betydelig auka ressursar til gjennomføring.	Dette er ein pågåande prosess som ikkje vert klarlagt før høyring. Utfordring nasjonalt og som angår alle aktørar i forhold til gjennomføring.
Vassprising	Konklusjonar frå <i>Rapport om vannprising og miljømålene</i> etter EU's vassdirektiv frå mars 2011 er fortsatt aktuell og bør vidareførast.	Nasjonalt nivå.
Prioriterte stoffar	Usikkert om myndigheit til å regulere utslepp av miljøgifter/prioriterte stoffar til avlaupsnettet. Regelverk må klargjerast.	Nasjonalt ansvar.
Overvaking	Treng avklaring på kven som skal stå for overvaking og betale kva. Må sikra samordning av all overvaking som føregår. Det er ikkje samsvar i Statens rettleingsmateriell.	Tiltaksovervaking skal betalast av forureinar. Bedrifter med utslepp til vassførekomsten vil få pålegg om overvaking.
Rapportering	Bør vere samsvar mellom KOSTRA og rapportering etter vassføreskrifta.	Nasjonalt ansvar.
Karakterisering	§12 i vassføreskrifta- Ny aktivitet/nye inngrep i ein vassførekomst - treng avklaring om avgjerdas føremon.	Nasjonalt ansvar.
Tiltaksprioritering	Norsk Vann påpeikar at dei mest kostnadseffektive tiltak gjennomførast først uavhengig av sektor. Norsk Vann er bekymra for at tiltak som	Det er intensjonen. Vidare prosess og oppfølging vil forhå-

	setjast i verk ikkje er godt nok underbygd. Behov for mange avklaringar mht. sektorsvar og finansiering. Staten har eit stort ansvar her.	pentlegvis klargjere ein del.
Ressursar	Det må setjast av meir tid, bemanning og midlar til gjennomføring av planen. Prosessen har vist at det er STORT behov for å auke desse ressursane betydeleg.	Påpeika fleire plassar. Stort sett einige i dette.
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Saudefaldene

Fråsegn ved: Svein Ilstad og Ole Håkon Hovland, 22.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Saudefaldene meiner behovet for problemkartlegging i deira vassdrag er lågare enn det som kanskje er tilfelle i andre regulerte vassdrag, grunna tilgjengeleg og god dokumentasjon av forholda for magasin og vassdrag innan deira vassområde.</p> <p>Nokre vassdrag i Saudefaldene sitt reguleringsområde har feilaktig ikkje vorte kategorisert som SMVF.</p> <p>Saudefaldene påpeikar at verdiskaping for samfunnet og regional balanse i kraftforsyninga er ikkje er inkludert i vedtaksgrunnlaget.</p> <p>Saudefaldene meiner dei positive samfunnsseffektane ved vasskraft ikkje er tilstrekkeleg verdsatt i kost/nyttevurderingane og oppmodar til heilskaplege kost/nyttevurderingar i det vidare arbeidet.</p>	<p>Til vurdering ved Fylkesmannen.</p> <p>Til utgreiing.</p> <p>Til orientering.</p> <p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.</p>
Miljømål	<p>Miljømålet i reguleringspåverka (SMVF) vassførekomstar må setjast til GØP, tilsvarande dagens tilstand eller MSM.</p> <p>For vassførekomstar som er så påverka av menneskeleg verksemd at det er umogleg eller uforholdsmessig kostnads-krevjande å nå måla i Vassforskriftas §4 - §6 kan det fastsetjast MSM. Saudefaldene ventar at desse føringane vert følgde opp i planen.</p>	<p>Miljømåla for alle SMVF vert konkretiserte i 2.gongs høyring.</p> <p>Miljømål vert konkretiserte i 2.gongs høyring.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Statkraft

Fråsegn ved: Regioudirektør Jan Alne, 17.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Statkraft meiner at måla om heilskapleg vern og berekraftig bruk, med dei nasjo-	Klimaendringar og utfordringar rundt dette er allereie teke med i planen. Kor-

	<p>nale samfunnsomsyna til flaumtryggleik, klimavenleg kraftproduksjon, verdiskaping for samfunnet og regional balanse i kraftforsyninga ikkje er teke omsyn til i planutkastet.</p> <p>Statkraft meiner høyringsdokumenta er for omfattande og uoversiktlege og manglar prioritering og aggregering. Statkraft ventar det vert ny høyring dersom endringar i dokumenta vert gjort.</p> <p>Statkraft saknar konkrete kost/nyttevurderingar, noko som Statkraft meiner gjer det umogleg å prioritera tiltak med positiv samfunnsøkonomisk nytte.</p> <p>Statkraft meiner det kan vere hensiktsmessig å nytte NVE-rapport 49:2013 også i samanheng med arbeidet etter vassforskrifta, men forventar at ein òg for vassdrag plassert i kategori 1.1 vurderer grunnlaget (VP-tema og samanfatting) og reelt krafttap før mål og tiltak vert vedteke i planen.</p> <p>Då vassdrag som Mauranger og Tysso er plassert i kategori 1.1 som følgje av forhold som ikkje skal vektleggjast i arbeidet etter vassforskrifta, meiner Statkraft at det ikkje er grunnlag for å føreslå minstevassføring eller magasinrestriksjonar i vassdrag berørt av Tysso- og Mauranger reguleringane med tilvising til NVEs revisjonsrapport.</p>	<p>leis dette vil påverke regional vassforvaltning kan lesast i kap. 3.4 «Klimaendringar og flaum».</p> <p>Ei avgrensa 2. gongs høyring vert halde mellom mai og juni 2015.</p> <p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Vurderast.</p>
Nedsett energiproduksjon som følgje av tiltak	<p>Statkraft produserer om lag 6,6 TWh vasskraft i Hordaland vassregion og har berekna at vassplanens tiltaksforslag kan innebere meir enn 10% reduksjon i fornybar vasskraft, noko Statkraft ser på som svært alvorleg.</p> <p>Statkraft påpeikar at anslått produksjonstap i planen ikkje er i samsvar med dei faktiske tiltaksforslaga i planen. Statkraft har gjort berekningar for produksjonstap som følgje av minstevassføring og magasinrestriksjonar. Til dømes viser berekningar Statkraft har gjort med utgangspunkt i forslaga til minstevasslepp i elvar under Statkrafts regulering i Eidfjordregulering, dvs. elvene Norddøla, Austdøla, Sima, Oneåna. Åsåni, Nordelvi og Bjoreio, eit årleg produksjonstap på meir enn 200 GWh pr. år. Berekningane er gjennomført av Statkraft med same metodikk som NVE har nytta i rapporten 49:2013, dvs. 095 for sommar og vinter. For Tysso i Odda vil tapet som følgje av minstevassføring verte meir enn 250 GWh pr. år.</p>	<p>Kost/nyttevurderingar vert gjort før månadsskiftet mars/april og leggjas ved den avgrensa høyringa i mai til juni 2015.</p> <p>Forhåpentlegvis vil kost/nyttevurderingar klargjere dette.</p>

	<p>I tillegg til tapt produksjon av fornybar elektrisitet, som i seg sjølve vil gi redusert verdiskaping, vil slike restriksjonar også medføre at den produserte krafta får lågare verdi då den vil verte produsert på tider med lav etterspurnad.</p> <p>Sjå vedlegg 4 for tiltak Statkraft meiner må endrast.</p>	
Miljømål	<p>For enkelte reguleringspåverka vassførekomstar vert miljømålet GØT feilaktig nytta. Miljømålet i reguleringspåverka (SMVF) vassførekomstar må setjast til GØP, tilsvarande dagens tilstand. Noko anna inneber at det vert sette konkrete miljømål på sviktande kunnskapsgrunnlag.</p> <p>Statkraft meiner miljømålet for vassførekomstane under konsesjonane for Bjølvo og Mauranger bør setjast til GØP tilsvarande dagens tilstand etter at Olje- og energidepartementet fann i 2012 at vilkåra etter vassforskrifta §12 var oppfylt.</p> <p>Statkraft meiner at miljømål og tiltak som er motivert av omsyn som ikkje er omfatta av vassforskrifta, slik som fiske, landskap og friluftsliv, må fjernast frå planen og tiltaksprogrammet.</p> <p>Sjå vedlegg 4 for miljømål Statkraft meiner må endrast.</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Vurderast.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Vurderast.</p> <p>Reviderte miljømål og tiltak er inkludert i den avgrensa 2. gongs høyringa i mai-juli.</p>
Karakterisering	<p>Statkraft meiner at det eksisterande kunnskapsgrunnlaget for å utføre karakteriseringa av vassførekomstane i liten grad har vorte utnytta. Statkraft meiner og at dei nasjonale føringane heller ikkje har vorte nytta og påpeikar at konsekvensen er at ei rekke vassførekomstar som er påverka av vasskraftreguleringa ikkje har vorte karakterisert som SMVF.</p> <p>Statkraft meiner at alle vassførekomstar påverka av vasskraftproduksjon og/eller regulering for slik produksjon skal kategoriserast som SMVF, jf vassforskrifta §5 bokstav c og nasjonale føringar. Det inneber at alle vassdraga i Vedlegg 2 skal kategoriserast som SMVF, og dei som ikkje er med på lista i tabellen på side 135-140.</p>	<p>Statkraft bes sende dokumentasjon der dei meiner manglar kunnskap. Eventuelle endringar i Vann-Nett kan berre gjerast i etterkant av dette.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Vurderast.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

Strandebarm-Tørvikbygd bondelag

Fråsegn ved: 17.12.2014.

Tema

Innspel

Merknad/oppfølging

Generelt	Strandebarm-Tørvikbygd bondelag påpeikar at grunneigar bør vere mykje meir involvert i datainnsamlingsperioden. Dei er bekymra for at konklusjonar er teke på tynt grunnlag eller basert på utdatert informasjon. Dette gjeld spesielt inn- delinga i vassførekomst med «tilfredstillande» / «ikkje tilfredstillande» økologisk tilstand. Vassførekomst har ulike naturlege tilstandar, grunna ulike naturgjevne forhold. Det vert feil å prøve å betra tilstanden til noko som er unaturleg bra. Likeeins vert det feil å konkludere med at eit vatn er av «god økologisk tilstand» berre fordi ein manglar data på det motsette.	Takast ikkje til følgje. Tilstanden er ikkje noko ein kan vurdera sjølv. Det må vere målingar og objektive vurderingar som ligg til grunn.
Fjerna plastring	Plastring av elvemunningar er der for ein grunn. Bondelaget er skeptisk til fjerning av plastring, då dette vil medføre erosjon.	Takast til vurdering.
Oppretta kantvegetasjon	Strandebarm-Tørvikbygd bondelag påpeikar at dette kan vere problematisk: <ul style="list-style-type: none"> - Låg kantvegetasjon har ein tendens til å verte høg skog etter kvart. Dette hindrar lystilgang for eng og beite, noko som reduserer avlinga kraftig. - Røter frå tre og buskar vil gro inn i drenerøyra og tetta dei. Dette fører til dårleg drenering av landbruksareal og redusert avling/ større ugrasproblematikk. - Det kan oppstå kunstige demningar i bekkane grunna tilvekst/nedfall av lauv og greiner. Dette kan gi flaum eller føre til at bekkane tek nye laup. - Areal på dyrka mark vert redusert. - Oppreinsking og tilsyn med bekkane vert vanskelegare. 	Desse forholda må vegast opp mot behov som fisken måtte ha. Kost/nyttevurderingar i kvart tilhøve.
Karakterisering	<p>052-26869-L Bergsvatnet: Dette er ein innsjø med naturleg svært lite vassutskifting og høgt humusinnhald. Det kan karakteriserast som eit stort tjern i ei myr. Dette er ein naturtype som heilt utan menneskepåverknad vil gro igjen over tid. Strandebarm-Tørvikbygd bondelag meiner at fjerning av plantedeponi ikkje vil ha særleg stor effekt på miljøtilstanden i vatnet. Vatnet er omgjeve av eit breitt belte med takrøyr som visnar ned kvar haust. Dette bidrar nok med vel så mykje næringstilsig som plantedeponiet meiner dei.</p> <p>052-54-R Dragselva: Strandebarm-Tørvikbygd bondelag mistenkjer at datagrunnlaget er for gammalt. Lekkasje i avlaupsrøyr vart tetta for ca. 1,5 år sidan. Samstundes vart det laga tersklar som</p>	<p>Det bør gjennomførast eit detaljert tiltaksprogram for Bergsvatnet. Det er då naturleg å sjå på det store deponiet med avfall frå gartneriet like ved. Det bør målast kor mykje tilsig som kjem derifrå.</p> <p>Det går føre seg eit fortlaupande arbeid for å oppdatere Vannmiljø og Vann-Nett med data. Føreslåtte tiltak er rimelege (problemkartlegging, opprensing av botnsubstrat, utlegging av gytegrus), men</p>

	skulle hjelpa fisken å gå opp i elva. Arbeidet vart utført i samarbeid med NVE.	tiltak med tetting av lekkasje frå avlaupsrør fjernast.
Tilråding:	Innspelet er notert og kan føre til endringar til karakterisering.	

Sunnhordland Kraftlag (SKL)

Fråsegn ved: Saksbehandlar Magne Andresen, 19.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>SKL påpeikar planen må vere tydeligare på at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for tabellane er varierende og i enkelte tilfelle svakt. SKL meiner at planen gir inntrykk av å vere meir kunnskapsbasert enn det den eigentlig er.</p> <p>SKL meiner vidare at planen ikkje reflekter godt nok kvifor Blådalsvassdraget er så godt eigna til vasskraftproduksjon.</p> <p>SKL gir uttrykk for at dei saknar kost/nyttevurderingar, eit betre kunnskapsnivå.</p>	<p>Einig. Teke til følge.</p> <p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.</p>
Karakterisering	<p>Sandvatn er i Vann-Nett oppført som tre unike vassførekomstar (042-1482-L , 042- 186864-L og 042-23127-L), til tross for at det er eitt samanhengande vatn. Sandvatn er ikkje eit reguleringsmagasin, men ein permanent heving av dei to nedste vatna til nivået for det øvste vatnet. SKL ser ikkje argument for å dele opp i fleire vassførekomstar og meiner Sandvatn bør slåast saman til ein vassførekomst.</p> <p>Nedre del av Blåelva (042-21-R) er regulert og har ikkje minstevassføring. Dette er ein sterkt modifisert vassførekomst utan slepp av minstevassføring og skal difor klassifiserast som SMVF. Her gjeld og at den føreslåtte problemkartlegginga må gjennomførast før ein eventuelt ser på konkrete tiltak i vassførekomsten.</p>	<p>Til vurdering ved Fylkesmannen.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p>
Miljømål	<p>Dei største reguleringsmagasina i Blådalen har fått miljømål GØP 2021. Det oppfattast galt av to grunnar. Den første og viktigaste er at magasina har store reguleringar, opptil 100 m. Enkelte av magasina er bokstaveleg talt tomme ved lågaste regulerte vasstand. SKL ser det vanskeleg at det er mogleg å oppnå eit økologisk potensiale under slike forhold. Eit anna problem SKL peikar på er at planen ikkje er konsekvent ved at den set miljømål «MSM» for reguleringsmagasin med vesentlig lågare reguleringshøgder i andre vassdrag. SKL meiner regule-</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Til vurdering.</p>

	ringsmagasina skal ha miljømål MSM, i tråd med nasjonale føringar av 24. januar 2014. For dei tørrlagde elvestryka meiner SKL at miljømålet i tråd med nasjonale føringar må setjast til MSM i denne plan-perioden.	Ja, einig.
Revisjon	Det er ikkje framført argument for at det er behov for revisjon i Blådalsvassdraget, og vassdraget skal følgjeleg ikkje vere på lista over vassdrag som skal prioriterast for revisjon. Revisjon er ikkje eit verktøy for problemkartlegging. SKL meiner forvaltingsplanen ikkje har identifisert eit slikt problem. SKL meiner at revisjon av konsesjonsvilkår ikkje er relevant for Blådalsvassdraget.	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.
Tiltak	SKL meiner dei føreslåtte mogelege tiltak i Nesjastølsvatn (042-22189-L) og Sandvatn(042-1482-L, 042-186864-L og 042-23127-L) må sjåast i samanheng med det pågåande arbeidet dei gjer i samarbeid med vertskommunen i vassførekomstane.	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.
Tilråding:		

Uni Research LFI

Fråsegn ved: Ulrich Pulg, 31.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Gjennom prosjektet "Apeltunvassdraget - en perle i Bergen" kan god miljøtilstand nåast her innan 2021. Prosjektet fokuserer på løysingar for ei rekke typiske miljøproblem, til dømes forureining, vandringsbarrierar, kanalisering, bekkelukking og privat-offentlig samarbeid inkludert forskning og skule. Prosjektet er ikkje nemnd i høyringsdokumenta men bør vere med.	Til vurdering.
Tiltak	Skal målsettinga nåast (god miljøtilstand innan 2021) bør vassforskriftas leiare og eksisterande kunnskap systematisk leggest til grunn for å velje ut og å dimensjonere tiltak. For Sælenvassdraget og Fjøsangervassdraget betyr det til dømes at meir enn 50% av lukka elvestryk må opnas og restaureras dersom målet skal nåast. For Nesstunvassdraget og Haukåsvassdraget betyr det m.a. at fiskepassasjer må byggast og demningar må fjernast. Desse tiltaka er enten ikkje nemnd i høyringsdokumenta eller berre delvis skissert i eit uvisst omfang. I Fjøsanger kan eventuelt og SMFV-status vurderast men dette bør i så fall	Til utgreiing. Tiltaka i Tiltaksprogrammet vert noko omskrive til oppklaring.

	<p>eksplisitt handterast og grunnjevast. Tiltaka slik dei no er formulert i høyringsdokumenta vil mest sannsynleg ikkje vere tilstrekkeleg for å nå målsettinga etter dagens biologiske kriterier. Og som i pilotfasen rundt Nordåsvatnet 2010-2015 vil det difor vere stor fare for at målsettingane ikkje nåast innan fristen - sjølv om alle tiltaka i planen realiserast.</p> <p>Mange vassdrag er utsett for eit stort utbyggingspress, til dømes i tettbygga strøk og langs vegar. Vassforskrifta medfører eit klart forverringsforbod for miljøtilstanden. Dette punktet er særskilt viktig i Noreg sidan det fortsatt finst ei rekke elvestrekningar med gode miljøforhold. Dette gjer det enklare å nå miljømåla. Dessutan vil det vere samfunnsøkonomisk tvilsamt å bruke masse pengar på tiltak for å reversere miljøinngrep som lett kunne vore unngått. Det anbefalast difor å satse systematisk på dette punktet, til dømes med å oppføre dette i tiltakslista (bevaring av miljøkvaliteter) og å inkludere informasjon og overvaking/oppfølging av miljøskadelige inngrep.</p> <p>Ulrich Plug arbeidar med å publisere resultat frå prosjektet "Vosso område tilnærming" (for fylkeskommunen). Ein viktig del er utarbeiding av tiltak for å nå god miljøtilstand i vassførekomstane. Desse tiltaksforslaga skal publiserast i byrjinga på 2015 og bør inkluderast i tiltaks- og forvaltingsplanen 2015 etter vassforskrifta.</p>	<p>Til vurdering.</p> <p>Ein må vurderer å ta omsyn til dette når publikasjon føreligg.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Vikøy og Øystese bondelag

Fråsegn ved: Representant Steinar Steine

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Einige i Hordaland bondelag sine fråsegn.	Ingen endring.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Voss energi

Fråsegn ved: Adm. Direktør Rune Nesheim, 29.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Voss Energi meiner at planen ikkje reflekterer heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane. Voss energi meiner at klima- og miljøutfordringane saman med forsyningstryggleik, flomdemping og berekraftig verdiskaping ikkje er kome med på ein tilfredstillande måte.	Klimaendringar og utfordringar rundt dette er allereie teke med i planen. Korleis dette vil påverke regional vassforvaltning kan lesast i kap. 3.4 «Klimaendringar og flaum».

	<p>Vidare meiner Voss energi at det politiske ynskje om å optimalisere eksisterande vassproduksjon ikkje er reflektert i planforslaget.</p> <p>Voss Energi er bekymra for at det vert fastsett konkrete miljømål på sviktande kunnskapsgrunnlag, slik at intensjonen i vassdirektivets og vassforskrifta sitt overordna mål om berekraftig bruk av vassressursane ikkje vert ivareteke.</p> <p>Voss energi ynskjer at det frå nasjonalt hald vart satsa meir på kunnskapsgrunnlaget som skal liggje til grunn for mange vanskelege avgjerder i tida som kjem.</p>	Nasjonalt nivå.
Kraftprodusentar	<p>Voss Energi er bekymra for at lokale kraftprodusentar vert pålagt tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen nemneverdig utan at det vert gjennomført konkrete kost/nyttevurderingar i høve dagens krav og praksis i samsvar med regelverket og dei nasjonale føringane. Voss energi meiner ein etter ei konkret vurdering av desse tilhøva må kome fram til at fordelane overstig ulempene (positiv kost/nytte).</p> <p>Voss energi opplyser at energiprodusentane har mange eksisterande pålegg og mykje godt samarbeid med lokal forvaltning (både privat og offentleg) i samband med råka vassdrag. Dette gjeld overvaking av tilstand og iverksetjing av tiltak ved behov. Døme på dette kan vere forvaltning av fisk i fjellet og naudsynte tiltak for å auka produksjon av anadrom laks. Voss energi presiserer at godt samarbeid lokalt og regionalt om felles forvaltning bør vere utgangspunktet for vidare optimalisering av miljøtiltak i råka vassdrag.</p>	<p>Kost/nyttevurderingar vert gjort før månadsskiftet mars/april og leggjast ved den avgrensa høyringa i mai til juni 2015.</p> <p>Bra.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

4.3 Organisasjonar

14 organisasjonar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

Arna sportsfiskarar

Fråsegn ved: Formann Stein Sivertsen, 29.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Tilstandsvurdering	Arna Sportsfiskarlag ber om at Arnaelva / Storelva at snarast vert fullverdig kontrollert, kartlagt og oppgradert i forhold til Tilstand. Arna Sportsfiskarlag påpeikar tydeleg mangelfull informasjon og dokumentasjon på tilstandsvurderinga på vassførekomst 061-134-R: Arnaelva /	Arnavassdraget bør verta prioritert. Blågrønalg i Haukelandsvatnet i 2014.

	Storelva. Dei forventar ei betre kartlegging snarast.	
Karakterisering	Vassførekomst; 061-2075-L Haukelandsvatnet og 061-131-R Bjørndalselvi. Arna sportsfiskarar ynskjer at desse vert samla snarast og at dei innan 2021 vert oppgradert til miljømål klasse Svært God.	Til vurdering.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Bydelsbloggen (Stord)

Fråsegn ved: Dagleg leiar Lena B. Ask, 02.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Storavatnet i Sagvåg og Litlabøområdet er særdeles viktig for folkehelsa til folk i området, då det vert nytta til bading, roing, segling, kanopadling, fiske, skeisegåing mm. I tillegg er det mange flotte turstiar langs vatnet. Storavatnet er "truga" av vasspestsmitte frå Ådlandsvatnet, forureining frå både gruvene på Litlabø, tilsig frå den gamle bossdungen på Valvatnet og regulering grunna Erko settefisk sitt anlegg i Grunnvågen. Bydelsbloggen fryktar for lakse- og aurebestanden i vatnet og ber om at Storavatnet vert teke med i Vassregionplanen og at det vert gjennomført tiltak for å nå måla i Vassbruksplanen for Storavatnet.</p> <p>Bydelsbloggen ynskjer at Storavatnet både vert teke med i vassregionalplanen for Hordaland og at det vert gjort ein innsats for å betra tilhøva i vatnet.</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Økologisk tilstand er vurdert som god og vert difor ikkje teke med i tiltaksprogrammet.</p>
Vassbruksplan	<p>Storavatnet skal oppretthaldast og betrast som eit økologisk viktig naturområde og utviklast vidare som viktig rekreasjonsområde for innbyggjarane i kommunen.</p> <p>Den generelle vasskvaliteten i vassdraget (vatn, bekkar og elvar) skal betrast i høve til tilstanden målt i 2003.</p> <p>Det "naturlege" biologiske mangfaldet skal bevarast, og ein skal på sikt freista å få eit vassdrag mest mogleg lik "original" økologisk og vasskjemisk tilstand (naturtilstand).</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Økologisk tilstand er vurdert som god og vert difor ikkje teke med i tiltaksprogrammet.</p>
Tiltak	<p>Det er knytt opp konkrete tiltak for å nå dei ulike målsetjingane. Ettersom dei fleste tiltaka omhandlar miljø, har Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor (SFLMK) ansvaret for at mange av desse vert gjennomført. SFLMK vil fortsetje det gode samarbeidet med andre etatar internt i kommunen, men også med lokale organisasjonar og ressurspersonar.</p>	<p>Bra.</p>

Tilråding: Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.

Dale Jakt og Fiskarlag

Fråsegn ved: Leiar Inge Sandven, 01.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Tiltak	<p>Forureining frå 40 tommaren på Sandflaten er ikkje løyst. Sveinung Klyve viser til epostar og skriftlege purringar datert tilbake til 2005. Vaksdal kommune er eigar har ansvaret og skal føra tilsyn med eige anlegg. Sveinung meiner dette er uvanleg og dårleg praksis.</p> <p>Avrenninga frå idrettsanlegget på Geitabakken må kartleggast for å sjå tilstanden i den såkalla «Shampobekken». Området er eit oppvekst område for sjøaure. Karlegginga vil visa om det er naudsynt med tiltak.</p> <p>Minstevassføringa i Daleelva må kome klarare fram. Dale Jakt og Fiskarlag oppfatar ikkje minstevassføringa som privat, men som ein del av den tilstanden som konsesjonen vart gjeve den 26.06.87. Skal det gjerast endringar her må det søkjast om planendring.</p> <p>Dale Jakt og Fiskarlag ynskjer tiltak for å redusera stranding av yngel i Daleelva.</p> <p>Dale Jakt og Fiskarlag meiner at når det gjeld miljøproblem i samband med oppdrettsnæringa er rapporten svak og dårleg, og mister mykje av sin verdi. Fiskeridirektoratet har definert at effekten av rømming skal setjast til «Ukjent» og miljøtilstand og risiko skal setjast til «Udefinert». Samtidig har Miljødirektoratet pålagt rettshavarar som driv kultivering, å gentesta all laks som skal nyttast til stamfisk. Fiskeriministeren seier at forureinar skal betale. Dale Jakt og Fiskarlag meiner dei ikkje er årsak til gen-forureininga og kjem ikkje til å godta å betala for testen, men har sagt oss villige til å ta stå for prøvetakinga.</p>	<p>Kommunen arbeider alt med dette.</p> <p>Kommunen arbeider alt med dette. Mini-reinseanlegg er planlagt.</p> <p>Takast til følgje.</p> <p>Viktig sak å følgje opp.</p> <p>Til vurdering. Viktig sak å avklara. Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men mykje ligg allereie inn i høyringsdokumenta.	

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	FNF meiner at dersom ein ikkje inkluderer oppdrett som påverknad i forvaltninga av vassområde Hordaland, vil ein heller	Oppdrett er påverknad i Hordaland, men nivået på påverknaden i høve til lakselus og rømt fisk er i tråd med nasjonale

	<p>ikkje klare å oppnå målsettinga om "... reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland", skildra i kap. 1.1 "Formål med planen" i høyringsdokumentet, i dei områda som i dag er påverka av oppdrett. Dette fører til at vassforvaltingsplanen sin legitimitet svekkas. God forankring vert også vanskeligare å oppnå når problemstillingar som er så viktige for folk ikkje vert teke omsyn til.</p> <p>Planen viser til at vassregionutvalet (AU) etter høyringsperioden formelt i eige sak vil oppmode NVE om å revidere konsesjonar i både 1.1 og 1.2 vassdrag jf. den nasjonale gjennomgangen av NVE og Miljødirektoratet i 2013 (rapport 43 2013: Vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022). FNF er svært opptekne av arbeidet med revisjon av eldre vasskraftkonsesjonar og innføring av nye og meir moderne miljøvilkår. FNF vil sende inn revisjonskrav til alle 9 vassdraga som fylkesmannen har på si prioriteringsliste</p> <p>FNF oppmodar vidare vassregionutvalet til å følgje prioriteringane gjort av Fylkesmannen i Hordaland i denne saka og ikkje forslaget til prioritering frå NVE/Miljødirektoratet, då oversikten frå fylkesmannen gir eit meir korrekt bilete av kvar det hastar mest å sette i gang ein revisjonsprosess. FNF oppmodar òg vassregionutvalet til å krevje innføring av standardvilkår i dei resterande 17 konsesjonane som kan opnast for revisjon men ikkje er teke med på prioriteringslistene.</p>	<p>føringar «ikkje definert».</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Til vurdering.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Sogn of Fjordane

Fråsegn ved: Leiarar i organisasjonane v/FNF koordinator Elisabeth Dahle, 31.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	FNF viser til problem med rømt oppdrettslaks og lakselus i Yndesdalsvassdraget ned til utlaupet ved Frøyset og ber om at ei løysing på dette må kartleggast. Dei ser lukka anlegg som ei løysing. FNF Sogn og Fjordane er og bekymra for utviding av produksjonen ved steinbrotet i Sløvåg i Gulen kor utslepp av steinstøv og sjøslam breier seg i auka omfang på sjøbotnen.	Tiltak mot lakselus og rømming er i liten grad handsama i planen sidan karakteriseringa ikkje er gjennomført.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Haukåsvassdragets venner

Fråsegn ved: Kontaktperson, Evard Rieber-Mohn,

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Haukåsvassdragets venner har byrja å jobba med planar for et anlegg av fiske-trapp for sjøaure ved Hylkesstemmen. Dette er sjølvfinansiert og siktar ikkje berre på å auke talet vertsfisk/yngele men og ei god spreining av muslinglarvar i heile elva. Dei ynskjer å avdekkje forureining og bidra til at elva vert rein. Dei arbeidar og med vedlikehald av stemmemuren slik at den vert tett. Dei er og pådrivarar for anlegg av turstiar langs heile vassdraget. Haukåsvassdragets venner ynskjer større stønad frå bebuarar og lokalmiljøet i Åsane.	Bra engasjement.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Landsorganisasjonen (LO)

Fråsegn ved: Roger Pilskog, 19.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>LO meiner at vasskraftprodusentane skal fortsette å produsere så mykje miljøvenleg som mogeleg, samtidig som ein må ta omsyn til fiskebestandane i ulike områder. Det bør vere særleg tungtvegande miljøomsyn dersom det setjast i verk tiltak som medfører reduksjon i produksjon.</p> <p>Ein må avvege skadeverknadar oppdrett har i forhold til villfisk og ytre miljø. Etter LOs syn er det viktig å vurdera den heilskaplege effekten av dei samla oppdrettsanlegga på ulike lokalitetar. Her må ein og sjå på kor oppdrettsanlegga miljømessig bør ligge og kor stor produksjon som er ansvarleg på området. Myndigheita må inndra konsesjonar ved grove brot på konsesjonsforpliktingane eller gjeldande regler. Det må kontinuerlig jobbast for at forureinande utslepp i vatn frå mellom anna gardsbruk og industri minimeras.</p> <p>Det er viktig at ein får ei rask avklaring og ein god løysing på kva ein skal gjere med ubåtvraket utanfor Fedje. Gamal forureining på sjøbotnen må snarast takast tak i. Det er og viktig at ein raskt tek med miljøkrava til oppdrett i dei regionale planane når dei er klare.</p>	<p>Stort sett einig.</p> <p>Til orientering.</p> <p>Stort sett einig.</p>
Miljømål	Målet bør alltid vere at vassførekomstane skal ha den beste miljøstandarden mogeleg.	Einig.
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

Fråsegn ved: Leiar Torfinn Opheim, 22.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Eksisterande vassanlegg	<p>LVK meiner det er avgjerande at nye utbyggingar, opprusting/utviding av eksisterande kraftanlegg og revisjon av gamle konsesjonsvilkår vert vurdert og behandla på ein samordna måte av konsesjonsmyndigheita. Vassforvaltingsplanane skal bidra til ei slik heilskapleg vurdering av vassdraget, med miljømål og tiltak som best tek vare på den krevjande balansen mellom kraftproduksjon, naturmiljø og andre samfunnsinteresser i og rundt eit vassdrag.</p> <p>LVK meiner vassforvaltingsplanane i samsvar med ambisjonen om ein heilskapleg forvaltning må leggje til grunn ei tilnærming kor både nye konsesjonar og fleire revisjonar i eit vassdrag sjåast i samanheng. Det er konsesjonsmyndigheita som er ansvarlige for å følgje opp forvaltingsplanen med ein samordna konsesjons- og revisjonsbehandling, og vassforvaltingsplanane kan gi eit godt grunnlag for å finne gode heilskaplege løysingar i vassdraget.</p> <p>I den grad nokre av planutkasta ikkje har klart dette fullt ut, er det LVKs syn at dette først og fremst kan tilbakeførast til at forholdet mellom vasskraft, miljømål og vassforvaltingsplanar har vore gjenstand for både motstridande signal og seine avklaringar frå sentrale myndigheter. Slike samordna vurderingar må no prioriterast fram mot endelege vedtak av planane.</p> <p>Det skal ikkje påleggjast minstevassføring i alle tørrlagte vassdrag, men med hjelp av den nasjonale gjennomgangen er vassforvaltingsplanane eit godt verkøy for å identifisere kor minstevassføring og magasinrestriksjonar vil gi større samfunnsgevinst enn ulemper.</p>	<p>Forsøkt gjort i planen.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Takast til følgje.</p>
Kost/nyttevurderingar	<p>LVK meiner at kost/nyttevurderingane i vassforvaltingsplanane må gjerast på eit overordna nivå, og at det må aksepterast at ikkje alle fordelar eller ulemper kan fastsetast i monetære verdiar, men er gjenstand for ei brei, individuell vurdering av fordelar og ulemper.</p> <p>For betre kost/nyttevurderingar meiner LVK at sektormynda på eit langt tidlegare tidspunkt enn det som har vore tilfellet for desse planane må bidra med kunnskap</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa.</p> <p>Einig. Dette må vere eit mål i neste periode.</p>

	<p>og sine vurderingar om vassregionane, samt at Stortinget må sørge for tilstrekkeleg finansiering av kartlegging, overvaking og analyser i vassdraga.</p> <p>LVK meiner vassforvaltingsplanane er eit godt bidrag og viktig skritt mot ei meir berekraftig vassforvaltning, men ser vassforvaltingsplanane og tiltaksprogramma kan vere endå betre og meir treffsikre dersom løyva til kartlegging, overvaking, analyse og forvaltingssekretariat aukar til det nivå som Stortinget sette då vassdirektivet vart satt i verk. Det er eit ansvar som i hovudsak ligg på Stortinget, og LVK har ved fleire høve peika på behovet for auka finansiering av vassforvaltinga.</p>	Stort sett einig.
Tilråding:	Innspelet er notert og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurderingar)	

NHO

Fråsegn ved: Direktør Petter H. Brubakk, 19.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>NHO er positive til den kunnskapsbaserte og heilskaplege vassforvaltinga som vassforskrifta krev. Arbeidet med gjennomføringa av vassdirektivet har gitt auka fokus og mange positive prosessar mot ein betra vassforvaltning. Dette arbeidet står likevel fram i denne fasen som uferdig og ufullstendig. Planens endelege innhald må reflektere den store uvissa i første planrunde. Både miljømål og miljøtiltak må difor formuleras ut ifrå det faktiske grunnlaget og med omsyn til uvissa, slik at Noreg berre forpliktar seg til realistiske storleiker som tener vassdirektivets føremål.</p> <p>Formålet med vassforskrifta, §1, er "å gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane". Dette reflekterer at vedtaka i forskrifta og vassdirektivet ikkje er innretta einsidig mot vern av natur, men er ei forvaltingsramme for berekraftig ressursbruk. Dei føreliggande utkasta har ikkje denne balansen, men fokuserer einsidig på lokale miljøomsyn utan at desse er satt inn i eit heilskapleg perspektiv der andre viktige samfunnsforhold òg ivaretakast. Dette rører og ved verdiskaping, klimautfordringar og konkurranseforhold for mange næringar.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Klimaendringar og utfordringar rundt dette er allereie teke med i planen. Korleis dette vil påverke regional vassforvaltning kan lesast i kap. 3.4 «Klimaendringar og flaum».</p>
Kost/nyttevurderingar	NHO ser ikkje at kost/nyttevurderingar er vorte gjort for å underbygge dei mange føreslåtte miljøtiltaka i planane. Ein betydeleg nytteside av forbetra lokalt miljø	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs

	<p>synes i dei fleste tilfelle å vere lagt som premiss utan at dette er beskrive eller forsøkt verdsatt i konkret terminologi. Vurdering av kostnadssida er stort sett heilt utelatt, eller sær s mangelfull.</p> <p>På tross av mangel på kost/nyttevurderingar foreslåast det mange konkrete miljøtiltak. Det inneber at miljømåla ein siktar mot i mange tilfelle kan vere feilaktige i eit samfunnsperspektiv og ikkje hensiktsmessige forvaltingsmål. Når konkrete miljømål fastsettas på sviktande kunnskapsgrunnlag bringes Noreg bort frå vassdirektivets og vassføreskriftas overordna mål om berekraftig bruk av vassressursane.</p>	<p>høyringa.</p> <p>Innspel notert.</p>
Høyringsdokumenta	<p>NHO meiner at høyringsdokumenta står fram som uoversiktlege og unødig omfattande og kompliserte. Det er også til dels vanskeleg å forstå kva som er til høyring under vassføreskrifta, og kva som eventuelt berre er relevant for ein regional plan.</p> <p>Endringar undervegs og nye tiltaksforslag i Vann-Nett gjer det krevjande å vite kva som er det aktuelle miljømålet og miljøtiltaket, ifølgje NHO. Dette kan ikkje forankrast forsvarleg gjennom dei føresette medverknadsprosessar i etterlate tidsrom før vedtak, og ville ikkje vere i tråd med krava til god saksbehandling i forvaltinga.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Til orientering.</p>
Plandokumenta	<p>Gode prosessar bak utvikling av forvaltingsplanar er sentrale verkemidlar i vassføreskrifta, og inkluderer tilrettelegging for medverknad av alle aktørar, transparens og god informasjon. NHO kan ikkje, samla sett, seie seg nøgd med dei prosessar som har ført fram til dei føreliggande planutkasta. Det har i stor grad vore vanskeleg å finne arenaer for reell medverknad og kanalar for innspel frå interessegrupper. Det har dessutan vore svært ulik organisering og innsats av forvaltinga i dei ulike vassområda, noko som har gjort det vanskeleg å høva seg til et einskapleg og transparent system for medverknad. Dei regionale referansegruppene som har hatt møter i forkant av høyringsfasen har i realiteten ikkje fungert som reelle arenaer for medverknad, men i hovudsak som reine informasjonskonferansar med svært stor og mangfaldig deltakargruppe der meir spesifikke tema for dei enkelte interessegrupper ikkje kunne ta ein reell og konstruktiv behandling.</p>	<p>Viser til kapittel om Medverknad for arbeidet i Hordaland.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Norske Lakselver og Norges Bondelag (NLNB)

Fråsegn ved: Torfinn Evensen og Finn Erlend Ødegaard, 21.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Norske Lakseelvar og Norges Bondelag (NLNB) peikar på definisjonen av ein Vassførekomst, slik den står i Vassforskrifta §3.a; "Ei avgrensa og betydeleg mengde av overflatevatn, som til dømes innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, fjord eller kyststrekning, eller delar av desse, eller ein avgrensa mengde grunnvatn innanfor ein eller fleire akviferer." NLNB meiner at vassforvaltingsplanen må ta større høgde for auka bruk av kysten, både når det gjeld havbruk og gruvedrift.</p> <p>NLNB peikar på fleire eksemplar kor verneordninga for laksebestandar, forankra i lakse- og innlandsfiskelovas §7a, ikkje har vorte tilstrekkeleg teke omsyn til. Dei trekker fram miljømyndigheita si praktisering av forureiningslova i samanheng med mineralverksemd, mellom anna korleis deponering av gruveslam i sjø påverkar vill laksefisk. Likevel er det gitt tillating til utslepp av gruveslam i dei nasjonale laksefjordane Bøkfjorden og Ranafjorden. Vilkår om undersøking og forskning kunne ha styrka kunnskapsgrunnlaget. Dette har ikkje skjedd.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Til orientering.</p>
Verneordninga for laksefjordar og vassdrag	<p>Det er svært viktig at dei regionale vassforvaltingsplanane og tiltaksprogramma bidreg til å styrke statusen og autoriteten til verneordninga for nasjonale laksefjordar og laksevassdrag. Vassregionutvala/ vassregionmyndigheita sitt kommande arbeid med utpeiking av SMVF med tilhøyrande miljømål må vurderast særskilt strengt kor det får konsekvensar for nasjonale laksefjordar og –vassdrag.</p>	<p>Stort sett einig.</p>
Oppdrettsindustrien	<p>Lakselus og genetisk interaksjon mellom oppdrettsfisk og villfisk er ikkje lagt inn i Vann-Nett som påverknadar og er ikkje teke med i vurderingane av vassførekomstanes økologiske miljøtilstand. Det er heller ikkje føreslått tiltak i vassplanane og tiltaksprogramma for å betre miljøtilstanden i vassførekomstanane. Organisasjonane meiner dette er i strid med vassdirektivet og regjeringa si eigen villakspolitikk og målet om ei berekraftig oppdrettsnæring.</p> <p>Dei biologiske påverknadsfaktorane frå oppdrettsindustrien må inn under den elles heilskaplege vassforvaltinga i Noreg. Datagrunnlaget må inngå i databasane som vert brukt i gjennomføringa av vassdirektivet og miljøtiltak i vassregio-</p>	<p>Få vitskaplege utgreiingar om påverknadar frå lakselus og dei genetiske utfordringane mellom villaks og oppdrettslaks. Tiltak mot lakselus og rømming er i liten grad handsama i planen sidan karakteriseringa ikkje er gjennomført.</p> <p>Nasjonalt ansvar: Karakterisering av påverknadsfaktorane frå oppdrettsindustrien er starta på nasjonalt nivå.</p>

	<p>nenes vassforvaltingsplanar må gjelde også for oppdrettsnæringa.</p> <p>NLNB meiner Regjeringa må stille strengare krav til oppdrettsindustrien for å få kontroll på rømmingane, lakselus-problematikken og påverknaden på vassmiljøet.</p>	<p>Tiltak mot lakselus og rømming er i liten grad handsama i planen sidan karakteriseringa ikkje er gjennomført. Dette vil få mykje fokus i den andre planperioden frå 2018-2021.</p>
Gruvedrift	<p>Konsekvensar av forureining frå gruver, særlig langs kyst og i fjordar, ser ut til å ha vore undervurdert og bagatellisert i planane.</p> <p>NLNB krevjar at påverknadane på vasskvaliteten frå gruveverksemda får større vekt i vassplanane. Dette gjeld både for utslepp og avsig til vassdrag og for utslepp av avfall til sjø (såkalla sjødeponi), f.eks. Repparfjord. Oppretting av sjødeponi kan ikkje gjennomførast utan at vasskvaliteten vert kraftig redusert. Der-som myndigheitene likevel gir tillating til sjødeponi, må dette grunngjevast etter Vassforskrifta §12. Når det gjeld gruver som i dag slepp ut avfall, må det leggjast ein plan for å redusere skadane som vert påført vassførekomstane. Vurderingar knytt til dette må òg inngå i dei regionale vassforvaltingsplanane på lik linje med andre påverknadsfaktorar.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Til vurdering.</p>
Tiltak	<p>Omsynet til laks og sjøaure må leggjast til grunn for revisjonsarbeidet i dei vassdraga som har anadrome arter.</p> <p>Strengare miljøkrav i konsesjonsvilkåra utan at det går utover den opphavlege ramma for energiproduksjon då konsesjonen vart tildelt.</p> <p>Meir nedbør gir auka kraftproduksjon og større inntening til kraftverka. Det er myndigheitas rolle og ansvar å sikre allmenne interesser i revisjonsprosessen, og det vil vere naturleg at nye konsesjonsvilkår tek omsyn til villaks og sjøaure i større grad enn før, når vassføringa i vassdraga aukar som følge av auka nedbør. Den ekstra vassføringa må kome natur og miljø til gode, og ikkje berre kraftproduksjonsselskapa. Auka minstevassføring tilpassa kvar elv må innførast.</p> <p>For å sikre at laks og sjøaure skal kome levande ut i havet, treng den ein trygg utvandringsveg forbi turbinar og demningar. Eit skråstilt gitter framfor vassinntaket til turbinen, hindrar fisken i å verte kverna til døde. Det må og etableras sideløp (nødutgang) med ein vassføring ca. 5% av turbinvatnet. I tillegg må lakse-</p>	<p>Takast til følgje.</p> <p>Til utgreiing.</p> <p>Stort sett einig. Minstevassføring tilpassa elva er viktig.</p> <p>Til vurdering.</p>

	<p>trappane virke, slik at laksen kjem opp i dei øvre delane av vassdraga som har gode gyte og oppvekstområder.</p> <p>Naturmangfaldslova må takast i bruk for å regulere framtidige effektkøyringar, slik at laks- og sjøaureungane får sjansen til å overleve.</p> <p>Omløpsventilar er ikkje standard på gamle kraftverk, og det er svært viktig at slike løysingar og vert pålagt desse. Ventilane må vere dimensjonerte slik at minstevassføring kan oppretthaldast ved teknisk stans.</p> <p>Lokkeflaumar kan vere eit tiltak for å stimulere oppgang av laks og sjøaure i elva ved lav sommarvassføring. Nokre stadar kan det og vere behov for spyleflaumar for å motverke gjenslamming/gjenklogging av viktige gyteområder. Dette er tiltak som har som formål å betre livstingingane for villaksen, og bør innarbeidast i dei nye reguleringsplanane for det aktuelle vassdraget. Det er viktig at dette er tiltak som kjem i tillegg til ein høg minstevassføring, og ikkje vert eit påskot for å halde minstevassføringane på eit kritisk lavt nivå.</p> <p>Det må stillast krav om tekniske løysingar for tapping av overflatevatn frå reguleringsmagasina. Hensikta er å tilføre elva naturleg sesongtemperert vatn nedanfor kraftverksmagasinet. I gamle kraftanlegg vert vatnet frå reguleringsmagasina vanlegvis tappa ved botnen. Følgjeleg vert vintervatnet varmare enn normalt og sommarvatnet kaldare enn normalt. Dette er i all hovudsak negativt for lakse- og sjøaureyngelen, fordi kaldt sommarvatn fører til lågare vekst (lav temperatur og mindre næring i elva) og varmt vintervatn fører til manglande islegging av elva og auka dødelegheit av lakseungar.</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA)

Fråsegn ved: Generalsekretær Christian Steel

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Manglande tilrettelegging for medverknad	I mange av planforslaga er delkapitelet om medverknad berre ei skildring og utgreiing for intensjonane og heimelen i vassføreskrifta, med lite utdjuping av kva som faktisk har vorte gjennomført. Her forventar SABIMA ei tydeleggjering av kva som har vorte gjennomført. Det held ikkje med ein opprømsing av kravet i	Endring i kapitelet om medverknad. Takast til følgje.

	<p>føreskrifta om kvifor ein ynskjer brei medverknad viss det ikkje faktisk har vorte følgt opp.</p> <p>SABIMA meiner at ein plan om forbetring må skildrast og oppmodar vassregion-myndigheitene om å utvide dette delkapitelet til og å omtale korleis ein ser for seg at det praktisk kan leggjast til rette for aktiv medverknad i neste planfase. SABIMA påpeikar at planane bør gjerast betre tilgjengeleg for allmenta. SABIMA etterlyser betre tabellar og figurar- og betre og meir forståelege samanstillingar av informasjon. Mange av planane er svært detaljerte og med eit veldig teknisk språk. SABIMA ynskjer betre utgreiing for relevansen av planen og kva ein ynskjer å oppnå.</p> <p>SABIMA oppmodar til at omgrepet medverknad reserveras til å skildre det som gjeld deltaking i planarbeidet frå frivillige lag og foreiningar, interessegrupper og allmennheita. I dei fleste vassforvaltingsplanane blandast omgrepa samordning, samarbeid og medverknad. Det er viktig å skilje mellom samordning og samarbeid på tvers av kommunar, fylkeskommunar og sektormyndigheiter - og medverknad frå interesseorganisasjonar og allmennheita - som òg er vektlagt i rettleiaren på temaet frå Miljødirektoratet. SABIMA reagerer på at det i enkelte vassforvaltingsplanar vises til at det har vorte lagt til rette for medverknad i vassregionen ved at NVE har delteke på møter i regi av vassregionutvalet. SABIMA minner om at NVE som sektormyndigheit har plikt og rett til å delta. Dette er ikkje det same som at det skal leggjast spesielt til rette for medverknad frå interesseorganisasjonane og representantar for allmenta.</p>	<p>Endring i kapitelet om medverknad. Takast til følgje.</p> <p>Omgrepet medverknad er brukt slikt det også er gjort av Miljødirektoratet sin rettleiar for arbeidet.</p>
Miljømål	<p>Miljømål har ikkje vorte satt for ein del vassførekomstar. Særleg kva gjeld sterkt modifiserte vassførekomstar- SMVF og avklaringar knytt til kandidatar til SMVF. Det er utpeika mange tusen SMVF-er, og vasskraftpåverknad er ein hyppig påverknad i alle vassregionane. Det er ingen automatikk i at alle SMVF skal ha tilhøyrande lågare miljømål GØP - på bakgrunn av at det er gjort fysiske inngrep i vassdraget.</p> <p>Som i dette poenget frå SMVF-rettleiaren om når miljømål er oppnådd: «Til dømes vil mange regulerte innsjømagasiner med moderne miljøvilkår allereie oppnå miljømålet GØP. For skånsamt regulerte</p>	<p>Ikkje alle regulerte vassdrag treng å vere SMVF, men er det SMVF, kan det ikkje få GØT, men GØP eller dårlegare.</p> <p>Viktig. Teke til følgje.</p>

	<p>innsjømagasiner og for regulerte elvar med årssikker vassføring, vil minst GØP og i ein del tilfelle GØT allereie vere oppnådd.» Der dette er tilfellet kan ein ikkje bruke fastsettinga av SMVF for å unngå å måtte oppretthalde god økologisk tilstand i ein regulert vassførekomst. Dette er på langt nær følgt godt nok opp i vassforvaltingsplanane og SABIMA forventar ein innsats for å få på plass riktige miljømål for vassførekomstane som er i tråd med rettleiarane frå dei ansvarlege for gjennomføringa av vassforskrifta.</p> <p>SABIMA påpeikar òg mangelen på bruken av standard miljømål «svært god økologisk tilstand». Ingen av vassforvaltingsplanane framhevar vassførekomstane med svært god økologisk tilstand. Her meiner SABIMA at det burde vore relevant å utpeika til dømes nasjonale lakseelvar og laksefjordar med miljømålet svært god økologisk tilstand. Nasjonale lakseelvar og fjordar er utpeika for å gi dei viktigaste laksestammene særskilt vern. SABIMA forventar at dette takast med i vassforvaltingsplanane etter høyringa der kor dette er eigna.</p> <p>SABIMA forventar at vassregionane tek vurderinga av miljøvilkår på alvor og viser til eit minstekrav av engasjement for saka og gjer ei reel vurdering av dei enkelte vassdraga som fell til revisjon.</p>	<p>Svært god tilstand vert vidareført er miljømålet for dei vassførekomstane som er det i dag. Vassregionmyndigheita vurderer det som ein omfattande jobb å nå standard miljømål for alle vassførekomstane. Dette prioriterast framfor å løfte dei vassførekomstane som alt har god tilstand.</p>
Kunnskapsgrunnlaget	<p>Konkrete overvakingsdata skal liggje til grunn for klassifiseringa og karakteriseringa som dannar kunnskapsgrunnlaget for vassforvaltingsplanane og tiltaksprogrammet. Ein viktig føresetnad er at kunnskapen er innhenta i tråd med krava i vassforskrifta. SABIMA er uroa over at kunnskap om den økologiske tilstanden berre god nok på 16,1% av vassførekomstane. I tillegg er 83,9% klassifisert på bakgrunn av anslag. Når det gjeld kjemisk tilstand er heile 97,4% av tilstanden ikkje definert. Pålitelegheitsgrad for klassifisering av økologisk tilstand er satt til lav/middels for 84% av vassførekomstane, berre 7% er definert med høg pålitelegheitsgrad.</p> <p>Det må jobbast vidare med eit kunnskapsløft for naturen og spesielt her vassdragsnaturen, for å heve kunnskapsgrunnlaget som vert lagt til grunn for vassforvaltingsplanane. Betre, og meir overvaking, både basisovervaking og tiltaksovervaking må til for at vassforvaltinga verkeleg skal verte kunnskapsbasert etter krava i vassforskrifta. Dette</p>	<p>Kunnskapsgrunnlaget er basert på tilgjengelege data. Tilstand og klassifisering av mange vassførekomstane er klassifisert etter klassifiseringsparametre. Vassregionmyndigheita vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, sjølv om vi gjerne skulle hatt meir data.</p> <p>Vassregionmyndigheita vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, sjølv om vi gjerne skulle hatt meir data.</p> <p>Overvakingssystem er allereie starta.</p>

	heng tett saman med behovet for betre finansiering, dette må på plass viss miljømåla i vassforskrifta faktisk skal nåast.	
Betre finansiering	I tillegg til meir midlar til overvaking må også finansieringa av det generelle vassforvaltingsarbeidet styrkast i alle ledd.	Endring i kap. 8.1 og 8.2. Mange har påpeika dette. Klargjerast endå tydelegare i planen at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.
Manglande skildring av nytten og verdien av godt vassmiljø.	SABIMA har forståing for at kostnader har vert utfordrande å talfesta i dei regionale vassforvaltingsplanane. Det er i liten grad satt opp vurderingar om tiltakas kostnader og i kor stor grad dei gir ein effekt. Ifølgje vassforskrifta og tiltaksrettleiaren skal det gis eit overslag over tiltakskostnader i tiltaksprogrammet. Dette skal summerast opp i forvaltingsplanens planskildring. Som tiltaksprogramma ser ut nå er det vanskeleg å lese ut av dette kva tiltak som skal prioriteras. Vidare er det utfordrande å gi innspel på kva som eventuelt bør prioriteras først. SABIMA meiner at dette burde vert betre på plass slik at arbeidet sikras ein faktisk framdrift. Når det gjeld nytten av å verne eller forbetre vassmiljøet finst det god kunnskap. Nyten treng ikkje å omsettas til monetære storleiker. I nokre av planutkasta er nytteeffektane av føreslåtte miljøtiltak ikkje skildra godt nok. Her vil SABIMA gjerne framheva og vektlegge verdien av gode kvalitative skildringar av kva nytte som finst i å verne og forbetre vassdragsnaturen. SABIMA oppmodar vassregionmyndigheitene å få tydeligare fram i vassforvaltingsplanane at godt vatn er mykje meir enn vatn som kan drikkast.	Endring i kost/nyttevurderingar. Mange har påpeika dette. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vert lagt ved i den avgrensa 2. gongs høyringa. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil forhåpentlegvis klargjere nokre av nytteeffektane.
Utfordringar og viktige aspekt ved revisjon av gamle vassdragsreguleringar	Fysiske endringar med vassføringsendring er rekna som den klart viktigaste påverknadsfaktoren både i elvar og innsjøar i Noreg. Særleg gamle vassdragsreguleringar har påverka dei fysiske forholda i vassdrag, og har i utstrakt grad medført endringar i vassføring og påfølgjande vassstemperatur, vasskvalitet og isforhold. På grunn av manglande miljøvilkår i gamle konsesjonar er konsekvensen på vassmiljøet i mange vassdrag svært alvorleg. SABIMA etterlyser vektlegging av konsekvensane for arter og naturtypar knytt til vassdragsmiljøet og at desse inkluderast i vassforvaltingsplanane i mykje større grad enn det som no kjem fram i denne høyringa.	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet. Viktig tema i planen for Hordaland.
Uavklarte problemstillingar	- Konsekvensar av oppdrett, inkl. rømmingar frå oppdrettsanlegg og lakselus, må inn under den elles heilskaplege vassforvaltinga	Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.

	<p>og inngå i kunnskapsgrunnlaget.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppretting av sjødeponi kan ikkje gjennomførast utan at vasskvaliteten vert kraftig redusert, og etablering av nye sjødeponi vil difor vere brot på vassdirektivet. - Påverknadane på vasskvalitet frå gruveverksemd må tilleggas avgjerande vekt. - Det gjeld både for utslipp og avsig til vassdrag og for utslipp av avfall til sjø. - Avklaringar knytt til påverknadar frå kongekrabbe må kome på plass og vere i tråd med anbefalingane som ligg i risikovurderingane i svartelista. <p>På fleire tema er mange av planane svært mangelfulle og nokre står fram nærast som disposisjonar. Særleg det som gjeld riktig fastsetting av miljømål - altså kjernen av kravet i vassforskrifta er manglande i fleire vassregionar. SABIMA forventar at ein forbetring av planane skjer både under og etter høyringa. I nokre av vassregionane må nødvendigvis endringane verte så store at det reelle innhaldet først kjem på plass under og etter høyringa. Viss dette viser seg å vere tilfellet ventar SABIMA ei ny høyring av heile, eller delar av dokumenta.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassforskriftas tidssyklusar må vere gjeldande - Myndigheiter og prosessar må samkøyrast - For ein meir effektiv og heilskapleg forvaltning må OED og NVE i sine konsesjonsbehandlingar i større grad sjå nye utbyggingar, opprusting/utvidingsmoglegheiter og revisjonar i samheng – ikkje som separate prosessar. - Organisasjonane forventar, og etterlyser ei meir reell vurdering av dei enkelte vassdraga som forfell til revisjon. 	<p>Miljømål er eit av dei utbetra kapitla som kjem på 2. gongs høyring i mai.</p> <p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p>
Tiltaksprogrammet	<p>Fleire av høyringsdokumenta er svake på å skildre prioriteringar og tek i liten grad stilling til om tiltaka kan gjennomførast og vil rekkje å gi effekt på tilstanden innan 2021, og om føreslåtte tiltak er tilstrekkelege for å nå miljømåla. Eigargar og vidare ansvarleg myndigheit er ofte dårleg skildra, dette må på plass etter høyringa for å sikre ein tydeleg ansvarsfordeling og forplikting knyta til arbeidet.</p> <p>Problemkartlegging er i stor utstrekning satt som "tiltak" for neste periode. Orga-</p>	<p>Det er målet å nå god tilstand mange stedar innan 2021, men nokre plassar der vi ikkje greier det må vi nok i neste periode utsette fristen .</p>

	<p>nisasjonane er bekymra for at dette «tiltaket» brukast i all for stor utstrekking. Ein skal ikkje bruke problemkartlegging for å unnlata sektorane ansvaret der kor påverknad og ansvarleg myndigheit for denne faktisk er kjent.</p> <p>Dei regionale tiltaksprogramma har etter SABIMAs syn eit stort forbedringspotensiale viss desse faktisk skal fungere som eit sentralt verktøy for heiskapeleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane. Vidare meiner SABIMA at sånn som vassforvaltingsplanane og tiltaksprogramma føreligg no må eit minimumskrav vere at alle føreslåtte tiltak i det regionale tiltaksprogrammet følgjes opp og setjast i verk av den enkelte sektormyndigheit for å nå ambisjonane i vassforskrifta.</p>	<p>Problemkartlegging er viktig for å kunne gjere rette tiltak.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert og har ført til endringar i planen (Medverknad, kost/nytte, kap.8).	

Unneland Grendelag

Fråsegn ved: Prosjektleder «Liv&Lyst» Frode B. Larsen, 07.09.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Haukelandsvatnet har gradvis fått ein betre vasskvalitet dei siste 10-åra etter sanering av utslipp frå gardsbruk og kloakk. Eit område heng dessverre igjen og det er Nesvika Naturreservat som grensar inn til den gamle bossfyllinga i Arna. Her ble det frå 1957 til 1977 dumpa 150 000 m3 ikkje sortert avfall i ei myr (GNR/BNR 290-8), som i dag har kraftig avrenning til Naturreservatet.</p> <p>Unneland Grendelang ynskjer fortgang Grøn Etat si plan og målsetting om sanering av fyllinga og at problemstillinga vert teke inn i tiltaksprogrammet.</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet og sendast til Bergen kommune for vurdering.</p> <p>Bergen kommune er sektormyndigheit.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Voss naturvernlag

Fråsegn ved: Kåre Flatlandsmo, 31.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Voss Naturvernlag ser positivt på tiltaket med å sikre god kvalitet på vassressursane i regionen for framtida. I ein region sterkt prega av vasskraftutbygging Voss Naturvernlag særleg peike på at det er naudsynt å gå gjennom konsesjonsvilkåra for eldre vasskraftutbyggingar når desse konsesjonane skal fornyast dei næraste åra. Ny kunnskap har kome til etter at desse utbyggingane vart gjennomført, og dette er kunnskap som må</p>	<p>Takast til følgje.</p>

	<p>takast omsyn til i nye konsesjonsvilkår.</p> <p>Arbeidet som er gjort i tiltaksanalysen er ei oppfølging av EU sitt vassdirektiv. Om tiltaksanalysen påpeikar Voss Naturvernlag at det er referert til norske lover og forskrifter på ein del spesielle tilknytingspunkt, men ein saknar generelt ei tilknytning til Naturmangfaldlova som no har vore operativ i over 5 år. Lova som skal sikre dei kvalitetar som tiltaksanalysen siktar mot, er knapt nok nemnde i rapporten. Voss Naturvernlag syner ei svakheit ved rapporten som dermed står fram utan forankring i det mest grunnleggjande relevante norske lovverket.</p> <p>Denne mangelen kjem endå sterkare til syne i dei kapitla der rapporten er innom fiskeoppdrett og anlegg tilknytt denne næringa. Med naturmangfaldlova som del av norsk lov og rettspraksis er det god grunn til å stille spørsmål ved legaliteten av å akseptere at "problemstillinga med fiskeoppdrett er udefinert" eller at "...inntil vidare skal påvirkingsgrad av rømming settes til ukjent og miljøtilstand og risikovurdering skal settes til udefinert." som det vert referert til i brev frå Fiskeridirektoratet v/ Ola Midttun. På dette punktet ser Voss Naturvernlag det meir naturleg at det vert utarbeidd ei juridisk vurdering av heimelen av eit slikt standpunkt med bakgrunn i Naturmangfaldslova.</p>	<p>Takast til følge. Naturmangfaldslova er ei «miljølov».</p>
Kostnader	<p>I analysen er det føreslått ein del tiltak der det også er estimert kostnader. Voss Naturvernlag meiner desse kostnadane er for låge. I den vidare prosessen føreslår dei at det vert arbeidd parallelt med å synleggjere og sikre finansiering av tiltaka også innanfor område der det er klart kven som er ansvarleg styresmakt. Spesielt gjeld dette der det er fleire partar som skal vere med å dekkje kostnadane.</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil forhåpentlegvis klargjere uvisse til kostnader noko.</p>
Tilråding:	<p>Innspelet er notert og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurderingar).</p>	

ZERO

Fråsegn ved: Dagleg leiar

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>ZERO understreker eit større behov for meir fornybar energi i Noreg. Det er difor viktig at miljøkonsekvensar ved justeringar av eksisterande prosjekt sjåast i samanheng med den miljøbelastninga det eventuelt vil vere å erstatta ein redusert produksjon med økt produksjon frå</p>	<p>Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.</p>

	andre kjelder. I «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering», utgitt av NVE og Miljødirektoratet i samarbeid, synliggjørast det at det er store ulikheter mellom prosjekter når det gjeld miljønyttan som kan hentast ut ved å stille strengare krav. Sidan tap i fornybarproduksjon må erstattast med å bygge ut annan fornybar energi, meiner ZERO strengare krav først og fremst bør stillast der det gir høgast miljøeffekt. ZERO oppmodar vassregionen til å legge dette til grunn i sitt arbeid.	
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

4.4 Statlege sektormyndigheiter

8 statsetatar har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

Forsvarsbygg

Fråsegn ved: Per Siem, Forsvarsbygg utleie forvaltning, 08.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Forsvarsbygg er ikkje nemnd i planen. Det er difor ikkje kome konkrete innspel til verken forvaltingsplanen eller tiltaksprogrammet.	
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Fiskeridirektoratet

Fråsegn ved: Hans Haddal, 03.01.2015

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Fiskeridirektoratet region Vest meiner at høyringsdokumentet er eit godt utgangspunkt for samarbeid om vassforvaltning i Hordaland. Det er lagt til rette for god medverknad om høyringsutkastet. Direktoratet uttalte fylgjande: Heilskapleg vassforvaltning er svært viktig for den norske sjømatnæringa. Effektiv, kunnskapsbasert og tillitsfull dialog om samla belastning i vassområda er særleg viktig for marin sektor. Det er viktig at arbeidet rettar seg lojalt etter overordna føringar om at det er dei ulike etatar sine eksisterande regelverk, prioriteringar og budsjett mm som skal danne rammene og premissane for samarbeidet. Fiskeridirektoratet konstaterer at prosessen går i retning av større grad av semje	Ok. Einig. Einig. Einig.

	<p>med omsyn til vurdering av tilstand og risikovurdering. Direktoratet påpeikar at det er viktig å bruke tid i første planperiode til å verte samde om "no-situasjon".</p> <p>Direktoratet er vidare godt nøgd med vassregionstyresmakta si styring av prosessen fram mot viktige milepælar. Eit forbettringspunkt kan likevel vere å forankre viktige spørsmål endå litt betre i ei breiare drøfting i VRU. Utover dette meiner direktoratet at AU fungerer godt.</p> <p>Fiskeridirektoratet meiner det er viktig å prioritere arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for fastsetting av miljømål og målretta tiltak.</p>	<p>Einig.</p> <p>Einig.</p>
Planprosessen	<p>Fiskeridirektoratet meiner den faglege handteringa av gjeldande kunnskapssituasjon ikkje står i samheng med føresetnadane i regelverket og ambisjonsnivået på forvaltningssida. Dette er ein merknad til det nasjonale prosjektet, ikkje kritikk av den regionale prosessen.</p> <p>Fiskeridirektoratet er ikkje nøgde med dialogen og samarbeidet omkring kunnskapsgrunnlaget.</p> <p>Kvalitetssikring av ein del av vurderingane som vert vektlagt manglar. Fiskeridirektoratet meiner at slike vurderingar bør utførast av dei fremste vassfaglege ekspertane i landet.</p>	<p>Ikkje mogleg på regionalt plan.</p> <p>Takast til følgje.</p> <p>Takast vidare til neste planperiode.</p>
Klassifisering	<p>I løpet av planperioden 2016-2021 bør det utgreiast om arbeidet med klassifisering i større grad bør settast bort til forskingsinstitusjonane som er meir uavhengige av forvaltninga. Dette vil gi størst positiv effekt for det heilskaplege vassforvaltingsarbeidet og samarbeidet mellom forvaltingsmiljøa. Dette vil og gi større legitimitet, styrke rettstryggleiken til alle partar som vert påverka, og dessutan vere ein smart og kostnadseffektiv måte å arbeide på.</p> <p>Dersom ikkje heile klassifiseringssystemet vert lagt om må andre faglege spørsmål handterast slik som spørsmåla knytt til effektar rundt rømt fisk.</p> <p>Dersom ein ikkje legg om systemet må utfordringa med å få på plass meir effektive mekanismar for konfliktløsning prioriterast i planperioden 2016-2021.</p>	<p>Klassifiseringa byggjer no på data som dels dei ulike sektormyndigheitene har samla inn og dels data frå forskingsinstitusjonar og konsulentfirma.</p> <p>Det er absolutt eit mål å sameine datagrunnlaget som ulike statlege sektormyndigheiter brukar til eit felles kunnskapsgrunnlag.</p>
Medverknad	<p>Direktoratet meiner at medverkinga frå statlege sektormyndigheiter kan forbetrast. Dette vil krevje statleg toppstyring og koordinering i saker og prosessar der</p>	<p>Nasjonalt nivå.</p>

	<p>det vert avdekt at statlege sektormyndigheiter har faglege syn som ikkje kan sameinast utan at noko treff avgjerd på rett nivå. Det er viktig at staten klarar å handtere fagleg eller politisk usemje innanfor eigne rekkjer.</p> <p>Direktoratet meiner vidare at det er potensial for forenkling av medverkinga frå statlege sektormyndigheiter. Særleg gjeld dette medverknaden på det heilt lokale nivået (vassområde). Så langt har dette arbeidet teke mange ressursar bort frå andre sektoroppgåver som også er viktige for vassforvaltinga.</p>	
Vann-Nett	<p>Kunnskapsgrunnlaget som Fiskeridirektoratet region Vest byggjer på må synleggjerast i Vann-Nett.</p> <p>Opne prosessar omkring innlegging og endring av data som skal brukast av alle er svært viktig og må prioriterast. Det same gjeld flyt og formidling av informasjon og kunnskap. Det viktige til sjuande og sist er at det vert skapt større interesse, forståing og engasjement frå folk flest som påverkar vassressursen i sine daglege liv.</p>	<p>Fiskeridirektoratet sin database er integrert i Vann-Nett som eit kartlag.</p> <p>Vassregionmyndigheita er elles eining.</p>
Lakselus	<p>Etter at spørsmåla knytt til rømt fisk og lakselus er lyfta ut av den regionale prosessen vil det vere unaturleg å gi temaet stor plass i regional plan for 2016-2021. Å få det som skal kome ut av den nasjonale prosessen på plass vert det største løftet i denne planperioden. Målet må vere at ein til neste planperiode kan legge inn det er har fått gjort regionalt og seie noko om vidare tiltak.</p>	<p>Vassregionmyndigheita er einig.</p>
Overvaking	<p>Overvaking er eit av områda der samarbeidet ligg langt etter skjema. Etter gjeldande regelverk skulle det innan utgangen av 2012 vere på plass regionale program som gir ein heilskapleg overvaking av tilstanden i vassførekomstane. Overvakingssystema skal omfatte relevante økologiske, kjemiske, kvantitative og fysiske parameter i vassførekomstane.</p>	<p>Fristen for overvakingssystema nasjonalt vart utsett. Arbeidet i Hordaland er gjort etter gjeldande fristar. Vassregionmyndigheita er einig i at det står att mykje arbeid på overvaking .</p>
Tiltaksprogrammet	<p>Arbeidet med tiltaksprogram må knytast opp mot konklusjonane av gjennomført klassifisering, karakterisering og risikovurdering av vassførekomstane. Eit absolutt krav for tiltaksprogrammet må vere at det ligg føre overslag over kostnadane ved å gjennomføre tiltaka som inngår i tiltaksprogrammet. Det rettslege grunnlaget må også vere gjort greie for. Som kjent skal eventuelt vedtak om gjennomføring av tiltak gjerast av ansvarleg styresmakt etter relevant lovgjeving, innom eksisterande budsjett, og etter ei</p>	<p>Dersom kostnad manglar, vil tiltaksmyndigheita kunne gjere endringar i tiltaka der ein visar til t.d. for høg kost/nytte faktor.</p>

	konkret vurdering av kva ein oppnår med tiltaket.	
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Fylkesmannen i Hordaland

Fråsegn ved: Fylkesmannen v/ Kjell Kvingedal (miljøvernssjef) og Anniken Friis (seniorrådgjevar)

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Høyringsdokumenta er ikkje så fullstendige som vassforskrifta krev, ifølgje Fylkesmannen. Dette må ein følgje opp i tida framover. Noko det ein må sjå nærare på er miljømål i regulerte vassdrag. Ein må og rette opp klassifisering og karakterisering i vassførekomstar slik at dette er i tråd med siste utgåver av rettleiarane. Dette gjeld mellom anna for føreslåtte prioriterte artar i vassregionen.	Takast til følgje.
Landbruksforureining	For mange vassførekomstar vil det verte ei utfordring å skaffe god informasjon om landbrukspåverknaden og kva tiltak som vil gi best resultat. Det er viktig at behovet for problemkartlegging ikkje hindrar vidare framdrift, men at ein kjem raskt i gang med tiltaksplanlegging. Omtale av påverknad og forslag til tiltak kan verte endra for mange vassførekomstar når ein kjem i gang med konkret tiltaksplanlegging for landbruket. Det er særleg mange vassførekomstar som har landbrukspåverknad i ulik grad, og det kan vere behov for prioritering av førekomstane. Det er tenkeleg at ein ikkje rekk å gjennomføre omtalte tiltak for alle vassførekomstane i planperioden. Dette bør i så fall komme fram av tiltakslista.	Einig. Innspelet vert teke med i det vidare arbeidet.
Miljømål	Fylkesmannen meiner at det er viktig å følgje opp arbeidet med revisjon av regulerte vassdrag etter nasjonal, regional og lokal prioritering. Det bør setjast av større ressursar nasjonalt for å prioritere dette.	Nasjonalt ansvar.
Klimatilpassing	Kapitelet om tiltak knytt til endringar i klima bør få høg prioritet. Fylkesmannen vil spesielt peike på auka forureining til vassførekomstar, sigevatn frå avfalldeponi og liknande som følgje av auka nedbørsmengder.	Takast til orientering.
Lakselus	I Hordaland er rømt oppdrettsfisk og lakselus som trugar våre ville fiskestamar eit presserande miljøproblem. Fylkesmannen ynskjer dette var ein større del av arbeidet med vassforskrifta. Dei store utfordringane knytt til dette saksfeltet må løysast på nasjonalt nivå, ved at det vert sett nødvendige miljømål med nye krav og rammevilkår for oppdretts-	Nasjonalt ansvar.

	næringa. Fylkesmannen ventar annan nasjonal oppfølging av dette.	
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Jernbaneverket (JBV)

Fråsegn ved: Gorm Frimannslund, 03.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>JBV har eit potensiale for fysiske påverkingar i form av inngrep og konstruksjonar og kjemisk påverknad i form av avrenning og utslipp frå anleggsverksemd, forureiningslokalitetar, verkstadar og ved bruk av plantevernmidlar.</p> <p>Grunnlaget for JBV's arbeid med vassmiljø ligg i dei nasjonale miljømål som er fastsatt for utslipp av miljøgifter og for vasskvalitet. Vassforskrifta har krav om miljømål for vassførekomst og krav om førebyggjande og avbøtande tiltak for fysiske, biologiske og kjemiske påverkingar. Nye inngrep skal planleggast, gjennomførast og driftast slik at dei i minst mogleg grad fører til ei forverring av vasskvaliteten. JBV ser at det er behov for ytterlegare kunnskap om påverknad på vasskvaliteten, samt førebyggjande og avbøtande tiltak.</p>	<p>Til orientering.</p> <p>Nasjonalt plan.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Kystverket

Fråsegn ved: Assisterande kystdirektør, Per Jan Osdal, 19.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>Hovudutfordringa i denne planrunden er at det ikkje føreligg eit tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag. Mangelfulle overvakingsdata av kvalitetselement fører til at vurdering av påverknadsgraden frå hamn, molo og mudring i all hovudsak er gjort ved fagleg vurdering. Dette i kombinasjon med tilstandsvurdering av økologisk tilstand med lav pålitelegheitsgrad. Det svake kunnskapsgrunnlaget får følgje både for kor realistisk det vil vere å utgreie og gjennomføre avbøtande tiltak, og for vurderingane etter vassforskrifta §12 ved nye inngrep.</p> <p>I tillegg aukar risikoen for feil. Påverknad frå hamn er sannsynlegvis fleire stadar forveksla med forureining, noko som igjen får følgjer for vassførekomsttinding, miljømål og tiltak. I enkelte tilfelle ser det ut til at påverknadsgraden berre er grunna med inngrepets storleik, utan ein reell vurdering av påverknaden på</p>	<p>Kunnskapsgrunnlaget er basert på tilgjengelege data. Tilstand og klassifisering av mange vassførekomst er klassifisert etter klassifiseringsparametre. Vassregionmyndigheita vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, sjølv om vi gjerne skulle hatt meir data.</p> <p>Lite aktuelt for Hordaland.</p>

	<p>vasskvaliteten. Det vert i liten grad oppgjeve kva for kvalitetselement ein faktisk meiner er påverka av inngrepet.</p> <p>Kystverket håpar det vert gjennomført ein ny høyringsrunde i fleire vassregionar, og at ein fram til då arbeidar saman for å få gode resultat.</p>	<p>Takast til følgje. Det vert ny avgrensa høyringsrunde.</p>
Tiltak	<p>Kystverket har ikkje spelt inn avbøtande tiltak mot dei fysiske konstruksjonane i statlege fiskerihamner. Kystverket har ikkje kunnskap om realistiske tiltak, men vil utgreie dette nærare i neste planperiode. Dersom andre har føreslått avbøtande tiltak i statlege fiskerihamner knytt til påverknad frå hamn, molo og mudring ber Kystverket om ei ny vurdering av om tiltaka er realistiske eller nødvendige for å betre miljøtilstanden.</p> <p>I vassførekomst Fedje Vest er det føreslått tiltak for å hindre spreining av kvikksølv frå ubåtvrak med Kystverket som ansvarleg myndigheit.</p>	<p>Ok.</p> <p>Første del av arbeidet (støttefylling) startar i 2015.</p>
Miljømål	<p>Mange stadar vert det knytt stor usikkerheit til om hamneanlegga er ein vesentleg påverknad. I dei vassførekomstane kor fylkesmennene held omsyn med at hamn, molo og mudring er ein vesentleg påverknad og som ikkje vurderast til SMVF no, ber Kystverket om at det vert gjeve utsett frist, jf. vassforskrifta §9.</p>	<p>Ikkje forslag om slike tiltak i Hordaland vassregion.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

Miljødirektoratet (MD)

Fråsegn ved: Seksjonsleiar Line Fjellvær, 16.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Planskildring	<p>Planskildringa bør ha ei samanfating av mengde/tal på/type/gruppe av tiltak og samla kostnadar for desse. Vidare må vurdering etter naturmangfaldlova stå her.</p> <p>MD saknar ein kort omtale av oppdrettsintensiteten i fylke i samandraget. Planen er lang og uoversiktleg, i tillegg manglar det nummerering og forklaring på dei enkelte figurane og tabellane. Det er ikkje nødvendig å liste opp tabellar med alle vassførekomstane i risiko for kvart enkelt vassområde i sjølve planen. Dette kan eventuelt leggst i vedlegg.</p>	<p>Endring i planskildringa.</p> <p>Endring i planskildringa.</p>
Endringar til planen	<p>Kapitel 1.2 «Kva oppnår vi med planen?» skal mellom anna gi lesaren ei forståing av kva miljømål etter vassforskrifta inneber. Kapitlet slik det ligg no er ikkje egna</p>	<p>Takast til orientering.</p>

til dette, og bør skrivast om.

I kapitel 3.1 «Organisering av arbeidet» tilrå MD at det vert nytta ein modell som syner organisering frå lokalt nivå opp til europeisk nivå. MD kan senda over modellen om det er ynskjeleg.

Takast til følgje

Kap. 3.3: Bør utvidast.

Ok.

Kap.3.5: Kapitlet må innehalde ei faktisk samanfatting av kva som er dei vesentlege vassforvaltingsspørsmåla i vassregionen.

Ok.

Kap.3.6: Kapitlet om prioriteringar i planarbeidet bør utvidast.

Kap. 3.7: Vurdering etter naturmangfaldlova bør stå i planskildringa.

Kap. 4: Bør skildre Vassregionens geografiske utbreiing i tråd med leiar for regional vassforvaltingsplan.

Kap. 4.1: Ei oversikt over dei viktigaste påverknadane i form av ein figur bør inkluderast. I planutkastets kap 3.6.4 kunne «reduere påverknader frå akvakulturverksemdar» vore inkludert under stikkorda for å betre forhold for laks og sjøaure.

Til vurdering.

Høyringsutkastets kap. 3.8 «Usemje/uavklarte problemstillingar»: Det vert feil å seie at Regjeringa har stansa arbeidet med karakterisering i forhold til rømt fisk og lakselus. Desse to påverknadsfaktorane er rekna som nokre av dei mest alvorlege påverknadane på ville bestandar av anadrom fisk. MD har difor saman med Fiskeridirektoratet fått i oppdrag frå eigne departement å samarbeide om karakteriseringa av vassførekomstar og påverknader frå akvakultur. Dette er eit pågåande arbeid som ikkje vil vere ferdig før høyringsfristens utløp. Relevant tekst frå den siste rapporten frå Vitskapsrådet for lakseforvaltning, bør ein vurdere å vise til under dette delkapitlet.

Ok.

4.2. Miljøtilstand og 4.3. Risiko for å ikkje oppnå miljømål: Bruk av fleire figurar bør vurderast. Kategorien "mogleg risiko" skal ikkje brukast.

Til vurdering.

Kap. 5.1: Skildringa av miljømål er essensiell for planen og må inkluderast. Dette gjeld særleg svært god tilstand og vassførekomstar med tidsutsetting, MSM eller SMVF. Klassifisering av kjemisk

Miljømål vert ein del av 2. gongs avgrensing.

	<p>tilstand bør prioriterast i perioden fram til 2018 i tide for arbeidet med tiltaksanalyser for neste planperiode.</p> <p>Kap. 5.2.1: Oversikt over verna områder må inkluderast. Miljøsmål i verna område og strengare miljøsmål må skildrast.</p> <p>Kap. 10 om organisering av vassregionen bør vere del av kapitel 3.</p>	<p>Verna områder er framstilt i kart som vassregionmyndigheitene har fått.</p>
<p>Miljøsmål</p>	<p>Miljømåla skal vedtakast og dei må difor med i forvaltingsplanen. Det er likevel lite føremålstenleg å ha lange lister med vassførekomstar med standard miljøsmål i planen. Planen bør ha ei oversikt over talet på vassførekomstar som har ulike miljøsmål, saman med ulike former for unntak. Oversikt over vassførekomstar med svært god tilstand vil vere hensiktsmessig.</p> <p>MD oppmodar til at det vert teke inn ei oversikt over verna områder i vassregionen gjennom å liste opp områda under dei ulike kategoriane, saman med ei oversikt over heimelsgrunnlaget.</p> <p>Det manglar konkrete miljøsmål for verna områder/ vassførekomstar i vassregionen. For område som er peika ut til å verne artar og habitat (i praksis verneområde) må eventuelle miljøsmål ut over standard miljøsmål utleigast av heimelsgrunnlag, forvaltingsplanar eller handlingsplanar for området.</p> <p>For nasjonale laksevassdrag og -fjordar føreslår MD at ein omtalar regimet om vern som ligg i St.prp. nr. 32 (2006-2007) <i>Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder</i>, der dette er viktig for miljømålet i vassdraget eller fjorden.</p> <p>Det må settast konkrete miljøsmål for SMVF ved å gjennomgå aktuelle tiltak i vassførekomstar med KSMVF med mål om 1) GØP endelig SMVF, 2) GØT naturleg vassførekomst eller 3) mindre strenge miljøsmål jfr §10 dersom fungerande akvatisk økosystem ikkje er realistisk.</p> <p>Fleire av vassførekomstane er heller ikkje blant MDs prioriterte områder for opprydding i forureina sjøbotn, jf. "Handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn jf. St. meld 14. 2006-2007 Sammen for et Giffritt miljø". MD meiner difor at det i løpet av komande planperiode må fokuserast på kunnskapsinnhenting i desse vassførekomstane.</p>	<p>Takast til følgje</p> <p>Takast til følgje.</p> <p>Takast til følgje.</p> <p>Kan sjåast på kartet over verna områder.</p> <p>Takast til følgje. Ny avgrensa høyring tek opp dette temaet.</p> <p>Vassregionmyndigheita meiner at Miljødirektoratets prioriterte områder er for få i forhold til målet om å oppnå god kjemisk tilstand. Vassførekomstane med forureina sjøbotn for utsett frist til 2027.</p>

	<p>I Sørfjorden bør det også vurderast utsett frist for å oppnå standard miljømål. Bakgrunnen for dette er at det framleis er aktive kjelder til forureining i fjorden, det vil difor ikkje vere hensiktsmessig å Setje i gang arbeidskrevjande og kostbare oppryddingstiltak før det er tilstrekkelig kjeldekontroll.</p>	<p>Det er satt GØT 2033 for Sørfjorden Ytre del i planen. For indre del er satt GØP 2021. Til vurdering om Indre del bør endrast til 2027.</p>
<p>Problemkartlegging</p>	<p>Problemkartlegging skal i utgangspunktet berre foreslåast når årsaka til miljøproblema er ukjente, og eventuelt der omfanget er uklårt. Hordaland viser ei god forståing for forskjellane på problemkartlegging og tiltaksorientert overvaking, men MD stiller likevel spørsmål ved om ikkje problemkartlegging er føreslått i for stor grad i vassområda, også der ein har rimelig grei oversikt over miljøproblemet og påverknadane/kjeldene er brukbart kjent. I slike tilfelle bør det settast saman eit opplegg for tiltaksorientert overvaking der også pålagt overvaking, framsett overfor enkelte av påverkarane, vil inngå. Alternativet kan vere at «problemkartlegging» som tiltak like gjerne kan omfatte utgreiingar eller kartleggingar som underlag for framtidige tiltak, snarare enn vassundersøkingar. Då bør det i tilfelle kallast administrative tiltak og ikkje problemkartlegging.</p>	<p>Til vurdering.</p>
<p>Tiltaksprogrammet</p>	<p>Forvaltingsplanen må vesentleg kortast ned og endrast på dette punktet (samanfattinga av tiltaksplanen §25). Det er ikkje meininga at heile tiltaksprogrammet skrivast att i forvaltingsplanen.</p> <p>MD saknar ei oversikt over kva for (gruppe) mål som skal nåast når. Døme på korleis dette kan framstillast kan sjåast i kapitlet om miljømål og tiltaksprogrammet i høyringsversjonen til vassforvaltingsplanen for Vest-Viken eller Trøndelag. Det er naturleg at dette vert summert opp med omsyn på type påverknad (gruppert) og/eller sektormyndigheit, gjerne fordelt per vassområde og planperiode.</p> <p>Vassforskriftas vedlegg VII og vassdirektivet krev at tiltaksprogrammet samt forvaltingsplanens samanfating av tiltaksprogrammet skal innehalde ei oversikt over løyver til direkte utslepp i grunnvatn. Det er ikkje forvaltingspraksis å gi løyve til direkte utslepp i grunnvatn. Regionen bør difor inkludere følgjande setning i samanfatinga av tiltaksprogrammet i forvaltingsplanen og i tiltaksprogrammets delkapitel om dette for å tilfredsstillе kra-</p>	<p>Omtalen av dei enkelte tiltaka fjernast frå forvaltningsplanen, og kjem berre i tiltaksprogrammet.</p> <p>Endring i Tiltaksprogrammet. Takast til følgje.</p>

va i vassforskrifta: «Det er ikkje gjeve løyve til direkte utslepp til grunnvatn, verken i regionen eller nasjonalt».

Samanfattainga av tiltaksprogrammet i vassforvaltingsplanen er særleg viktig før vedtak av planen. Arbeid med dette kapitlet ved ferdigstilling av planen før vedtak i fylkesting må difor tilleggast særleg tyngde. Før planane vert sendt frå vassregionmyndigheita, bør det setjast opp vassområdevis tabellar over miljømål, prioriterte tiltak og samanfatta statistikk over talet vassførekomst pr. vassdrag/kystvatn som treng miljøforbetrande eller miljøoppretthaldande tiltak. MD ynskjer vidare dialog med vassregionmyndigheita om korleis dette best bør setjast saman.

MD saknar òg ei innleiing til kapittel 4.1 og ein omtale av korleis vassregionmyndigheita har prioritert tiltaka.

Kap. 4.1.2: Det er positivt at Vassregionmyndigheita har lagt stor vekt på lokale tiltaksanalysar, men sidan dette er eit regionalt tiltaksprogram bør tiltaka frå tiltaksanalysane ikkje kopierast rett inn men visast i eit regionalt program som inneheld klare prioriteringar og ein detaljeringsgrad som er tilpassa dette.

MD saknar eit innleiande kapittel til tiltak (kap.5.1) som i tekst og figurar trekker fram hovudutfordringane og korleis desse er tenkt løyst. I dette kapitlet følgjer ikkje Hordaland malen for tiltaksprogrammet og sjølve kapitlet består berre av tabellar med liste over tiltak frå kvart vassområde. Dette må rettast opp i endeleg utgåve og Vassregionens tiltaksprogram må bygge på ein regional prioritering og ikkje ei opplisting frå vassområda. Det fins mange gode eksemplar i dei andre vassforvaltingsplanane.

I underkapitelet bør overordna føringar for prioriteringar av tiltak for å nå miljømåla med omsyn til tiltak mot framande skadelege artar er nemnt. Føringar for prioriteringar av tiltak fins i Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot framande skadelege artar (s. 35), samt også rettleingsmateriell til artikkel 8h i Konvensjonen om biologisk mangfald (vedtak VI/23).

Ok. Takast til følgje.

Til vurdering.

Ok. Takast til følgje.

Til vurdering.

Tiltak mot forureining

MD etterlyser ei god innleiing til tema.

Takast til følgje.

Kommunalt avlaup har ein plass i detaljplanane men som for mange andre tiltak

Takast til følgje. Dette kan tenkjast eit svakt punkt hos dei fleste kommunane.

	<p>saknar MD ein omtale og oversikt i tiltaksprogrammet. MD ynskjer at det hadde kome fram i tiltaksprogrammet i kor stor grad avlaupsanlegg der kommunen er både forureiningsmyndigheit og ansvarleg forureinar (kapitel 13 i forureiningsforskrifta) vert fylgt opp.</p>	<p>Men kommunane er likevel ansvarlege, sjølv om ein kan diskutera dette.</p>
Industri	<p>Det er spelt inn tiltak for Lonevågen som gjeld industri og MD er myndigheit, men MD kjenner ikkje igjen dette tiltaket (Voss).</p> <p>Det er spelt inn tiltak for Radfjorden som gjeld industri, men MD kjenner ikkje igjen tiltaket. Det er også beskive tiltak som gjeld Wergeland-Halsvik og Halliburton Mongstadbase, men namnet manglar i skildringa (Nordhordland).</p> <p>Det er skildra tiltak som gjeld Sør-Noreg Aluminium, men namnet manglar i skildringa (Sunnhordland).</p> <p>Det står ei rekke tiltak for industri i Odda som MD ikkje kjenner igjen. MD ynskjer at desse tiltaka vert skildra meir detaljert. For Boliden har MD omformulert på nokre av tiltaka og lagt til eit nytt tiltak som ikkje har vore spelt inn tidlegare (Hardanger).</p>	<p>Ok. Vert retta opp.</p> <p>Ok. Vert retta opp.</p> <p>Takast til følgje.</p>
Landbruk	<p>Vassregion Hordaland framhevar utslepp av næringssalt frå landbruk og avlaup som ein av hovudårsakene til redusert vasskvalitet i ei rekke av vassførekomstane. MD synast at det kan sjå ut som det er få konkrete tiltak i tiltaksplanen, men at til gjengjeld er mykje informasjonstiltak og problemkartlegging. MD påpeikar at det særleg lokalt i Hordaland kan settast inn tiltak mot avrenning og at det kan vere behov for å etterleve det eksisterande lovverket og bruke resterande veremiddel som kan betre jordbrukets påverknad på vassførekomstane.</p>	
Spreidd avlaup	<p>For å skaffe god oversikt over spreidd avlaup i regionalplanen oppmodar MD at både Vassregionmyndigheitene og fylkesmennene arbeider saman med kommunane for å ta gode forvaltingsmessige grep rundt dette viktige området. Grunngevinga for prioritet må forklarast betre. MD påpeikar at tiltak innan spreidd avlaup er heimla i avlaupslovverket og er difor å betrakte som såkalla grunnleggande tiltak i samsvar med vassforskrifta.</p>	<p>I ein travel kvardag vert tilsyn med spreidd avlaup ofte ikkje prioritert i kommunane. DIHVA er no i gang med eit prosjekt der dei vurderer å gjere ei slik oppgåve i samråd med kommunane.</p>
Overvatn	<p>MD påpeikar at overvatn som problemstilling er i dei fleste tilfelle berre beskrive generelt i tiltaksprogramma. Det er relativt få forpliktande og konkrete tiltak.</p>	

	<p>MD oppmodar vassregionane å sjå på Rogalands tiltak til overvatn: lokal overvasshandsaming må integrerast i alle typar nye utbyggingar, og har fleire konkrete tiltak for å få betre kontroll på avrenning.</p>	<p>Lokal overvasshandtering er ofte mindre aktuelt i Hordaland grunna dei mange naturlege lokale bekkane. Flaumplanar og overvassplanar bør likevel lagast for kvar kommune.</p>
Fiskeoppdrettsnæringa	<p>MD påpeikar at forureining/utslepp frå fiskeoppdrett i liten grad er skildra i fleire av planane, og i den grad påverknaden er omtalt er den generell. MD stiller difor spørsmål om utslepp/forureining frå fiskeoppdrett er underkommunisert som påverknadsfaktor i planane.</p> <p>MD saknar ein meir einskapleg praksis på bruken av skalaen for «vesentleg» og «ikkje-vesentleg» påverknad mellom regionane.</p> <p>MD påpeikar at det manglar forslag til tiltak i enkelte vassførekomstar satt i risiko for ikkje å nå miljømåla, der utslepp frå akvakultur er satt til middels eller svært stor påverknad.</p> <p>MD meiner det må kome tydelegare fram i planen at Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit for akvakulturverksemd.</p>	<p>For Hardangerfjorden er det berre anslått lokale påverknader.</p> <p>Under utgreiing.</p> <p>Ok. Dette vert omskrive.</p>
Langtransportert forureining	<p>MD påpeikar at dersom det er aktuelt med nye kalkingstiltak i den neste 6-års perioden, må forslag om dette kome fram i tiltaksprogrammet og MD ynskjer å gjere merksemd på at det har vorte gjort ein del endringar som kan påverke innhaldet i standard miljømål i den nye klassifiseringsrettleiaren som kom i 2014.</p>	<p>Under utgreiing.</p>
Forsøpling	<p>MD oppmodar til tiltak mot marin forsøpling gjennom bruk av kommunens verkemiddel på avfalls- og forsøplingsområdet.</p>	
Utslepp og utfasing av prioriterte stoffer	<p>MD påpeikar at konkrete tiltak knytt til påverknad frå punktutslepp og diffuse kjelder som motverker/reducerer utslepp av prioriterte stoffer bør synleggjeras betre i dokumentet.</p> <p>MD påpeikar at planen og tiltaksprogrammet har svakheter i skildringa av omfanget av miljøgiftproblematikken. Det er openbart at det er kunnskapshol på dette området, noko som underbygger behovet for problemkartlegging. Desse tiltaka er òg i liten grad vurdert i forhold til kostnadar, kost/nytte eller gitt ei prioritering. MD lurar på om årsaka kan vere at rettleingsmaterialet ikkje har vore tilstrekkeleg.</p> <p>MD påpeikar at dette punktet vert ivare-</p>	<p>Ok. Dette vert omskrive.</p> <p>Einig.</p>

	teke indirekte av Fylkesmannen og MDs konsesjonsbehandling.	
Løyve til direkte utslepp til grunnvatn	Vassforskriftas vedlegg VII og vassdirektivet krev at tiltaksprogrammet samt forvaltingsplanens samanfatting av tiltaksprogrammet skal innehalde ei oversikt over løyver til direkte utslepp i grunnvatn. Regionen bør difor inkludere følgjande setning i samanfattinga av tiltaksprogrammet i forvaltingsplanen og i tiltaksprogrammets delkapitel om dette for å tilfredsstille krava i vassforskrifta: «Det ikkje gjeve løyver til direkte utslepp til grunnvatn, verken i regionen eller nasjonalt».	Under utgreiing.
Tiltak mot biologiske påverknader	MD saknar tiltak mot regulering av fiske i sjø og vassdrag.	
Hydrologiske endringar	<p>MD påpeikar at tiltaksprogrammet må innehalde ei oversikt av aktuelle tiltak og forventa målsetjing for regulerte vassdrag og SMVF spesielt, i form av tabellar eller diagrammar. MD forventar at det vert lagt ned ein betydelig jobb for å betre denne delen. At verken malen for tiltaksprogrammet, eller malar for samanfattande tabellar er nytta, ser MD på som ein vesentlig mangel ved tiltaksprogrammet.</p> <p>Vidare påpeikar MD at det manglar utfyllande skildring av målsetjing, og mellom anna ei tydeleg prioritering av vassdrag og tiltak. Tiltaksprogrammet skal ikkje berre vere ein oppramsing av tenkelege tiltak, men derimot vere prioriterte og eventuelle unntak skal grunngjevast.</p> <p>For utvalde vassførekomstar i vassdrag i kategori 1.1 meiner MD at miljømålet bør vere GØP, i nokre tilfelle også svært god tilstand for fisk. I skånsame vassdragsreguleringar eller regulerte vassdrag med moderne miljøtilpassa tiltak kan standard miljømål oppnåast. MD forvaltar mange av dei anadrome vassdraga etter å kompensere for effekten av vassdragsreguleringar. Dette kan i nokre tilfelle tilseie svært god tilstand for fisk som kvalitets-element. MD ser det som nødvendig at bruk av tiltaksmetoden for å fastsette miljømål i regulerte vassdrag i større grad må tydeleggjerast.</p> <p>Sjå eksemplar av miljømål på vassdrag i Hordaland her.</p>	<p>Til vurdering.</p> <p>Miljømål vert reviderte i 2. gongs avgrensa høyring.</p>
Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining	Beredskap med omsyn til oljeforureining av sjøfugl bør inkluderast.	Til vurdering.
Førebyggjande tiltak for å	Pågåande og planlagde tiltak i nasjonale	Tiltak i verneområder (frå plan for vesent-

bevara verna områder	laksefjordar og vassdrag må skildrast her.	lege vassforvaltingsspørsmål) burde kan hende vore teke med.
Kostnadar og nytte	<p>Behov for betra kostnadsvurderingar. MD påpeikar at sjølv om det ikkje er mogleg å innhente kostnadsanslag for alle tiltak i denne planperioden bør identifiserte kostnadar i denne omgangen skildrast i tekst. Det bør diskuterast kva for typar kostnadar det er snakk om og kva som er kostnadsdrivande. Det bør også påpeikast kva som bidrar til uvisse og gjer at kostnadsanslag er fråverande eller usikre. Vidare er det relevant å synleggjere kor mange tiltak som framleis manglar kostnadsanslag. Det kan til dømes skiljast mellom tiltak med konkrete kostnadsanslag, tiltak med kvalitativ kostnadsvurdering, og tiltak utan kostnadsvurdering. I tillegg bør det gå fram kva som vil vertegjort for å betre kostnadsanslaga i neste planperiode.</p> <p>I motsetning til kostnadar, bør nytte vurderast på meir overordna nivå. Vassområder og Vassregionmyndigheita bør samanlikne nytte av forbetra vasskvalitet i til dømes ei elv eller eit vassdrag i forhold til kostnadane av heile tiltakspakka som betrar vasskvaliteten i den elva eller det vassdraget.</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil leggjast ved i den avgrensa 2. gongs høyringa i mai.</p> <p>Endring i kost/nyttevurderingar. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil forhåpentlegvis klargjere uvisse til kostnadar noko.</p>
Samfunnsøkonomi.	<p>MD påpeikar at det er nødvendig med ei samfunnsøkonomisk vurdering av føreslåtte tiltak, i den grad dette er mogeleg.</p> <p>Det bør òg seiast noko om kven som ber kostnadane av å gjennomføre tiltaka, og om dette slår skeivt ut i forhold til enkelte sektorar eller grupper. Sjølv om det føreligg få kostnadsanslag kan det til dømes opplysast om talet tiltak per sektor.</p> <p>MD er positiv til at den overordna problemstillinga om rekkefølgja av tiltak adresserast i tiltaksprogrammet. Denne vurderinga kan òg betrast ved å vise til konkrete tilfelle i regionen der desse kriteria er aktuelle.</p>	<p>Tiltaka i Tiltaksprogrammet skal vurderast av aktuell myndigheit med tanke på kost/nytte før dei gjennomførast.</p> <p>Forureinar betalar for dette.</p>
Landbruk	MD meiner det er behov for å stille strengare krav til lagring av husdyrgjødsel, auke lagerkapasiteten og vurderer om spreietidspunktet skal endrast. Dette er tema som direktoratet har til vurdering i revisjonsarbeidet.	Bra.
Handlingsprogram	Som del av regional plan skal det samtidig lagast eit handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtakast av regional planmyndigheit og rullerast årleg (etter plan- og bygningslova §8-1).	Handlingsprogram er laga og sendast på høyring samstundes med revidert plan.

	<p>MD vil nok gi eit oppdrag til vassregion-mynda om ESA rapportering på eit seinare tidspunkt (frist: 31.mars 2016), men det er fint om dette får plass i handlingsprogrammet som skal vedtakast saman med planen.</p> <p>Under «Forsuring av vatn og vassdrag» er det nemnd at kalkingsverksemda styrast av handlingsplan for kalking. Det bør og nemnast at revidert handlingsplan vil føreligge i 2015 og vil gjelde for perioden 2016-2021.</p>	<p>Takast til følgje.</p> <p>Takast til følgje.</p>
Overvaking	<p>MD saknar kostnadar for overvaking. Meininga var å estimere kostnadane med bruk av sjablongverdiar, slik at ein kunne få ei grov oversikt over kostandane og kunne samanlikne mellom vassområder og Vassregionar. NVE har i samarbeid med MD laga kart over eksisterande og planlagt overvaking på bakgrunn av tidlegare innsendte Excel-oversikter. Desse karta kan evt. takast inn etter høyringa.</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil leggjast ved i den avgrensa 2. gongs høyringa i mai.</p>
Tilråding:	<p>Innspelet er notert og har ført til endringar i planen (tiltaksprogrammet, kost/nyttevurderingar, utforming av planen).</p>	

NVE

Fråsegn ved: Siss-May Edvardsen, 22.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	<p>NVE ynskjer ei forenkla forvaltingsplan og tiltaksprogram med tabellar. Einsarta tabellar vert enklare tilgjengeleg når alle tiltak og miljømål er på plass i Vann-Nett.</p> <p>NVE ynskjer at det vert lagd eit oppsummerande notat, tabell/tekst/kart om kvar av dei regulerte vassdraga slik at det vert lettare å forstå for myndigheita og ålmenta kva som er føreslått av miljømål og tiltak, og kvar dette er, ev. som eit vedlegg til planen. Vann-Nett vert tilrettelagt for kopling av slike oversikter.</p> <p>Vassregionen sine prioriteringar med omsyn til vilkårsrevisjonar i regulerte vassdrag er ikkje i tråd med nasjonale føringar. Forslag til endra prioritering bør vurderast i lys av nasjonale føringar, og om mogleg grunnjevast nærare.</p>	<p>Omtalen av dei enkelte tiltaka fjernes frå forvaltningsplanen, og kjem bare i tiltaksprogrammet.</p> <p>Til vurdering.</p> <p>Vassregionmyndigheita bør gå i møte med regulantar om kost/nytte forhold. 1.2 vassdraga Bergsdalen, Eksingedalen og Teigdalen viser store miljøproblem og bør difor vere med.</p>
Miljømål	<p>Miljømålet for SMVF skal settast lik forventa effekt av samla realistiske tiltak. Tiltak med positiv kost/nytte-vurdering skal prioriterast og danne grunnlag for miljømål. Det skal fastsettast konkrete miljømål knytt til økologisk effekt av ev tiltak. Grunna avgrensa kunnskap og tid, anbefaler MD at det vert nytta ein noko forenkla metode for å sette miljømål i</p>	<p>Miljømål er eit av dei utbetra kapitla som kjem på 2. gongs høyring i mai.</p>

	<p>denne plan perioden.</p> <p>På bakgrunn av dette, og at det ikkje er konsistens i miljømålfastsettinga i dei ulike vassområda i vassregionen der desse er forsøkt satt, arbeider NVE og Fylkesmannen i Hordaland med konkretisering av miljømål for SMVF, der NVE er sektormyndigheit. På denne bakgrunn er det ynskje med ein ekstra høyringsrunde i etterkant av nasjonal høyring, for desse miljømåla.</p> <p>Miljødirektoratet har føreslått miljømålet Svært God Tilstand i alle nasjonale laksevasdrag. NVE er oppteken av at ein i regulerte nasjonale laksevasdrag vurderer realismen i dette individuelt, ut i frå kva ein kan oppnå ved kostnadseffektive tiltak.</p> <p>Mindre strenge miljømål (MSM) vil vere aktuelt å nytte etter vassforskrifta og i tråd med nasjonale føringar. Det gjeld der ein vassførekomst er tørrlagt heile eller delar av året, og der ein ikkje kan oppnå GØP. Miljømålet vert då dagens tilstand.</p> <p>Arbeid med grunnvatn har ikkje vorte prioritert i vassregionen, men grunna liten anslått påverknad reknar ein med god økologisk tilstand (GØT). Det er føreslått problemkartlegging i 4 grunnvassførekomstar. Det er nærliggande å føreslå utsetting av miljømål til 2027 for desse.</p>	<p>Ei avgrensa 2. gongs høyring vert sendt ut i perioden mai-juli 2015.</p> <p>Utsetting av miljømål skjer i samsvar med vassforskrifta §9.</p>
Utsett frist	Unntak i form av tidsutsetting og mindre strenge miljømål må kome fram.	Utsett frist er grunngeve der det er godkjent.
Tiltaksprogrammet	<p>NVE beklagar at dei ikkje hadde høve til å bidra i arbeidet med konkretisering av miljømål i tilstrekkeleg grad våren 2014. Både grunna manglande konkretisering av miljømål, og noko manglande kunnskapsgrunnlag, har det vore utfordrande å finne gode tiltak for vassførekomstar i risiko.</p> <p>Undersøkingar i form av tiltaksovervaking eller problemkartlegging bør prioriterast betre.</p> <p>NVE har ikkje eit eksklusivt ansvar for å føreslå tiltak innanfor eige ansvarsområde. NVE har, saman med delegerte myndigheiter etter vassdragsreguleringslova og vassressurslova, ansvar for å greie ut dei forslag som kjem fram. NVE skal òg gi premisser for fastsetting av miljømål. I dette arbeidet legg NVE til grunn nasjonale føringar dagsett 24.01.2014. Som</p>	<p>Konkretisering av miljømål kjem på avgrensa høyring i perioden mai-juli 2015.</p> <p>Einig. Handlingsprogrammet har forslag om problemkartlegging i mange regulerte vassdrag.</p>

	<p>følgje av desse bør planane vere varsame med tiltak som påverkar kraftproduksjon, utover dei vassdrag som er gjeve Kategori 1.1 i tidlegare nemnde Rapport 49/2013. Prioriteringar regionalt kan avvike frå nasjonale prioriteringar. Avvik frå nasjonale føringar bør grunnleggjast særskild, både når det gjeld konsesjonsgjevne anlegg som kan reviderast, anlegg med heimfall, og anlegg utan konsesjon der ein ynskjer å nytte innkalling til konsesjon etter vassressurslova §66.</p>	
Vann-Nett	<p>Føreslåtte miljømål og tiltak er i liten grad lagt inn i Vann-Nett. Etter kvart som alle forslag til tiltak vert lagt inn, vil tabellar verte einsarta og såleis enklare å lese for dei ulike sektorane.</p>	Vann-Nett vert oppdatert fortlaupande.
Overvakingsprogrammet	<p>NVE har ikkje sett detaljert på overvakingsprogrammet. NVE påpeikar at det saknar ei prioritering av problemkartlegginga som er foreslått, og i kva grad det er foreslått representativ overvaking. NVE har overvakingskrav gitt direkte i konsesjonsvilkår, i tillegg til hydrologiske pålegg med heimel i vilkåra. NVE har tidlegare vore førespurt oversikt over denne type data. NVE har no fått dei samanstilt og kan gi Fylkeskommunen ei oversikt om ynskjeleg.</p>	Vi set pris på meir tilgjengelege data.
Kost/nyttevurderingar	<p>NVE og Miljødirektoratet sin gjennomgang av vasskraftkonsesjonar der vilkåra kan reviderast innan 2022, har nytta ei overordna kost/nyttevurdering for å finne dei vasskraftkonsesjonane som har eit stort potensiale for betring av viktige miljøverdiar, der ein samstundes går ut frå lite eller moderat tap av kraftproduksjon. NVE meiner at det på dette stadiet ikkje er naudsynt med detaljert prissetting. I utgangspunktet betyr tiltak som går ut over kraftproduksjon høg kostnad, medan andre typar tiltak i regulerte vassdrag oftare kan ha positiv kost-nytte.</p> <p>Når det gjeld vassdrag der vilkårsrevisjon er eit juridisk verkemiddel fram mot 2022, er desse prioritert på nasjonalt nivå gjennom nasjonale føringar. Prioritering gjeld særleg med tanke på vassdrag der minstevassføring er aktuelt tiltak. Vassregion Hordaland har valt å foreslå minstevassføring i fleire vassdrag enn dei som er prioritert nasjonalt, og har samstundes nedprioritert eitt vassdrag. Det ligg føre særskilt grunngeving for denne prioriteringa. NVE ber Fylkeskommunen vurdere føreslåtte prioriteringar i lys av nasjonale føringar, før endeleg vedtak av plan.</p>	<p>Endring i kost/nyttevurderingar. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil forhåpentlegvis klargjere uvisse til kostnadar noko.</p> <p>Under utgreiing.</p>

	<p>Nytten for 2.1- og 2.2-vassdraga er delvis skildra i rapport 49/2013, men ytterlegare nytte vil krevje ei lokal skildring.</p> <p>Hordaland vassregion har føreslått bruk av vassressurslova §66 som juridisk verkemiddel, som gjeld innkalling til konsepsjonshandsaming, for eitt vassdrag. Grunngeving for innkalling bør synleggjerast, både med tanke på miljømål og aktuelle tiltak. NVE kan bidra med utrekning av samfunnskostnader på same måte som rapport 49/2013 (produksjonstap Q95 hovudvassdraget), om ynskjeleg.</p>	
Tilråding:	Innspelet er notert og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurderingar).	

Statens vegvesen

Fråsegn ved: Regine Benz, 10.12.2014.

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt til planutforming	<p>Arbeidet med overordna planar, arealplanar, kommunedelplanar eller temaplanar kunne fått større rom i planen. Det er ofte i slik overordna planarbeid der det vert lagd føringar for vårt aktivitetsnivå langt fram i tid.</p> <p>Våre strategiar for salting og vinterdrift av vegar kunne vorte nemnd.</p> <p>Vegvesenet føreslår at denne formuleringa vert teke med i planen under «vegtrafikk»: «<i>Ut i frå den kunnskapen vi har i dag, vurderer Statens vegvesen at den viktigaste påverknaden frå vegdrift i Hordaland er ureina overvatn frå veg i samband med utbygging og drift. Vidare skapar vegen vandringshinder for anadrom fisk i einskilde vassdrag. Dette gjeld i hovudsak mindre sjøaurevassdrag. På oppdra for Statens vegvesen Region vest har Norsk institutt for vannforskning (NIVA) gjort fleire kartleggingar langs ein del riks- og fylkesvegar i Hordaland i 2006, 2010 og 2012, sistnemnde med rapport «Vegforurensning av innsjøar og vandringsmuligheter for laksefisk ved vegkulverter i Hordaland 2012».</i> Problemkartlegginga er følgd opp i 2014 med kartlegging av kjemisk tilstand for 6 vegnære vassførekomstar i Bergen og Os» utført av COWI. Undersøkingane frå Hordaland viser at vegar med bar vegstrategi (veg som vert salta) skapar problem for einskilde vassførekomstar.»</p> <p>Vegvesenet påpeikar at rapporten er for overflatisk presentert og ynskjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Grundigare omtale av NORWAT: 	<p>Notert.</p> <p>Innspelet er notert.</p> <p>Til vurdering.</p> <p>Til vurdering.</p>

	<p>å legge til rette for et optimalt saltregime: så mykje salt som nødvendig for å ivareta framkjømd og trafikktryggleik med så lite salt som mogleg for å ta vare på miljøet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kost/nyttevurderingar. - Samfunnsøkonomiske effektvurderingar. - Kostnadsoverslag for tiltak. - Målkonfliktar: befolkningsauke versus utbygging i infrastruktur. - Kart over klimautfordringar i regionen. - Grunnvatnet: Kva veit vi så langt og ei grov skissering av vegen vidare. - Konkrete resultat i konklusjonen. - At planen viser til utfordringar i samferdsle som følgje av klimaendringane. - Presisering av vår rolle og ansvar: Statens vegvesen har eit sektoransvar, dei kan vere ansvarleg tiltakshavar, men dei har ikkje overordna myndigheit. - Ny aktivitet eller nye inngrep, jfr §12 burde omtalast grundigare. 	
Utbygging og bygganleggsfase	<p>Utbygging og bygganleggsfase manglar grundigare fråsegn. Dette er ein svært viktig fase med potensiell stor påverknad/forureining. Auka massetransport til ulike tider gjennom året kan gi auka tilslaming i elvar/bekkeløp. Ein del av denne utviklinga er planlegging/gjennomføring av Statens vegvesens store vegprosjekter. Statens vegvesen meiner dette skulle vore skildra, eller vist til i ein regional vassforvaltingsplan. Gjennomføring av store vegprosjekter med massetransport i direkte nærleik til vatn, kan ha stor påverknad til vassførekomstar no og i framtida og dermed høyrer det naturleg inn i ein slik plan.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Store samferdselsprosjekter langs vassførekomstar/sjøen, under vatn, utfyllingar i sjøen, massetransport, sprengingsarbeid o.l. kunne med fordel vore nemnt. Planen kunne vise til nokre utfordringar i bygg- anleggsfasen (YM- planer, siltgardiner, erosjon, e.l.) og utfordring i driftsfasen, som handtering av tunnelsvaskevatt og reinseanlegg. - Det kan med fordel visast til Nasjonal Transportplan (NTP) med planlagde framtidige vegprosjekt. - Planen kunne med fordel presisere i kor stor grad den er forpliktande/ juridisk bindande og om 	Takast til følgje.

	<p>den gir grunnlag for innvendingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Statens vegvesen støttar forslaget om ny gjennomgang av SMVF ved neste planperiode. - Kap. 11 i planen, «Omgrep og definisjonar», kan med fordel utvidast til å fanne om fleire ordforklaringar, forkortingar, som f.eks. Salt SMART (Strategi og styring, Miljøverknadar, Alternativ, Reduksjon og Tiltak) og NORWAT (Nordic Road Water) - Kap. 12 med referansar kan eventuelt utvidast med fleire tilvisingar, f.eks. enten ein generell tilvising til Statens vegvesens nettsider: www.vegvesen.no, vidare til Fag/ Miljø og omgivelser/ Forurensning/ Vann. 	
Nasjonal handlingsplan	<p>Statens vegvesen Region Vest støttar forslag om ein nasjonal handlingsplan som er fremma under pkt 8.4. Ein slik handlingsplan vil sikre at sektorane prioritetar innsatsen. Utan overordna føringar og avklaringar for sektorprioriteringane vert arbeidet for lite målretta på sikt.</p> <p>Det bør visast til den nasjonale handlingsplanen under punkt 3.6.7 «<i>Berge elvemuslingen i vassregionen</i>». Statens Vegvesen anbefalar ei kryssreferanse til oversiktskart og tabell «Bestandar med musling»</p>	<p>Ok.</p> <p>Ok.</p>
Miljømål	<p>Når det gjeld miljømål GØP for SMVF har Statens vegvesen spelt inn ynskje om at Liavatnet ved Lyderhorn (056-26706-L) i Bergen bør definerast som ein SMVF med mindre strenge miljømål (GØP). Dagens vassførekomst er omfattande fylt igjen og er kraftig endra i forhold til opphavleg naturtilstand (utfylling er her søkt om og godkjent av regionale miljømyn- digheiter Fylkesmannen, fleire gonger).</p>	<p>Til vurdering. Miljømåla for alle SMVF vert konkretisert i 2.gongs høyring.</p>
Tiltaksprogrammet	<p>Tabellane i tiltaksprogrammet kunne med fordel innehalde informasjon som gjer det mogleg for alle i målgruppa å finne fram til den rette staden. I praksis vil det bety å supplere med info: kommune, vatn- id, og vegtype og nummer.</p> <p>Ein meir einskapleg utforming/layout for problemomfang/tiltakslistar for dei enkelte vassområda vil gjere planen lettare å lese. Vidare er tabell «tiltak fordelt etter påverknadstype» s. 3, ikkje i samsvar med oppført «påverknadstype» i tiltakstabellane for dei enkelte vassområda.</p> <p>Side 49 manglar overskrift knytt til vass-</p>	<p>Tiltaksprogrammet vert omskrive. Til vurdering.</p> <p>Takast til følgje.</p> <p>Takast til følgje.</p>

	<p>område Vest. Elles kan «problemstabell» med fordel samordnast med «tiltakstabell» for å unngå gjentakning.</p> <p>Angående tiltakstabell (s. 67 -78), kan ordlyden under tiltaksfeltet i tabell endrast for vassførekomst 055-26962-L Eikelandsvatnet frå «overvaking» til «problemkartlegging».</p> <p>Statens vegvesen ber vidare om endring for tiltak 056-26772-L Sælevannet, 055-26719-L Frølandsvannet, 056-26581-L Liavatnet (gjengitt X2) og 056-144423-L Råtjørn, ved at ordlyden «sjå kommentarfelt» erstattast med «problemkartlegging».</p> <p>Tiltak i sjø 026010902-C Pollen i Sund kommune er elles oppgitt med feil «ansvarsmyndigheit». Tiltaket er knytt til fv. 555 der Fylkeskommunen er ansvarsmyndigheit (sistnemnde tiltak er ikkje fremma som tiltak frå SVV).</p> <p>Tiltaket «å utbetre vandringshinder /kulvert 052-141-R, Longvotnevatnet og Steinsdalselvi bekkefelt, samt 0052-20-R Kaldestadelvi og 052-81-R Vikelva» står oppført med feil i medhald av ansvar. Tiltaket er knytt til fv.7 der Fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit.</p>	<p>Takast til følge.</p> <p>Til vurdering.</p> <p>Vert retta opp.</p> <p>Takast til følge.</p>
Overvaking	<p>Framtidig overvaksingsregime vil gjere oss betre rusta i åra som kjem. Satens vegvesen ynskjer difor at dette kjem fram på ein meir dynamisk og meir målretta måte ved å ta omsyn til dei vassfaglege og saltbruksmessige erfaringane dei gjer undervegs, gjennom prosjekt som NORWAT og tidlegare SaltSMART.</p> <p>Utval av innsjøar vil verte gjort etter fagleg vurdering og i samsvar med sannsyn for påverknad. I tillegg fortset undersøkingar i forkant av driftskontraktrullingane.</p> <p>Statens vegvesen ynskjer å merke at kostnadane til tiltaksovervaking og problemkartlegging er usikre. Statens vegvesen har gjennomført grunnleggande kartleggingsrunde fram til 2014 på basis av fleire faktorar som tidlegare undersøkingar, trafikkmengde, avstand til veg.</p>	<p>Til vurdering.</p> <p>Einig.</p> <p>Til orientering. Endring i kost/nyttevurderingar. Ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering vil forhåpentlegvis klargjere uvisse til kostnadar noko.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert og har ført til endringar i planen (kost/nyttevurdering).	

4.5 Privatpersonar

1 privatperson har gitt skriftlege innspel i høyringsperioden.

Reidar Staalesen

Fråsegn omhandla: Apeltunvassdraget i Bergen, 31.12.2014

Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generelt	Gjennom prosjektet "Apeltunvassdraget - en perle i Bergen" kan god miljøtilstand nåast her innan 2021. Prosjektet fokuserer på løysingar for ei rekke typiske miljøproblem, til dømes forureining, vandringsbarrierar, kanalisering, bekkelukking og privat-offentlig samarbeid inkludert forskning og skule. Prosjektet er ikkje nemnd i høyringsdokumenta men bør vere med.	Til vurdering.
Tiltak	<p>Skal målsettinga nås (god miljøtilstand innan 2021) bør vassforskriftas leiare og eksisterande kunnskap systematisk leggst til grunn for å velje ut og å dimensjonere tiltak. For Sælenvassdraget og Fjøsangervassdraget betyr det til dømes at meir enn 50% av lukka elvestrekningar må opnas og restaureras dersom målet skal nåast. For Nesstunvassdraget og Haukåsvassdraget betyr det m.a. at fiskepassasjar må byggast og demningar må fjernast. Desse tiltaka er enten ikkje nemnd i høyringsdokumenta eller berre delvis skissert i eit uvisst omfang.</p> <p>I Fjøsanger kan eventuelt SMFV-status òg vurderast men dette bør i så fall eksplisitt handterast og grunngjevast. Tiltaka slik dei no er formulert i høyringsdokumenta vil mest sannsynleg ikkje vere tilstrekkeleg for å nå målsettinga etter dagens biologiske kriterier. Og som i pilotfasen rundt Nordåsvatnet 2010-2015 vil det difor vere ein stor fare for at målsettingane ikkje nåast innan fristen - sjølv om alle tiltaka i planen realiserast.</p>	<p>Til vurdering.</p> <p>Til vurdering.</p>
Tilråding:	Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen.	

5. Adressatar for høringa

Aktieselskabet Saudefaldene	Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga
Aktieselskabet Tyssefaldene	Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga
Askøy Energi AS	Granvin kommune
Askøy kommune	Gulen kommune
Aurland kommune	Hardanger Vekst as
Austevoll kommune	Hardangerrådet
Austevoll Kraftlag BA	Haugaland Kraft AS
Austrheim kommune	Haugesund kommune
Avinor, Bergen lufthavn	Haugesund turistforening
Bergen Arkitektforening	Havforskningsinstituttet
Bergen Arkitektskole	HOG Energi
Bergen kommune	Hordaland 4H
Bergen Næringsråd	Hordaland barne- og ungdomsråd
Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
Bergen og omland havnevesen	Hordaland Bondelag
Bergen Reiselivslag	Hordaland grunneigar- og sjølaksefiskarlag
Bergen Turlag	Hordaland Idrettskrets
BIR	Hordaland Reiseliv
Björgvin bispedømme	Høyanger kommune
BKK	Indre Hardanger Kraftlag
Boliden Odda AS	Indre Hordaland Miljøverk
Business Region Bergen	Innovasjon Norge, Hordaland
Buskerud fylkeskommune	Jernbaneverket, Region Vest
Bømlo kommune	Jondal Energiverk KF
Christian Michelsen Institutt (CMI)	Jondal kommune
Direktoratet for naturforvaltning	Karmsund havnevesen
Eidesvik Offshore ASA	Klif
Eidfjord kommune	Kongelig Norsk Båtforbund, Region Vest
Elkem Bjølvefossen	Kraftkarane AS
Energi Norge	KS Hordaland
Energibedriftenes landsforening	Kvam kommune
Entra Eiendom Region Vestlandet	Kvam Kraftverk AS
Etne Elektrisitetsslag	Kvinnherad Energi AS
Etne kommune	Kvinnherad kommune
Fedje kommune	Kystverket Vest
FHL-havbruk region Sør-Vest Norge	Lindås kommune
Finnås Kraftlag	LOs distriktskontor i Hordaland
Fiskarlaget Vest	Masfjorden kommune
Fiskeridirektoratet	Mattilsynet Regionkontor for Hordaland og
Fitjar kommune	Sogn og Fjordane
Fitjar Kraftlag BA	Meland kommune
Fjelberg Kraftlag	Miljøstiftelsen Bellona
Fjell kommune	Modalen kommune
Fjellkraft AS	Modalen Kraftlag BA
Fjord Noreg AS	Natur og Ungdom - Vestlandet krins
FNF (Forum for natur og friluftsliv i) Hordaland	Naturvernforbundet Hordaland
Forbrukerrådet i Bergen	Nesttunvassdragets venner
Forsvarsbygg	NGIR
Fortidsminneforeningen i Bergen og Hordaland	NHO Hordaland
FRIFO Friluftslivets fellesorganisasjon	NHO-Reiseliv, region Vest-Norge
Friluftsrådet Vest	NIVA, Vestlandsavdelinga
Fusa kommune	Nordhordland Reiseliv
Fusa Kraftlag	

Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd
 Norges forskningsråd v/Regional representant
 for Hordaland
 Norges Jeger- og Fiskeforbund, Hordaland
 Norges Miljøvernforbund
 Norges Rederiforbund
 Norges Skogeierforbund
 Norges Småkraftverk AS
 Norsk Botanisk Forening, Vestlandsavd.
 Norsk Grønnkraft AS
 Norsk Ornitologisk Forening, Hordaland
 Norsk Vann
 Norsk Vannforening - Vest
 Norsk Zoologisk Forening
 Norske lakseelver
 NVE Region Vest
 Odda Energi AS
 Odda kommune
 Os kommune
 Osterfjord Næringssamarbeid
 Osterfjord Reiselivslag
 Osterøy kommune
 Radøy kommune
 Regionrådet Bergensregionen
 Regionrådet for Nordhordland IKS
 Reiselivsbedriftenes Landsforening Vestlandet
 Reismål Hardangerfjord
 Rogaland bondelag
 Rogaland fylkeskommune
 SABIMA
 Samarbeidsrådet for Sunnhordland
 Samnanger kommune
 Skånevik Ølen Kraftlag
 Småkraft AS
 Småkraftforeninga
 Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Statens vegvesen Region Vest
 Statkraft SF Region Vest-Norge
 Statnett
 Statoil Kollsnes
 Statoil Mongstad
 Statskog SF
 Stord kommune
 Sund kommune
 Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS
 Sunnhordland Kraftlag AS
 Sveio kommune
 Sør-Norge Aluminium AS
 Telemark fylkeskommune
 Tinfos Titan & Iron AS
 Tysnes kommune
 Tysnes Kraftlag
 Ullensvang kommune
 Ulvik kommune
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Bergen, Institutt for biologi

Vaksdal kommune
 Vassregionmyndigheita for Vest-Viken v/ Bus-
 kerud fylkeskommune
 Vestnorsk Havbrukslag
 Vestskog BA
 Vik kommune
 Vindafjord kommune
 Voss Energi AS
 Voss kommune
 Øygarden kommune
 WWF Verdens Naturfond